



Møteinnkalling

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	28.08.2023
Tid:	09:00

Møteplan:

- Kl. 09.00 – 09.45 Kvam Energi AS orienterer om den økonomiske situasjonen mv.
Kl. 09.45 – 10.45 Rådmannen orienterer om:
- Korleis Kvam herad utfører oppfølging av heradet sine eigarinteresser i selskap
 - Klage frå Øystese Grendautval
 - Oppfølging av revisjonsrapport nr. 15 for 2022 frå Deloitte AS
- Kl. 10.45 - Sakshandsaming

Ramune Paulauskiene (SP) har av heradsstyret fått innvilga permisjon/fritak frå vervet i kontrollutvalet og Ingunn Karin Torvik (SP) skal møte som vara i staden.

Dersom nokon andre av medlemmene må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som mogleg ved å ringe til Roald Breistein tlf. 97 50 51 52 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at andre varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Gjermund Stuve
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 7/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 05.06.2023	2022/191	
Politiske saker			
PS 24/23	Kvam Energi AS orienterer	2023/378	
PS 25/23	Rådmannen orienterer om Kvam herad si oppfølging av eigarinteresser	2022/188	
PS 26/23	Øystese Grendautval - Klage	2022/195	
PS 27/23	Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 15. for 2022 frå Deloitte	2022/181	
PS 28/23	Deloitte presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll 2023 for Kvam herad	2022/181	
PS 29/23	Budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2024	2022/177	
PS 30/23	Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Status i arbeidet ved Deloitte	2023/377	
PS 31/23	Gjennomgang av møteprotokollar	2022/184	
PS 32/23	Eventuelt	2022/192	
Referat saker			
RS 12/23	FKT Medlemsinfo juni 2023	2022/176	
RS 13/23	Valg og opplæring av kontrollutvalg for perioden 2023–2027	2022/176	
RS 14/23	Vedtak HST 20.06.23 - 1. tertialrapport 2023	2022/181	
RS 15/23	Vedtak HST 20.06.23 - Eigarstrategiar 2023-2024	2022/188	
RS 16/23	Vedtak HST 20.06.23 - Permisjon frå verv. Kvam kontrollutval	2022/258	
RS 17/23	Vedtak HST 20.06.23 - Tilstandsrapport for grunnskulen i Kvam 2023	2022/241	
RS 18/23	Reglement for kontrollutvalet for valperioden 2023 - 2027	2022/258	

GK 7/23 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2022/191-30
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	8/23	28.08.2023

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 05.06.2023

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 05.06.2023 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet i Kvam herad 05.06.2023.pdf

**Møteprotokoll**

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	05.06.2023
Tid:	09:00 - 10:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gjermund Stuve	Leiar	SP
Michael Iversen	Nestleiar	AP
Frank Jacobsen	Medlem	FRP
Håvard Gjerde	Medlem	R

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ramune Paulauskiene	Medlem	SP

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ingunn Karin Torvik	Ramune Paulauskiene	SP

Andre som møtte**Namn Stilling**

Espen Ringkjøb Stokke	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Roald Breistein	Seniorrådgjevar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fk

Gjermund Stuve
utvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 5/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 26.04.2023	2022/191	
Politiske saker			
PS 19/23	Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Forslag til prosjektplan	2023/377	
PS 20/23	Kurs i regi av Deloitte hausten 2023	2022/252	
PS 21/23	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk	2022/182	
PS 22/23	Gjennomgang av møteprotokollar	2022/184	
PS 23/23	Eventuelt	2022/192	
Referat saker			
RS 8/23	Sak 39-23 i HST 16.05.23 - Årsmelding og årsrekneskap	2022/181	
RS 9/23	Sak 40-23 i HST 16.05.23 - Etske retningslinjer for folkevalde i Kvam herad	2023/342	
RS 10/23	Sak 44-23 - HST 16.05.23 - Ekstern revisor ny konkurranse	2023/359	
RS 11/23	Sak 45-23 - HST 16.05.23 - KU si rolle i varslingsaker	2023/362	

GK 5/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 05.06.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Leiar i kontrollutvalet og sekretariatet mottok 04.06.2023 kl. 20.06 e-post frå rådmannen der ho har kommentarar til 2 av sakene til møte i kontrollutvalet i Kvam herad 05.06.2023. E-posten vart vidaresend til resten av utvalet og Deloitte like før møtestart.

Sekretariatet ba om ordet og innleia med å vera formell i høve rådmannen si rolle overfor kontrollutvalet. Sekretariatet gjorde greie for at rådmannen er saksførebuaende instans overfor heradsstyret, formannskapet, miljø, plan og bygningsutval mv. Når det gjeld kontrollutvalet er det sekretariat for kontrollutvalet som er saksførebuaende instans. Difor meiner sekretariatet at det ikkje er greit av rådmannen å sende e-posten omtalt ovanfor. Det er uvanleg at ein rådmann prøver å påverke kontrollutvalet si saksbehandling. Vidare gav sekretariatet uttrykk for at rådmannen ikkje har møte eller talerett i møta i kontrollutvalet, noko som også betyr at ho skal ta plass på tilhøyrar plass. I saker der ho er invitert inn i møtet for å orientere er det sjølvstendig i orden at ho er deltakar på dei aktuelle sakene.

Kontrollutvalet slutta seg til dette.

Det framkom elles ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 6/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 26.04.2023

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 26.04.2023 vert godkjent.

Saksprotokoll 05.06.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet i Kvam herad 26.04.2023 vart samrøystes vedteke.

PS 19/23 Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 19.06.2023.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Kvam heradsstyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.01.2024, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll 05.06.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Espen Ringkjøb Stokke, presenterte forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om dette:

- Spørsmål 2 g) må presiserast i høve innspel i møtet.
- Det er ønskeleg med eit intervju frå skular/barnehagar i kvar bygd, til saman 5.
- At Deloitte legg inn ei brei spørjeundersøking som omfattar skular, sjukeheimar, barnehagar mv.

Kontrollutvalet gjev kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne korrigerert prosjektplan.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 19.06.2023.
3. Kontrollutvalet gjev kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne korrigerert prosjektplan
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.01.2024, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 20/23 Kurs i regi av Deloitte hausten 2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan i samband med møte i kontrollutvalet
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

Saksprotokoll 05.06.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om at utvalet i ny valperiode får kurs nr. kurs nr. 8 «Roller, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet» i sitt første møte som skal heldast 27.11.2023.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs nr. 8 innan "Roller, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet» i samband med møte i kontrollutvalet 27.11.23.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

PS 21/23 Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at vedtakspunkta 1, 2 og 3 er ferdig gjennomført og tar handlingsplanen frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk i Kvam herad så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen for punkta 4 og 5 til møte i utvalet 27.11.2023.
3. Dersom forbetningsarbeidet på desse 2 punkta ikkje er ferdig gjennomført innan denne fristen vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at det i svaret vert antyda tidspunkt for når arbeidet skal vera fullført.
4. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 06.11.2023.

Saksprotokoll 05.06.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om å endre fristen for levering av ny status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til første møte i 2024, med frist for levering til sekretariatet innan 30.01.2024.

Med denne endringa i punkt 2 og 4 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at vedtakspunkta 1, 2 og 3 er ferdig gjennomført og tar handlingsplanen frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk i Kvam herad så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen for punkta 4 og 5 til første møte i utvalet i 2024.
3. Dersom forbetningsarbeidet på desse 2 punkta ikkje er ferdig gjennomført innan denne fristen ber kontrollutvalet om at det i svaret vert antyda tidspunkt for når arbeidet skal vera fullført.
4. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 30.01.2024.

PS 22/23 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Saksprotokoll 05.06.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

PS 23/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 05.06.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Gjermund Stuve (SP) tok opp om kontrollutvalet kan be Kvam Energi AS om å komme i møte i september for å orientere.

Kontrollutvalet slutta seg til dette og etter felles diskusjon vart det semje om å be dagleg leiar og/eller styreleiar i Kvam Energi AS om å komme i møte i kontrollutvalet 28.08.2023 for å orientere om følgjande:

1. Status når det gjeld den økonomiske situasjonen i selskapet, med særleg fokus på fastprisavtalene.

2. Ei innføring i korleis systemet med fastprisavtalar fungerer, t.d. i høve innleigde konsulentar.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet ber dagleg leiar og/eller styreleiar i Kvam Energi AS om å komme i møte i kontrollutvalet 28.08.2023 for å orientere om følgjande:

1. Status når det gjeld den økonomiske situasjonen i selskapet, med særleg fokus på fastprisavtalene.
2. Ei innføring i korleis systemet med fastprisavtalar fungerer, t.d. i høve innleigde konsulentar.

RS 8/23 Sak 39-23 i HST 16.05.23 - Årsmelding og årsrekneskap

Saksprotokoll 05.06.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 9/23 Sak 40-23 i HST 16.05.23 - Etske retningslinjer for folkevalde i Kvam herad

Saksprotokoll 05.06.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 10/23 Sak 44-23 - HST 16.05.23 - Ekstern revisor ny konkurranse

Saksprotokoll 05.06.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 11/23 Sak 45-23 - HST 16.05.23 - KU si rolle i varslingsaker

Saksprotokoll 05.06.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/378-2
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	24/23	28.08.2023

Kvam Energi AS orienterer

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal får orientering frå Kvam Energi AS om den økonomisk situasjonen i selskapet med særleg fokus på fastprisavtalane.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Kvam herad gjorde slikt vedtak i sak PS 23/23 i møte 05.06.2023:

«Kontrollutvalet ber dagleg leiar og/eller styreleiar i Kvam Energi AS om å komme i møte i kontrollutvalet 28.08.2023 for å orientere om følgjande:

1. Status når det gjeld den økonomiske situasjonen i selskapet, med særleg fokus på fastprisavtalene.
2. Ei innføring i korleis systemet med fastprisavtalar fungerer, t.d. i høve innleigde konsulentar.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Heimelen for å be om denne informasjonen går fram av kommunelova § 23-6 «Innsyn og undersøkelser i selskaper ol.» som lyd slik:

«Kontrollutvalget kan kreve de opplysningene som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll, fra

- a) interkommunale selskaper etter IKS-loven
- b) interkommunale politiske råd
- c) kommunale oppgavefellesskap
- d) aksjeselskap der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer.

Opplysningene etter første ledd kan kreves fra virksomhetens daglige leder, styret og den valgte revisoren for selskapet.

Kontrollutvalget kan foreta undersøkelser i virksomheten hvis det er nødvendig.

Kommunestyret og fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper som er nevnt i første ledd, og om hvilke dokumenter mv. som skal sendes til kontrollutvalget.

Kontrollutvalget skal varsles om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende organer og har rett til å være til stede i disse møtene.

Kontrollutvalgets innsynsrett og rett til å foreta undersøkelser etter første og andre ledd gjelder på tilsvarende måte overfor andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen. Innsynet og undersøkelsene skal imidlertid bare omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.»

Det er gjort avtale om at dagleg leiar, Arne Tillung, og styreleiar, Gunnar Skeie, i Kvam Energi AS kjem i dette møtet for å orientere om saka.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet, på bakgrunn av informasjonen som kjem fram i møtet, drøftar seg fram til ein konklusjon.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/188-3
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	25/23	28.08.2023

Rådmannen orienterer om Kvam herad si oppfølging av eigarinteresser

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at rådmannen skal orientere kontrollutvalet om korleis Kvam herad utfører oppfølging av heradet sine eigarinteresser i selskap.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Kvam herad gjorde slikt vedtak i sak PS 14/23 i møte 26.04.2023:

«Kontrollutvalet ber rådmannen komme i møte 28.08.2023 for å orientere om korleis Kvam herad utfører oppfølging av heradet sine eigarinteresser i selskap, jf. m.a. kommunelova kapittel 26.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Heimelen for å be om denne informasjonen går fram av kommunelova § 23-2 «Kontrollutvalgets ansvar og myndighet» punkt d som lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at

- d. det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)»

Det er gjort avtale med rådmannen om at ho kjem i dette møtet for å orientere om saka.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet, på bakgrunn av informasjonen som kjem fram i møtet, drøftar seg fram til ein konklusjon.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/195-34
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	26/23	28.08.2023

Øystese Grendautval - Klage

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det er motteke klage på sak PS 1/22 Henvending frå Øystese Grendautval som vart handsama i kontrollutvalet i Kvam herad 21.02.2022. Føremålet med denne saka er at rådmannen skal orientere om sitt syn på saka og at kontrollutvalet skal ta stilling til om dei vil gjera noko meir med den eller ikkje.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kontrollutvalet brev.docx
- 2 Henvending frå Øystese Grendautval-r
- 3 Purring brev heradet.odt
- 4 Svar på brev datert 13.10.21.pdf
- 5 Svar på klage frå Øystese Grendautval, jf. e-post datert 3.7.2023
- 6 Svar på søknad om tomtekjøp, Stronde(694794).pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vi har motteke brev frå Øystese Grendautval dagsett 26.06.2023 der det vert klaga på sak om friluftsområdet på Stronde i Øystese, gnr.44 bnr.14. gjeldane flytting av linje mellom regulert til friluftsområde og regulert til bustad, jf. vedlegg 1.

Saka vart behandla i møte i kontrollutvalet 21.02.2022 i sak PS 1/22 der dette vart protokollert:

Behandling i møte

Leiar i kontrollutvalet orienterte om at han hadde fått kopi av e-post med fleire nye spørsmål frå Øystese grendautval. Dette var send til m.a. ordførar og postmottak i Kvam herad. Rådmann var ikkje kjend med spørsmåla så dei vart munnleg referert i møte.

Einingsleiar plan og byggesak, Heidi E. Ørjansen, og rådmann, Anita Hesthamar, var til stades i møte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Dei svarte også ut dei nye spørsmåla frå grendautvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering og seier seg ferdig med saka.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhente informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I saksframlegget til møte i kontrollutvalet 21.02.2022 gjekk dette fram:

Brevet frå Øystese grendautval dagsett 13.10.2021 og puring dagsett 30.01.2022 ligg ved som vedlegg 1 og 2. Vi har også motteke kopi av svar frå rådmannen til Øystese grendautval dagsett 09.02.2022, vedlegg 3.

Sekretariatet registrerer at det gjekk nesten 4 månader før heradet svarte grendautvalet. Det er også avtalt med rådmannen at ho vi vera til stades i møte for å svare på eventuelle spørsmål frå kontrollutvalet.

Slik sekretariatet ser det er ikkje dette ei sak som kontrollutvalet bør involvere seg meir i. Dersom det ikkje kjem fram andre vesentlege opplysningar i møte bør kontrollutvalet ta informasjonen til orientering og seie seg ferdig med saka.

Desse tre vedlegga ligg ved som vedlegg 2 – 4 til denne saka.

I samråd med leiar i kontrollutvalet svarte sekretariatet Øystese Grendautval 03.07.2023 slik på klagen dagsett 26.06.2023:

«Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av kontrollutvalet i Kvam herad motteke klagen din. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsender(-ar).

Klagen vert lagt fram som sak i møte i kontrollutvalet 28.08.2023. I same møte vert rådmannen utforda på å svara ut innhaldet i klagen.

Utan at vi har vurdert henvendinga di, vil vi på generelt grunnlag seie at det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som m.a. gjeld enkeltsaker, klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som heradsstyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904>. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det henvendinga tek opp.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvender seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil difor ikkje vera klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Du vil etter behandlinga i kontrollutvalet verta orientert om vedtaket, men som det går fram over vil du ikkje ha klagerett på vedtaket.»

Same dag sende sekretariatet slik e-post til rådmannen i Kvam herad:

«Vi viser til vedlagte brev frå Øystese Grendautval.

Dette vert lagt fram som sak i møte i kontrollutvalet 28.08.2023. Det er også ønskjeleg at rådmannen svarer ut klagen skriftleg. Det er vidare ønskjeleg at rådmannen kjem i møte for å orientere munnleg om sitt syn på saka.

Vi ber om at det skriftlege svaret på klagen vert send hit **seinast innan 15.08.2023** slik at det kan sendast ut saman med møteinnkallinga til møte i kontrollutvalet. «

Skriftleg svar frå rådmannen ligg ved som vedlegg 5 og 6. Det er også avtalt at rådmannen kjem i dette møtet for å orientere munnleg om sitt syn på saka.

Konklusjon

På bakgrunn av det som kjem fram i den skriftlege og munnlege informasjonen frå rådmannen i møte vert det tilrådd at kontrollutvalet diskuterer seg fram til om dei vil gjera noko meir med saka eller ikkje.

Øystese Grendautval
Hardangerfjordvegen 704
5610 ØYSTESE

26.06.2023

Kontrollutvalet, Kvam herad v/leiar Gjermund Stuve
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

KLAGE

Klagen gjeld friluftsområdet på Stronde i Øystese, gnr.44 bnr.14. Øystese Grendautval hadde ei sak i utvalet der flytting av linje mellom regulert til friluftsområde og regulert til bustad vart teke opp. Saka vart forklart av Rådmann og Plansjef om at dette var på grunn av store teikningar og grove utførslar at fargen flaut utover. Dette aksepterte kontrollutvalet som svar.

Me har vore i kontakt med Statsforvaltaren som har med areal å gjere, svaret derifrå er at det var teknisk umogeleg at fargane flaut over grensa. Han lurte også på om byggjeløyve inn til friluftsområdet. Dette er noko politikarane må ordne opp i sa han.

Øystese Grendautval ber om at det vert lagt til eit skriv, der feilen mellom friluftsområdet og merka areal til bustad vert retta opp på kommunedelplan areal.

Med venleg helsing
Øystese Grendautval
v/ leiar Kristi Opsanger

Kopi:
Ordførar, Torgeir Næss
Roald Breistein, sekretær kontrollutvalet
Svein Johannes Stuve, politisk kontakt

Øystese Grendautval
v/Kristi Opsanger
5610 Øystese

13.10.2021

Ordfører Torgeir Næss
Kontrollutvalet v/ Gjermund Stuve
Stadsforvalteren, Planavdelingen Arealforvaltning, v/ Fredrik Arnesen

ØGU hadde 08.09.2021 informasjonsmøte med Ordfører og Rådmann, dei yngste å få alle hendvendingar skriftleg på sin mail, det resulterer i dette skrivet.

BADEFLÅTE 44/2 OG GAMLE STUPEN 44/14 I ØYSTESE

Saka starta før søknad om kulturmidlar skulle sendast, 01.03.2019

Øystese Grendautval (ØGU) yngste å satse på Badeflåte, utanfor Øystese parken og rekonstruksjon av Gamle Stupen, tiltaka er mest retta mot barn og unge. Gamle Stupen kunne no få ein trafikk trygg tilkomst via Stronde utvikling AS si utbygging, forbi den nye kommunale Knutafjæro, med universal utforming. Vegen vart starta på som eit rekkefølgekrav frå kommunen.

Etter førespurnad til kulturkontoret fekk me opplyst at ØGU måtte ha løyve til tiltak på kommunen sin eigedom.

ØGU ringte Plansjefen mange gonger før søknadsfrist 01.03.2019, fekk til slutt beskjed om å sende søknaden så skulle papira komme.

Fekk raskt svar frå kulturkontoret (som alltid!) at søknaden ikkje kunne handsamast før ØGU hadde papir på avtale om tiltak på kommunal eigedom. Plansjefen vart purra om papira med jamne mellomrom, 28.05 opplyste ØGU at no måtte det meldast til politikarene at Planavdelinga ikkje hadde kapasitet til å svare, det er gått ca. 4mnd. mail neste dag frå Plansjefen, at dei hadde funne ut av dette, (vedlegg 1). Avtale om tiltak på kommunal eigedom signert 06.06.2019, (vedlegg 2 og 3). Kulturkontoret behandla det raskt og løyve om pengar kom 10.06.2019 (kr 24 000,- og kr 26 000,- til flåte og stup).

Som frivillig har det gått med svært mange timar, særleg når det tar om lag 4 månadar å få papir frå planavdeling i kommunen.

Det var for seint å tinga badeflåte, fabrikkane gjekk mot fellesferie og ein skulle få til transport avtale og utlegging, dei frivillige tok og ferie.

Det vart derfor satsa på å hogga skogen som dekkja heile Friområde på Stronde, før ferien. Avtale med Heradsgartnar Drage var og på plass. Dette vart eit svært omfattande arbeid der det og var leid inn maskiner og mann. Kvam herad, køyrde bort ein del pas som var lagt opp til vegen, etter avtale.

Etter ferien arbeide styre i ØGU vidare med korleis dette skulle løysast. Det var semje om å spørja Kulturkontoret om bruka alle pengane som var løyvt til ein stødigare og sikrare badeflåte, knappe 9 tonn, som kan liggja ute på vinteren. Badeflåte til kr 50 000,- frå Tysnes vart løysninga og kulturkontoret svara JA!

Avtale med produsent på Tysnes vart inngått og avtale om gratis lagring til utpå vinteren. Det vart inngått forhandlingar med transport firma Jan Mo, og henting som returfrakt og utsetting frå kaien med kranbil, gav ein svært god pris. Plassering på rett plass var avtalt med NES, VVS Kvam herad. Lingalaks, stilte med kranbåt og personale, gratis dugnad.

Badeflåten kom på plass laurdag 13.06.2020, 1 år forsinka, og svært mange dugnadstimar ekstra.

Kultursøknad for søknadsåret 2020

Søknad om kulturmidlar til ferdigstilling av flåte: transport kostnader frå Tysnes, utlegging, stegar og dekke/matte, som ØGU fekk fullført, 13.06.2020.

ØGU forsette arbeidet med Stupen og Friområdet på Stronda, utan kulturmidlar.

ØGU fekk i ettertid svært mykje press at det burde komme stupetårn på badeflåten (vedlegg 4 og 5) og at ein burde gå bort frå rekonstruksjon av Gamle Stupen.

Kva skal ein då nytte Friområdet til? Refererer frå løyve til tiltak på kommunal grunn av 06.06.2019: «*Kvam herad eig grunnen på gnr. 44, bnr. 14 i Kvam, delvis i regulert område som offentlig park med plannr. 19550002 ellers friområde i kommunaldelplan areal (sjå vedlegg 3).*

ØGU fortsette arbeidet med Gamle Stupen, og såg det var svært viktig med universal løysning, det vil gje trafikktrygg- og universal veg frå Øysteseelva, rundt hotellet og framfor Hardangerbadet, vidare framfor Øysteseparken, over kaiområdet og opp Postbrekka. Den er det einaste som er litt motbakke, men det vert betra på Sentrumsplanen, har me forhøyr oss om. Framfor dei nye leilegheitsbygga, der det er veg med tilgjenge for ålmenta, forbi Knutafjøro, der veg var rekkefølge krav til Stronde utvikling AS frå KH. Då er det 101m att til Gamle Stupen, som må verta universal. Det er då trafikktrygt heile strekninga frå Øystese elva til Friområdet.

ØGU ringte, 09.10.2020 Jon Nedkvitne for å drøfte vegløysinga. I løyvet som ØGU fekk 06.06.2019 for 30 år, er veg teikna inn oppe i terrenget, men vegen må liggja lenger nede for å få den universal og mest mogleg tilgjengeleg for alle, som det står i løyve, (sjå vedlegg 3).

Jon Nedkvitne spør om dette ikkje vert svært nær nabo? Legg ein på målestokk er det ca 20 meter frå husvegg, 4 meter som tilhøyrar nabo eigedom, vert dette 16 meter frå grensa til

Gamel Stupen sitt gamle fundament, rett tall er 18,7m. Plansjefen sa til ØGU at ved å rekonstruere stupen på gamle fundament kunne ein forhalda seg til gamalt lovverk.

ØGU spurte kva dette hadde med nabogrensa å gjera? Friområdet var regulert til friområde i 1955, og då nabo søkte om å få kjøpe tilleggsjord av friområdet (ref.16/2598-2/N – 135, TYPE – H, GBNR – 044/0014, GBNR – 044/0267/TRUBUE,(vedlegg 6), nest siste avsnitt: *«Eigedommen ligg i eit område i Øystese der det er ein del aktivitet ang. veg, utfylling osv. Omsøkt areal er sentrumsnært og grensar til sjø. I enden av friområdet mot Øystese har grendautvalet fått løyve til hogging og rydding for å ta området meir i bruk for ålmenta. Kvam herad vurderer området til å ha store kvaliteter for ålmenta. Det er derfor ikkje ønskelig å selja deler av friområdet», brev av 14.11.2016*

ØGU ringte 09.10. til Stein Rykkje FDV (Forvaltning – Drift – Vedlikehald) som skriv løyve om tiltak på kommunal eigedom. Spørsmålet var, må løyve til tiltak på KH eigedom frå 06.06.2019 justerast (sjå vedlegg 3)? Forhøyrde oss om veg frå Knutafjør, som er kommunal, til Stupen og forklarte at den måtte leggjast lengre ned for å få den universal og tilgjengeleg for alle. Veg frå eigedoms grensa til Stronde utvikling AS og forbi Knutafjøro er rekkefølge krav frå KH som Stronde utvikling AS har oppfylt.

ØGU fekk då presentert at Stupen burde flyttast mot Øystese og at det ville gi ein kortare og billigare veg, me burde kontakte Utespesialisten som hadde ei lita og enkel maskin som kunne utføre arbeidet. Me trong ikkje bruke Kjosås Maskin med store maskiner. Kvam herad gav i 2020 avslag på kulturmidlar til Stupen, så det med økonomi må ØGU ordna sjølve. ØGU forklarte då også at Plansjefen hadde sagt at den best løysninga var å rekonstruere, ifølge lovverk.

Stein Rykkje sa då : **Alt kan endrast.** ØGU svara då, dette må me skrive ned, følte at her er det mykje som ikkje stemmer og dette kjennes lite truverdig!!

ØGU ringte igjen Stein Rykkje, på føremiddagen den 22.10.2020, og sa at ØGU yngste eit møte med han. Han ordna møte same dag kl 13 00 og foreslo at Jon Nedkvitne og Heidi E. Ørjansen skulle vere med. Det er fyrste gong me opplever møte same dag, det kan ta veker å få rette vedkommande i tale på telefon, her er det noko som ikkje stemme!!

Kommentar når ØGU kjem: de møter mannsterke! 2 Kvinnfolk frå ØGU, møter 2 menn og ei kvinne frå administrasjonen!?

I høve til trafikkisikker tilkomstveg viser Plansjefen eit kart, frå den nye Kommunedelplan areal, dette kartet har ikkje ØGU sett før og ber om at Plansjefen sender det over. KLV spør, kva er den streken, deler av Friområde er gjort om til bustad område? Plansjefen får då «akutt» behov for å gå, skal på anna møte, «skyt seg ut døra», sa kartet skulle sendast frå hennar kontor. Det er vanleg å melde frå ved møtestart om ein ikkje kan delta på heile møte, for å sikre at alle får stilt dei spørsmål ein set inne med. 04.11 er det gått 2 veker sidan møte, kartet er ikkje komme og ØGU ringjer Plansjefen, som svarer med sms: «Jeg ringer tilbake», har pr d.d. ikkje ringt. ØGU ringer igjen 05.11 og får 2 ulike svar: Plansjefen er på leiarsamling ½ dag, ringjer igjen, neste svar Plansjefen er på kurs heile dagen.

ØGU snakkar så med Ronny Andersen, forslag frå resepsjonen som alltid er hjelpsame, han var usikker på kva kart det var snakk om. Han foreslo då at han kunne sende mail til Plansjefen å be henne sende kartet, han la med vår mail adressa så det skulle gå raskt. Det kom ikkje kart eller svar no heller. Kartet skulle brukast i søknad om veg til Gamle Stupen og nabovarsel.

ØGU såg seg då nøyd til å leige inn Kjosås Maskin, til å lage og sende søknad og nabovarsel.

ØGU oversendte til Kjosås maskin alle papira som var gjort klar til søknaden. Det kartet ØGU ikkje fekk frå Plansjefen ordna Kjosås Maskin (vedlegg 7).

Det kjem fram på kartet frå den nye Kommunedelplan areal, Friområde på 44 / 14, at ein del mot nabo er omgjort til bustad. Dette verkar underleg i høve til det som er oppgitt i brev av: ref.16/2598-2/N – 135, TYPE – H, GBNR – 044/0014, GBNR – 044/0267/TRUBUE (sjå vedlegg 6) og i løyve om tiltak på kommunal eigedom 44/14 som ØGU fekk 06.06,2019 (sjå vedlegg 3).

Naboeigedom 44/267, det gjeld ikkje eigarane av eigedommen, men det må nemnast at den eine eigaren er tilsett i Kvam herad sin administrasjonen, noko som vel utløyser habilitet spørsmål. Det har tidlegare vore førespurt Rådmannen om kvifor ikkje byggjesøknader har vore behandla i Planutvalet, svar manglar. Eigedom 44/267 vart på 1950 talet seld frå Knut Strand, eigar av 44/14 til herr Høvik 44/267, den var seld utan strandlinje, kunn til støypt mur med gjerde, strandlinja beholdt eigar av 44/14, pr dato Friområdet. Huset var sett opp som eit murhus utan bilveg til huset, utan garasje, naust og kai (vedlegg 8 og 9)nærbilete av Gamle Stupen. Noverande eigar har gjort ei svært omfattande utbygging og oppjustering av, kaianlegg, flytebryggje, pir, naust, garasje, veg ned til huset. Huset er og påbygd monaleg og har utleigeeining, annonse på Finn.no (vedlegg 10og 11).

Dette står i sterk kontrast til alle NEI svara søkjarar i resten av bygda opplever.

Ein veit at fleire søknader har fått nei til liknande tiltak. Dette stiller mange innbyggjarar i Øystese spørsmål om, er dette likeheit for lova?

Denne eigedommen 44/267 har pr dato flytta grensa si ca 20 meter inn på friområdet til Kvam herad med lett gjerde, plantning og hageanlegg.

Korleis kan ein i den nye kommunedelplan areal gjere om del av Friområde 44/14 i grense mot 44/267 til bustad, frå grønt til gult. Dette verker motstridande og underleg når ein i brev 14.11.2016 til 44/267 (sjå vedlegg 6) og i vedtak på løyve til tiltak av 06.06.2019 (sjå vedlegg 3) til ØGU vektlegg Friområde frå 1955 som viktig for ålmugen og sentrumsnært. Dette verker som eit «tjuveri» frå ålmugen sitt Friområde med strandlinje. Kan dette som er omgjort til bustad seljast som bustadtomt? Får ein dispensasjon til å byggja så nær veg / sjø? Sal til nabo 44/267 er avslått i brev frå 14.11.2016 (sjå vedlegg 6). Kva planar har KH for å gjera dette?

Dette brevet er handsama i styre til ØGU.

Med vennleg helsing

Kristi Opsanger
leiar

Kopi til:

Styre i ØGU
Svein Johannes Stuve
Øystese Næringslag

Vedlegg:

1. mail av 29.05.2019
2. Avtale 44/2
3. Avtale 44/14
4. Bilde Badeflåten
5. Bilde Badeflåten ovanfrå
6. Brev av 14.11.2016, tilleggsjord
7. Kommunedelplan areal, kartsnitt 44/14
8. Hus på 44/267 under oppføring med Gamle Stupen
9. Gamle Stupen, forstørra frå vedlegg 8.
10. Hus pr dato på 44/267 frå Finn.no annonse.
11. Hus pr dato på 44/267.

Fra: Ørjansen, Heidi E. <heiorj@kvam.kommune.no>
Sendt: onsdag 29. mai 2019 15.32
Til: krisop@broadpark.no
Emne: Badeflåte i Øystese

Hei,

Viser til telefonsamtalen me hadde i går. Me har no fått undersøkt om badeflåta i Øystese er søknadspliktig eller ikkje. Me har kome fram til at denne ikkje vil vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova og heller ikkje etter hamne- og farvasslova.

Tiltaket er ikkje så stort at det utløyser krav om søknad om tiltak. Det er også plasser så nærme land at hamne- og farvasslova ikkje gjeld.

De må passa på at ankring av badeflåta er god og toler forventa vind og sjø i område.

Beklagar at det har teke så lang tid for oss å svare på dette.

Med venleg helsing

Heidi E. Ørjansen

Plan og byggesaksjef
Kvam herad

Telefon: 56 55 30 30
Mobiltelefon: 905 41 203
Epost: heidi.orjansen@kvam.kommune.no


Tenk på miljøet, det er ikkje sikkert du treng å skrive ut denne meldinga.

AVTALE

om plassering av badeflåte

mellom
Kvam herad
og
Øystese grendautval (ØG)
(org.nr. 915 305 385)

1. Kvam herad eig grunnen på gnr. 44, bnr. 2 i Kvam, regulert område som offentlig park med plannr. 123820100019 Øystesekaien – Hardangerbadet. Badeflåte, anker, fortøyingar og anna tilhøyrande utstyr skal vera Øystese Grendautval sin eigedom.
2. Øystese grendautval (ØG) leverar og monterar utstyr som er typegodkjent, og monterar utstyret slik som leverandør krev i sine monteringsanvisningar. Området har mange sjøvassleidningar og kablar langs sjøbotnen, samt offentlig kai for større fartøy. Ved plassering av anker og fortøyingar, er det ØG sitt ansvar å sikra at ingen skadar eller ulemper på desse anlegga skjer. I tillegg må anlegget ikkje forverra fortøying og tilkomst for større fartøy som skal leggja til offentlig kai.



3. ØG har ansvar for drifta av installasjonen, inkl. vedlikehald og kontroll. Alt skal drivast slik som planlagt, og anlegget skal kunna nyttast på ein trygg måte for alle.
4. Kvam herad krev at anlegget skal vera opent for ålmenta, og best mogleg vera tilrettelagt for alle.
5. ØG har ansvar for at overflateboss på flåten vert fjerna.
6. Belysning, og straumutgifter til dette, inngår ikkje i avtalen, men kan etablerast og kostast av ØG om ønskjeleg.

7 Avtalen gjeld i 30 år frå og med 01.06.2019. Dersom ein av partane ønskjer å gå ut av avtalen, skal det takast opp tingingar om dette. I løpet av siste avtaleår skal avtalen reforhandlast. Dersom dette ikkje vert gjort, fortset avtalen på same vilkår inntil ny avtale er på plass. Justeringar av avtalen kan gjerast i avtaleperioden, dersom begge partar er samde om dette.

8. Ved misleghald av avtalen, kan denne seiast opp med 1. månads varsel.

Norheimsund, 06.06.2019



for Kvam herad

Øystese, 06.06.2019


for Øystese grendautval

Vedlegg: Kartskisse utarbeidd 24.04.2019 av K.L.Vik

	SITUASJONSKART					
	Eigedom:	Gnr: 44	Bnr: 2	Fnr: 0		Snr: 0
	Adresse: <i>Hartlangtveitvegen</i>					
Heimeleshavar:		<i>Kvam Kommune, Øyseter</i>				
KVAM HERAD	Dato: 24/4-2019	Signatur: <i>Kirstin Lunde Kvalø</i>			Målestokk 1:1000	



Ein tar atterhald for at det kan vere feil på kartet, m.a. gjeld dette eigedomsgrenser, bygg m.m. som i samband med planlegging/prosjektering/anleggsarbeid må undersøkast nærmare.

AVTALE

om plassering av stupebrett (sviktbrett)

mellom
Kvam herad
og
Øystese grendautval (ØG)
(org.nr. 915 305 385)

1. Kvam herad eig grunnen på gnr. 44, bnr. 14 i Kvam, delvis i regulert område som offentlig park med plannr. 19550002 elles friområde i kommuneplanens arealdel. Sviktbrett, fundament og anna opparbeidde installasjonar skal vera Kvam herad sin eigedom etter ferdig opparbeidd anlegg.
2. Øystese grendautval (ØG) leverar og monterar utstyr som er typegodkjent, og monterar utstyret slik som leverandør krev i sine monteringsanvisningar.
3. ØG har ansvar for drifta av anlegget og apparata, inkl. vedlikehald og kontroll. Kvam herad sin internkontroll vert organisert med ekstra kontroll ei gong årleg om våren, av eigen kontrollør vederlagsfritt for ØG. Alt skal drivast slik som planlagt, og anlegget skal kunna nyttast trygt av alle.
4. Kvam herad krev at anlegget skal vera opent for ålmenta, og best mogleg vera tilrettelagt for alle.
5. ØG har ansvar for at overflateboss på og utanfor anlegget vert fjerna.
6. Belysning, og straumutgifter til dette, inngår ikkje i avtalen, men kan etablerast og kostast av ØG om ønskjeleg.
7. Avtalen gjeld i 30 år frå og med 01.06.2019. Dersom ein av partane ønskjer å gå ut av avtalen, skal det takast opp tingingar om dette. I løpet av siste avtaleår skal avtalen reforhandlast. Dersom dette ikkje vert gjort, fortset avtalen på same vilkår inntil ny avtale er på plass. Justeringar av avtalen kan gjerast i avtaleperioden, dersom begge partar er samde om dette.
8. Ved mislegald av avtalen, kan denne seiast opp med 1. månads varsel.


Norheimsund, 06.06.2019

for Kvam herad

Øystese, 06.06.2019

for Øystese grendautval

Vedlegg: Kartskisse utarbeidd 24.04.2019 av K.L.Vik









Frode Døssland
Hardangerfjordvegen 719
5610 ØYSTESE

Vår ref.
16/2598-2/N - 135, TYPE - H, GBNR - 044/0014,
GBNR - 044/0267/TRUBUE

Dykkar ref.

Dato:
14.11.2016

Svar på søknad om tilleggsareal frå gnr. 44, bnr. 14, Stronde

Viser til e-post av 28.10.16 med spørsmål om kjøp av tilleggsareal frå Kvam herad sin eigedom 44/14 på Stronde i Øystese.

Kvam herad sin eigedom er regulert til offentlig friområde. Eit evt. sal vil vere avhengig av dispensasjon frå arealplan. Saka har vore diskutert med heradsgartnaren.

Eigedomen ligg i eit område i Øystese der det er ein del aktivitet ang. veg, utfylling osv. Omsøkte areal er sentrumsnært og grensar til sjø. I enden av friområdet mot Øystese har grendautvalet fått løyve til hogging og rydding for å ta området meir i bruk for ålmenta. Kvam herad vurderer området til å ha store kvalitetar for ålmenta. Det er difor ikkje ønskjeleg å selje deler av friområdet.

At Kvam herad står som eigar av arealet hindrar ikkje privat stell og rydding av området. For spørsmål rundt dette kan det takast kontakt med heradsgartnar, Nils Drage.

Helsing

Trude Birknes Buene
Juridisk rådgjevar
Telefon: 56556815


Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Nils Drage

krisop@altiboxmail.no

Fra: Marius Navarsete Lydvo <marius@kjosasmaskin.no>
Sendt: fredag 27. november 2020 12.38
Til: krisop@altiboxmail.no
Emne: Grønnstruktur

Hei
Sender deg et utklipp av grønnstruktur omriss.



Vennlig Hilsen/Best regards,

Marius Navarsete Lydvo









Øystese Grendautval
v/Kristi Opsanger
Hardangerfjordvegen 704
5610 ØYSTESE

30.01.2022

Ordførar Torgeir Næss
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

ETTERRØKJING PÅ SVAR AV BREV DATERT 13.10 2021

Øystese Grendautval sende heradet eit brev vedkomande badeflate 44/2 og gamle stupen 44/14 i Øystese, datert 13.10.2021.

Øystese Grendautval kan ikkje sjå at me har fått svar på dette brevet. I følgje forvaltningslov §11 har me krav på eit førebels svar i løpet av 1 månad etter att henvendinga er motteken. No synes me det har gått lang tid utan at me har fått tilbakemelding om ventetida på handsaming av saka.

Vonar dette kan takast opp snarast.

Mvh

Kristi Opsanger
leiar ØGU

Kopi:
Kontrollutvalet v/Gjermund Stuve
sfvlpost@statsforvalteren.no



Øystese grendautval v/Opsanger

Vår ref.

21/12492-3/N-511, HistNR-19/892, GBNR-044/0014/ANHE

Dykkar ref.

Dato:

07.02.2022

Svar på brev datert 13.10.21

Me viser til brev frå Øystese grendautval til ordførar, datert 13.10.21. Ordførar har bedt administrasjonen svara ut brevet.


Kommunikasjon

Rådmannen vil fyrst starta med å orsaka at det har teke lang tid å få ferdigstilt svaret. Det er bra at grendautvalet gjev uttrykk for å vera nøgd med sakshandsaming i nokre høve, som for kulturtilskot. Det er likevel stor forskjell i sakskompleks og -mengde, som fører til at det tek vesentleg lengre tid å få svar på t.d. disposisjonssaker enn tilskotssøknader, og ikkje andre motiv. I omtala møte 22.10.20 stilte plansjef på kort varsel, til trass for andre avtalar, men kunne ikkje delta i heile møtet. Ho hadde varsla arrangør om dette, og det er berre å beklaga at det ikkje vart formidla til grendautvalet i møtet. Det er leit å sjå at dette då vart tolka som at ein ikkje prioriterer utvalet, når det motsette var tilfelle.

Grendautvala sitt arbeid er viktig for kommunen, og me set stor pris på engasjementet som vert lagt ned. Når det gjeld sakshandsaming, må me likevel handsama utvala som andre søkjarar. Me håpar at det er forståing for det, og vil sjå på korleis me generelt kan svara ut betre og raskare når pandemiarbeidet roar seg.

Planprosessar

Proessen med rullering av kommuneplanen sin arealdel starta opp i 2013. Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet til kommunen. Øystese grendautval er ein høyringspart i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel. Øystese grendautval hadde innspel til rullering av kommuneplanen både i samband med oppstart og ved offentleg ettersyn av planframlegg. I ein kommuneplan er det mange innspel frå innbyggjarar, næringsliv, andre offentlege instansar og andre, til korleis dei ønskjer at kommunen skal utvikla seg med omsyn til areal. Rådmannen gjer ei samla fagleg vurdering av alle innspel, og tilrår ut frå dette, medan det er heradsstyret som vedtar den endelege planen. Kommuneplanen er eit overordna dokument og nøyaktigheita til kartet er meint å ligge i eit spenn på fleire meter. Ein kommuneplan tek ikkje omsyn til eigedomsgrenser i like stor grad som ein områdeplan eller detaljreguleringsplan.




Figur 2.1 Reguleringsplan i det kommunale plansystemet

For ei byggesak så er det enten ein detaljreguleringsplan, ein områdereguleringsplan, ein kommunedelplan eller ein kommuneplan som er grunnlag for løyve. Når det er byggesaker som avvik gjeldande arealplan, så må det søkast om dispensasjon frå gjeldande reglar. Kommunen er forplikta til å vurdere sak for sak i samband med ein søknad om dispensasjon. Det er opp til søkjar å dokumentere at dei ikkje set kommuneplanen eller dei generelle reglane i plan- og bygningslova vesentleg tilside, og at fordelen er klart større enn ulempene ved tiltak i strid med plan.

Kommuneplanen sin arealdel

For tiltak på friområde som nabo til Stronda er det kommuneplanen sin arealdel som er gjeldande. I samband med rulling av kommuneplanen sin arealdel, så var det eit krav frå Statsforvaltaren i Vestland at me måtte definere ei byggegrense til sjø. Det er denne lina som styrer kor me kan tillate byggetiltak nær sjø. I sentrum av Norheimsund og Øystese så går byggegrensa bak alle grøntområder som ligg til sjø, mens byggeområde ligg med tilnærma null. Det er berre i sentrum at Statsforvaltaren har akseptert ei byggegrense så nærme sjø. For nokre områder som var regulert, så er byggegrensa henta inn frå gjeldande reguleringsplan og lagt inn i kommuneplanen.



I bildet over er byggegrensa i kommuneplanen sin arealdel vist med ein raud stipla strek.



For området der «Gamle Stupen» ligg, så går byggegrensa bak det som er definert som grøntstruktur i kommuneplanen.

For tiltak nærmare sjø enn byggelina viser, så må det søkast om dispensasjon frå byggegrensa.

Områder for grøntstruktur har egne reglar i føresegnene til kommuneplanen:
Grøntstruktur skal ivereta store og små naturprega område, og sikra samanheng mellom desse. Grønstruktur kan òg vera ein viktig buffer mellom støyømfintleg arealbruk (t.d. bustader, fritidsbustader, friområde og tenesteyting) og støygenererende aktivitet. Ved utarbeiding av reguleringsplan skal grønstrukturar sikrast og gjevast føresegner som styrkar funksjonen til grøntstrukturen. Mindre tiltak som fremjar ålmenta sin bruk av området kan tillatast.

I samband med dispensasjonssaker frå grendautval i kommunen, så tek ikkje kommunen inn dispensasjonsgebyr for tiltak som er til glede for ålmenta.

Søknad frå Øystese grendautval

Kommunen har motteke søknad frå Øystese grendautval for tiltak innafor grøntstrukturen mellom Stronde og gamle stupen. På grunn av byggegrense til sjø, så måtte grendautvalet søke om dispensasjon frå byggegrensa. Det vart søkt om gangveg og leidningsgrøft fram til eit framtidig toalettbygg. Det vart gitt løyve til tiltak i vedtak 086/21 datert 15.3.2021. Kommunen har ikkje motteke søknad om toalettanlegg eller stupeanlegg. Det er formidla i avtalen at det er viktig at stupeanlegg stettar nasjonale krav til slike anlegg og at Øystese grendautval tek ansvar for naudsynt vedlikehald av anlegget. Det er og viktig å tenke over at når det vert gitt eit løyve til tiltak så varar løyve i tre år. Har det gått meir enn tre år før eit tiltak vert sett i gong, så må det sendast inn ein ny søknad.

Habiltetsvurderingar

Kvam herad har om lag 1000 tilsette, i mange ulike einingar og avdelingar. Habilitet følgjer av forvaltningslova §6, og vert kontinuerleg vurdert. Rådmannen kan ikkje sjå at det i dette høvet der omtala nabo arbeider i ei anna eining og ikkje har nokon innverknad på sakshandsaminga i plan- og byggesakseininga, føreligg inhabilitet.

Plan for friområde

Kvam herad har ingen annan plan for friområde, enn det som følgjer av kommuneplanen sin arealdel. Som det vert vist til, er førespurnad om fådeling av sal av området, avslått.

Tilsyn

Ei av oppgåvene til kommunen er å gjennomføre jamleg tilsyn med byggesaker. Kvam herad skal på bakgrunn av innmeldte tiltak der det vert stilt spørsmålsteikn om lovlegheit og feillister frå Statens kartverk, sette i gang med eit større, generelt tilsyn av byggetiltak langs strandsona i kommunen. Me er no i ferd med å kryssjekke listene til Statens kartverk med sak/arkiv systemet til kommunen. Når jobben med sjekk av feillister er ferdig, så vil kommunen setje i gang eit systematisk tilsyn i strandsona.

Helsing

Anita Hesthamar

Rådmann

Telefon: 56 55 30 35

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakarliste:

Øystese grendautval
v/Opsanger

Kopi til:

Kvam kontrollutval v/leiar
Kvam kontrollutval v/Roald
Breistein
Torgeir Næss

Fra: Ørjansen, Heidi E.[heiorj@kvam.kommune.no]
Sendt: 14.08.2023 13:16:29
Til: Roald Breistein[Roald.Breistein@vlfk.no]
Kopi: Hesthamar, Anita[anhe@kvam.kommune.no];
Tittel: Svar på klage frå Øystese Grendautval, jf. e-post datert 3.7.2023

Hei,

Saka gjeld friluftsområde GRS63 i kommuneplanen sin arealdel vedteken 8.11.2019.

Planstrategien styrer når kommunen skal rullere dei ulike overordna planane. Dersom kommunestyret ønskjer å rullere kommuneplanen sin arealdel, så må dei gjere vedtak om det i den nye planstrategien for det neste heradsstyre. Det er mogleg å gjennomføre mindre endring på kommuneplan nivå, jf. plan- og bygningslova § 11-17 (Ending og oppheving av kommuneplanen sin arealdel). Det er dei same reglane som gjeld for endring som for full rullering av kommuneplanen sin arealdel. Men kommunestyret kan delegere kven som gjer vedtak om mindre endring. Endring og oppheving av kommuneplanen sin arealdel er delegert til Kvam Miljø-, Plan- og Bygningsutval i Kvam herad sitt delegeringsreglement. Så kommunen kan legge fram ei sak om endring av kommuneplanen sin arealdel dersom det er eit politisk ønskje om å justere planen. Dersom me skal i gong med ein endring av kommuneplanen sin arealdel, så vil det krevje ressursar og kostnadar som må leggst inn i eit budsjett eller vedtakast som ein eigen sak.

I forarbeida til pbl. § 11-17 står det følgjande:

«Det kan være aktuelt å foreta mindre endringer av kommuneplanens arealdel utenom større planrevisjoner. Dette kan f.eks. være arrondering av formålsgrenser, justering av linjeføringer for infrastrukturanlegg, eller endringer av utbyggingsformål. Bestemmelsen åpner for at kommunestyret kan delegere myndighet til å vedta slike endringer enten til annet kommunalt organ eller administrasjonen i samsvar med kommunelovens regler. Slike endringer kan ikke skje før berørte myndigheter har hatt anledning til å uttale seg. I dette ligger det at endringen ikke må komme i strid med nasjonale eller viktige regionale hensyn som ellers ville medført innsigelse mot planen. Dersom berørte myndigheter er mot en slik endringen, må planendringen behandles som en ordinær planendring. Forvaltningslovens regler om at saken skal være tilstrekkelig opplyst før vedtak fattes, gjelder».



Dersom administrasjonen vert bedt om å justere kommuneplanen sin arealdel for aktuelt område og det vert sett av naudsynne ressursar, så vert det lagt fram som ei sak for MPB, jf. pbl. § 11-17.

Eigar av gnr. 44 bnr. 267 har hatt ein førespurnad til kommunen om kjøp av areal, kommunen var negative til å selje areal til 44/267, jf. vedlegg brev datert 14.11.2016. Administrasjonen meiner framleis det same som stod i brevet datert 14.11.2016. Det er ikkje aktuelt å selje deler av gnr. 44 bnr. 14 til eigar av gnr. 44 bnr. 267.

Sjølv om arealet viser bustad i kommuneplanen sin arealdel, så skal området nyttast som kommunalt friområde.

Kommunen har hatt fleire diskusjonar om nøyaktigheitsgraden av kommuneplanen sine areal med Statsforvaltaren. Men det er nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister (NPAD) som er vår mal for framstilling av kommuneplanen sin arealdel, jf. Rettleiar for kommuneplanen sin arealdel utgitt av departementet. Der står det at kommuneplanen skal framstillast for målestokk i området 1:20 000 til 1:50 000. Når ein plan skal framstillast for så stor målestokk, så vert krav til nøyaktigheit mindre slik me tolkar det.

I rettleiaren sitt kapittel 8.11 om presisjon i kartet står det følgjande:

«Arealplanen vedtas med et plankart i en bestemt kartmålestokk. Arealformål og bestemmelser fastsatt i plankartet vil dermed i utgangspunktet være fastsatt relativt i forhold til hverandre og øvrige opplysninger basert på den aktuelle symbolbruken – ikke de

underliggende koordinatene. For eksempel kan det i praksis bety at en fastsatt formålsgrense ikke kan settes ut i terrenget basert på koordinatverdiene, men må settes ut basert på en nærmere tolkning av flere opplysninger opp mot hverandre. For kommuneplanens arealdel i utmarksområder kan dette fort dreie seg om forskjeller på talls meter.»

Dersom Statsforvaltaren i Vestland meiner noko anna, så ønskjer kommunen dokumentasjon på kva for svar Statsforvaltaren har gitt Øystese Grendautval rundt nøyaktigheit. Til kommuneplanen sin arealdel som er gjeldande, så har me nytta rettleiaren til departementet og vedteken NPAD.

Med venleg helsing

Heidi E. Ørjansen

Plan og byggesaksjef

Telefon: 905 41 203

Epost: heidi.orjansen@kvam.kommune.no

www.kvam.no



Frode Døssland
Hardangerfjordvegen 719
5610 ØYSTESE

Vår ref.
16/2598-2/N - 135, TYPE - H, GBNR - 044/0014,
GBNR - 044/0267/TRUBUE

Dykkar ref.

Dato:
14.11.2016

Svar på søknad om tilleggsareal frå gnr. 44, bnr. 14, Stronde

Viser til e-post av 28.10.16 med spørsmål om kjøp av tilleggsareal frå Kvam herad sin eigedom 44/14 på Stronde i Øystese.

Kvam herad sin eigedom er regulert til offentlig friområde. Eit evt. sal vil vere avhengig av dispensasjon frå arealplan. Saka har vore diskutert med heradsgartnaren.

Eigedomen ligg i eit område i Øystese der det er ein del aktivitet ang. veg, utfylling osv. Omsøkte areal er sentrumsnært og grensar til sjø. I enden av friområdet mot Øystese har grendautvalet fått løyve til hogging og rydding for å ta området meir i bruk for ålmenta. Kvam herad vurderer området til å ha store kvalitetar for ålmenta. Det er difor ikkje ønskjeleg å selje deler av friområdet.

At Kvam herad står som eigar av arealet hindrar ikkje privat stell og rydding av området. For spørsmål rundt dette kan det takast kontakt med heradsgartnar, Nils Drage.

Helsing

Trude Birknes Buene
Juridisk rådgjevar
Telefon: 56556815

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Nils Drage



Saksframlegg

Saksnr: 2022/181-68
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	27/23	28.08.2023

Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 15. for 2022 frå Deloitte

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Samandrag

Føremålet med denne saka er å ivareta kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 vert retta eller følgd opp.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Signert revisjonsrapport Kvam herad 2022

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med kontrollutvalet si behandling av Kvam herad sin årsrekneskap for 2022 i møte 26.04.2022 vart det m.a. gjort slikt vedtak i sak PS 11/23:

«På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 15 for 2022 frå Deloitte AS, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 28.08.2022 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten.»

Revisjonsrapport 2022 nr. 15 frå Deloitte ligg ved som vedlegg.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 vert retta eller følgd opp, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over er rådmannen bedt om å kome i dette møtet for å gjera greie for oppfølginga av rapporten.

Konklusjon

Ut frå det som kjem fram i rådmannen si orientering, vert det tilrådd at kontrollutvalet tek stilling til korleis dei bør konkludere. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.

Kvam herad
Att.: Rådmann Anita Hesthamar
Grovagjelet 16

5600 NORHEIMSUND

Revisjonsrapport nr. 15
(journalførast)

13. april 2023

REVISJONSRAPPORT 2022

Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2022. Vi vil i det høve gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi meiner bør vere av interesse for leiinga i heradet.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å gje vår revisjonsmelding. I tillegg har vi kontrollert heradet si kontrolloppstilling til lønsoppgåvene.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil sei at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer derfor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner heradet si leiing bør vere merksame på. Vi vil presisere at det er leiinga i heradet som er ansvarleg for å etablere og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formueforvaltinga er ordna på ein trygg måte.

Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 24-4 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 16 - 18.

Revisjonen gjennom året

Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på årsrekneskapen. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde postar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekket tilhøve som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

Rutinar godkjenning av lønsutbetaling

Revisjonen har tidlegare år påpeika manglande spor av budsjetteigar sin kontroll av lønsutbetalingar. Heradet tok i 2020 i bruk Framsikt for månadleg rapportering. I samband med at einingsleiarar skal godkjenna månadsrapportering i Framsikt skal også konteringsliste for lønsutbetaling førre månad kontrollerast. Kontrollen etterlet kontrollspor slik at det er mogleg for økonomileiinga å følgja opp at rapportering og godkjenning er utført. Ved revisjonen sin kontroll i 2022 ser vi at denne kontrollen framleis ikkje vert utført fullstendig, og at fleire av einingsleiarane ikkje har registrert godkjenning i Framsikt. Revisjonen vil oppmoda om at rutinen vert vidareutvikla og utforma på ein slik måte at det vert etterprøvd at kontroll er utført i alle einingar.

Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisera balansepostane per 31.12.2022. Vi har og lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi kontrollert større inntekstpostar som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar som løn, tilskot og avdrag. Vi har og utført kontrollar av estimat som pensjon og avskrivningar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentera enkelte tilhøve nedanfor.

Fordring ressurskrevjande tenester

I driftsrekneskapen er det inntektsført MNOK 31,5 i inntekter frå refusjon ressurskrevjande tenester. I den revisorattesterte refusjonssøknaden er kravet om tilskot MNOK 29,6. Det er derfor eit avvik mellom avsette inntekter og tilskotsbeløpet i søknaden på MNOK 1,8. Avviket får ikkje konsekvens for revisjonsmeldinga.

Verdivurdering aksjar

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 3-2 krev at aksjar klassifisert som anleggsmiddel skal nedskrivas til verkeleg verdi ved eit vesentleg og varig verdifall. Revisjonen har ikkje motteke ei verdivurdering per 31.12.2022 og vil tilrå at det vert etablert rutine for at det i samband med avlegging av rekneskapen vert gjennomført ei dokumentert verdivurdering av bokførte aksjar og andeler for å verifisera at verdi er til stades. Tilhøvet får ikkje påverknad på revisjonsmeldinga.

Realismekravet i kommunelova og budsjettjusteringar

Ved revisjon av avslutninga av rekneskapen går det fram at det ikkje er gjort tilstrekkelege budsjettjusteringar, jamfør kommunelova § 9-15. Revisjonen vil særleg påpeika manglande justering av budsjett for bruk og avsetnad for bundne fond, samt generelt for investeringsbudsjettet.

Overføring frå drift til investeringsrekneskapen

Overføring til investering/frå drift er budsjetttert med TNOK 946 i driftsrekneskapen og TNOK 932 i investeringsrekneskapen, men er gjennomført med MNOK 3,3. Jamfør budsjett- og rekneskapsforskrifta § 4-1, skal avslutning av rekneskapen skje ved at overføring til investering skal rekneskapsførast i samsvar med budsjettet. I tillegg skal overføring som eventuelt er vedteke av underordna organ rekneskapsførast. Revisjonen er kjend med at den rekneskapsførte overføringa til investering gjeld vedteke bruk av bunde driftsfond i investeringsrekneskapen. Dette har ikkje blitt budsjetttert riktig, slik at drifts- og investeringsrekneskapen heller ikkje viser riktig budsjett for overføring til investering/frå drift. Revisjonen vil tilrå at rutinane for budsjettering vert utbetra slik at det ikkje oppstår slike «ikkje reelle» budsjettavvik.

Avslutninga av investeringsrekneskapen

Ved avslutninga av investeringsrekneskapen skal disposisjonar rekneskapsførast i samsvar med budsjetterte beløp, jamfør budsjett- og rekneskapsforskrifta § 4-1. I tillegg skal overføring frå drift til investering og avsetnad til og bruk av disposisjonsfond og ubundne investeringsfond som er vedteke av underordna organ rekneskapsførast. I investeringsrekneskapen er det rekneskapsført ei avsetjing til ubundne investeringsfond som er MNOK 9,2 over budsjett. Jamfør budsjett- og rekneskapsforskrifta § 4-6 skulle ikkje denne avsetjinga vore gjennomført, men det udisponerte beløpet redusert gjennom redusert bruk av lån og ubundne investeringsfond. Tilhøvet får ikkje konsekvens for revisjonsmeldinga for 2022.

Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Unni-Renate Moe

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5995-4-99839

IP: 51.174.xxx.xxx

2023-04-13 10:16:04 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



Saksframlegg

Saksnr: 2022/181-69
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	28/23	28.08.2023

Deloitte presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll 2023 for Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2023 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 27.11.2023 med frist for levering til sekretariatet innan 13.11.2023.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2023 skal handsamast, normalt i april/mai-møtet i 2024, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Samandrag

Kontrollutvalet i Kvam herad har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i heradet. I denne saka skal den valde revisor, Deloitte, presentere sin plan for gjennomføring av rekneskapsrevisjonen, rekneskapsrevisjonen som er gjort så langt i 2023 og risiko- og vesentlegvurdering dei har føreteke om forenkla etterlevingskontroll for 2023.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Revisjonsplan og risikovurdering 2023 Kvam herad.pdf
- 2 Risiko-og vesentlegheitsvurdering FEØ 2023 Kvam herad.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Kvam herad har m.a. ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i heradet på ein tryggande måte. Denne saka er ein lekk i oppfølginga av dette.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. Kommuneleva § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet som lyd m.a. slik

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak»

På bakgrunn av punkt b) over står det dette i kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Vidare går det fram av Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»

Vurderingar og verknader

Etter sekretariatet si oppfatning er Deloitte sin revisjonsplan 2023 og revisor si risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevingskontroll for 2023 to sider av same sak. Det er difor naturleg at desse to tilhøva vert handsama i same sak.

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan, informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt og risiko- og vesentlegvurdering i høve forenkla etterlevingskontroll som skal utførast i 2023, vil vera ein lekk i å sjå til at heradet sine rekneskaper vert revidert på ein tryggande måte. Sekretariatet har motteke frå Deloitte «Revisjonsplan og risikovurdering 2023 Kvam herad», vedlegg 1. Vidare har vi motteke dokumentet «Risiko- og vesentlegheitsvurdering FEO 2023 Kvam herad», vedlegg 2. Dette vil danne utgangspunkt for presentasjon og diskusjon i møtet.

Når det gjeld kontrollutvalet sitt ansvar i høve kommunelova § 24-9 om forenkla etterlevingskontroll er det naturleg at Deloitte legg fram sin uttale om resultatet av denne i same møte som

årsrekneskapen for 2023 skal handsamast, normalt i april/mai-møtet i 2024, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimisrevisjonen og etterlevingskontrollen som skal gjennomførast denne hausten, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset dei endelege fokusområda.

Etter planen skal interimisrevisjonsrapport leggjast fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 27.11.2023.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at interimisrevisjonsrapport 2023 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 27.11.2023, med frist for levering til sekretariatet innan 13.11.2023.

Det vert også tilrådd at kontrollutvalet ber om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2023 skal handsamast, normalt i april/mai-møtet i 2024, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.




Revisjonsplan og risikovurdering 2023

Kvam herad

Revisjonsplan

Kvam herad 2023



Risikovurdering

Kvam herad 2023



Låg



Middels



Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Inntekter	Mange og store transaksjonar av ulik art og incentiv for mislegheiter knytt til inntektsføring.	
Meirverdiavgift	Komplisert regelverk, mange transaksjonar, mange tilsette involvert i prossesering av inngåande faktura og utfakturering. Risiko for forelding ved meirverdiavgiftskompensasjon og at kommunen urettmessig gjer krav på kompensasjon.	
Pensjon	Vesentlege forpliktingar og midlar, kompliserte regelverk og rekneskapsmessig handsaming, viktig for den enkelte tilsette at opplysingar er korrekt registrerte hos pensjonsleverandør.	
Skilje investering/drift	Forskrift og standard regulerer avgrensing. Vesentleg for tilgang til lånefinansiering.	
Utgifter	Risiko knytt til regelverk for offentleg anskaffing og mange tilsette involvert i prossesering av inngåande faktura.	
Anleggsmidlar	Vesentlege verdier. Risiko for feilaktig aktivering og manglande avskrivingar. Store investeringar.	

Risikovurdering

Kvam herad 2023



Låg



Middels



Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Bank	Risiko knytt til tilgang til bankkontoar og utbetalingsrutinar.	
Låneopptak	Låneopptak vert regulert av kommunelov og kommunestyret sitt budsjettvedtak. Minimumsavdrag viktig storleik.	
Bundne fond	Risiko for at avsetjing og bruk ikkje er i høve lov, forskrift eller gjevar sine vilkår.	
Avslutting av rekneskapen	Kommunestyret sitt budsjettvedtak sett rammer for disponering og inndecking. Budsjett- og rekneskapsforskrifta regulerer avslutning. Historisk avdekka feil knytt til avslutting av rekneskapen.	
Kundefordringar	Fordringsmasse består av mange mindre fordringar, liten risiko for vesentlege feil. Risiko for svakheit i rutinar for purring og tapsavsetjing. Risiko for tap låg for kommunale avgifter og eigedomsskatt grunna legalpant.	
Andre kortsiktige fordringar	Risiko for at verdi på fordring ikkje er tilstades. Risiko knytt til storleik på krav ressurskrevande tenester grunna nøyaktigheit og tidsriktigheit av utrekning.	

Risikovurdering

Kvam herad 2023



Låg



Middels



Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Aksjar og andelar	Risiko for at verdi på aksjene ikke er til stades.	
Annan kortsiktig gjeld	Risiko for at ikkje all gjeld er bokført eller at gjelda er forfalt.	
Noteopplysingar	Risiko for at notar inneheld feil eller at forskriftsbestemte noteopplysingar manglar.	
Leverandørgjeld	Risiko for at ikkje all gjeld er bokført eller at gjelda er forfalt.	
Offentlege avgifter	Risiko for manglar og feil ved innberetning meirverdiavgift, arbeidsgjevaravgift og forskottstrekk. Risiko for at offentlege avgifter ikkje vert betalt tidsriktig og at det ikkje er tilstrekkeleg med midlar på skattetrekkskonto.	
Løn	Svært mange transaksjonar gjev liten risiko for vesentlege feil i rekneskapen. Velfungerande prosess, rutiner og kontrollar.	
Reiseutgifter	Risiko for at formalkrav og dokumentasjonskrava ikkje vert etterlevd. Elektronisk handsaming med attestering og anvising reduserer risiko.	

Risiko- og vesentlegheitsvurdering forenkla etterlevingskontroll 2023

Kvam herad





**MAKING AN
IMPACT THAT
MATTERS**
since 1845

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltinga 2023

Risiko- og vesentlegheitsvurdering

- 1 Meirverdiavgiftshandsaming kraft
- 2 Sjølvkost
- 3 Investeringsprosjekt
- 4 Utlån – startlån



- Kvam herad har store kraftinntekter både i form av heimfallskraft og konsesjonskraft
- Risiko for uriktig avgiftshandsaming i høve meirverdiavgiftslova og/eller kompensasjonslova ved kjøp og sal av kraft

«Korleis sikrar Kvam herad korrekt meirverdiavgiftshandsaming ved kjøp og sal av kraft?»



Saksframlegg

Saksnr: 2022/177-37
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	29/23	28.08.2023

Budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2024

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad for 2024 inkludert eventuelle endringar som vert gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak frå rådmannen om budsjett for 2024 for Kvam herad og fram til handsaming i heradsstyret. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2024.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal leggje fram forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad for 2024.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Av forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan ein i § 2 «Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet» lese:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vidare står det dette i kommunelova § 23-5 Rapportering til kommunestyret eller fylkestinget:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har i brev dagsett 15.10.2020 til Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) komme med ei presisering når det gjeld kontrollutvalget sitt budsjettforslag ved at dei konkluderer slik:

«Departementet legger derfor til grunn at kommunedirektøren ikke kan endre eller redusere kontrollutvalgets budsjettforslag for kontrollarbeidet før det skal behandles i formannskapet.

Kontrollutvalgets budsjettforslag skal følge formannskapetets innstilling til årsbudsjettet etter § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.»

Kontrollutvalet sine oppgåver: (Kommunelova)

§ 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

§ 23-3 Forvaltningsrevisjon

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

§ 23-4 Eierskapskontroll

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Av dette går det fram at utvalet har eit særst omfattande lovpålagt kontrollansvar på vegne av heradsstyret i Kvam herad. For at kontrollutvalet skal kunne ivareta dette kontrollansvaret på ein tilfredsstillande måte, i tråd med lovkravet, krevst det at heradsstyret stiller tilstrekkeleg med budsjettmidlar til disposisjon. Det at kontrollutvalet vert gjort i stand til å ivareta sitt kontrollansvar, m.a. ved å få tilført tilstrekkeleg med budsjettmidlar, vil bidra til å styrke utvalet si uavhengigheit og legitimitet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er heradsstyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet er gjeve ansvaret i høve Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2 til å utarbeida budsjettforslag for heradet sitt kontrollarbeid. Budsjettforslaget vert innstilt direkte til politisk organ då det er administrasjonen som i hovudsak vert gjenstand for kontroll og revisjon.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i avtale som vart inngått med Deloitte AS med verknad frå 1.7.2020, og denne er konsumprisregulert i høve avtale. Avtalen inneheld slike element:

- Ein fastpris for rekneskapsrevisjon for Kvam herad inkludert KF
- Timepris for eventuell bestilling av forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte utgreiingar

Revisjonstenestene i Kvam herad skal ut i ny konkurranse hausten 2023 med mål om at revisjonsavtale for ein ny 4-års periode er på plass innan 01.07.2024. Det er samstundes 5 andre kommunar vi er sekretariat for som skal ut i tilsvarande konkurranse. Planen er at desse 6 kommunane vert konkurranseutsett i same konkurranse der den totale kostnaden er estimert til kr. 180 000. Ved at alle 6 kommunane er med i same konkurranse kan desse kostnadane delast slik at det for Kvam herad vil utgjere om lag kr. 30 000. Dette er lagt inn i budsjettforslaget.

Med gjeldande avtale er det forutsigbart kva kostnadene til revisjonen vil utgjere for første halvår 2024 og det vert lagt opp til det same i den nye konkurransen. For andre halvår vil ikkje kostnadene vera kjent før ny revisjonsavtale er vedteken av heradsstyret seint på våren 2024. Det er grunn til å tru at dei totale kostnadene vi auke noko etter at konkurransen er gjennomført. Vi har i budsjettforslaget likevel lagt til grunn noverande avtale for heile året der det også er lagt inn konsumprisauke i tråd med inngått avtale.

Når det gjeld kostnader til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vil det avhenge av kor mykje kontrollutvalet ønskjer å bestille i løpet av året. Her er det tatt utgangspunkt i at det vert bestilt timebaserte tenester for 350 timar pr. år, noko som vil vera normalt forbruk for kontrollutval i ein kommune på Kvam sin storleik.

Første året i valperioden er det lovpålagt at kontrollutvalet skal utarbeide ein plan som viser på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar og ein plan for kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast i valperioden. Begge planane skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering av heradet si verksemd og verksemda i heradet sine selskap samt heradet si eigarskapsoppfølging. I starten av denne valperioden vart det brukt 150 timar til planarbeidet og det er lagt til det same timetalet til dette arbeidet i budsjettforslaget for 2024. Denne kostnaden vil naturleg nok ikkje vera med i budsjettforslaget for 2025.

Ein annan kostnad som berre vil gjelde i 2025 er deltaking for medlemmene i det nye kontrollutvalet på særskilt folkevaldopplæring for kontrollutval i gamle Hordaland. Det er planlagt at denne folkevaldopplæringa skal haldast på Solstrand over to dagar i februar 2024.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengd som «eit vanleg år». Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemmene i kontrollutvalet er her budsjettet i høve reglement. Kostnader er medteke slik at medlemmar i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollkonferanse, medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT), servering på utvalsmøta og ein diversepost. Det er lagt inn ein sum til ekstra tiltaksmidlar til eventuelle ad-hoc oppgåver som til dømes øvrig forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, utgreiing og ekstra oppgåver som til dømes bestillingar frå heradsstyret eller resultat av medieoppslag.

Pris for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er lagt inn i høve avtale mellom Vestland fylkeskommune og Kvam herad.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett inkludert eventuelle endringar som vert gjort i møtet.

Budsjettforslaget skal så følgje sak frå rådmannen om budsjett for 2024 for Kvam herad og fram til handsaming i heradsstyret. Det er heradsstyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad.

Budsjettforslag kontrollutvalet i Kvam herad for 2024

Konto	Tekst	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Merknad
10800	Godtgjersle folkevalde	kr 25 000	kr 37 500	
10802	Tapt arbeidsforteneste	kr 11 000	kr 11 000	
	Feriepenger av tapt arbeidsforteneste	kr 1 320	kr 1 320	
10803	Frikjøp	kr 40 000	kr 30 000	Frikjøp leiar 12 dg. pr. år
	Delsum	kr 77 320	kr 79 820	
10990	Arbeidsgiveravgift (AGA)	kr 10 902	kr 11 255	
	Delsum	kr 88 222	kr 91 075	
11000	Diverse	kr 5 000	kr 5 000	
11151	Servering på møta	kr 6 300	kr 6 300	
11500	Kurs/konferanse	kr 18 000	kr 18 000	FKT og NKRF konferansane
11500	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr -	kr 25 000	Folkevaldopplæring kontrollutvalet i 2024
11600	Reise- og opphaldsutgifter oppg.pl.	kr 14 000	kr 14 000	FKT og NKRF konferansane mv.
11700	Persontransport	kr -	kr -	
11951	Kontingentar	kr 7 500	kr 8 300	Medlemskap FKT, jfr. årsmøtevedtak 2023
12700	Plan for forvaltninsrevisjon og plan for eigarskapskontroll		188 771	Aktuelt første år i valperioden, Kl. §§ 23-3 og 23-4
12700	Kjøp av sekretariatstenester	kr 210 000	kr 218 000	I høve avtale med Kvam herad, brev sendt 2014
12700	Konkurranseutsetting av revisjon	kr -	kr 30 000	Aktivitet kvart 4. år
12700	Ekstra tiltaksmidlar	kr 35 000	kr 35 000	
12700	Kjøp av revisjonstenester Deloitte AS	kr 653 085	kr 688 343	I høve avtale frå 01.07.2020
	Delsum	kr 948 885	kr 1 236 715	
14290	Meirverdiavgift	kr 238 586	kr 304 654	
17290	Moms-kompensasjon	kr -238 586	kr -304 654	
16900	Interne overføringer (VAR)	kr -		
	Total budsjetttramme	kr 1 037 107	kr 1 327 789	



Saksframlegg

Saksnr: 2023/377-6
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	30/23	28.08.2023

Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal orientere kontrollutvalet om kor langt dei er komen i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg, om alt går etter planen og om det kan vera aktuelt å justere bestillinga.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kvam Herad - Revidert prosjektplass vedlikehald av offentlege bygg.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte i sak PS 19/23 i møte 05.06.2023:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 19.06.2023.
3. Kontrollutvalet gjev kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne korrigerert prosjektplan
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.01.2024, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Under handsaming i møte i dette møtet kom det m.a. fram dette:

- Spørsmål 2 g) må presiserast i høve innspel i møtet.
- Det er ønskjeleg med eit intervju frå skular/barnehagar i kvar bygd, til saman 5.
- At Deloitte legg inn ei brei spørjeundersøking som omfattar skular, sjukeheimar, barnehagar mv.

Korrigerert prosjektplan i tråd med punkt 2 i vedtaket over vart motteke frå Deloitte innan fristen. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, godkjente den korrigererte prosjektplanen i e-post til Deloitte 20.06.2023

Den godkjende prosjektplanen ligg ved.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke og vurdere om Kvam herad har etablert føremålstenlege system og rutinar for å ivareta eit godt og verdibeverande vedlikehald av kommunale bygg, inkludert tydeleg fordeling av rollar og ansvar.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. Har Kvam herad ei føremålstenleg organisering knytt til vedlikehald av kommunale bygg?
 - a) Har heradet ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald av kommunale bygg?
 - b) Er det etablert føremålstenlege system, kanalar og arenaar for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar av kommunale bygg?
 - c) Har heradet tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ivareta oppgåver knytt til vedlikehald i kommunale bygg?
2. I kva grad sikrar Kvam herad eit verdibeverande vedlikehald av bygningsmassen?
 - a) I kva grad er det utarbeidd ein heilskapleg vedlikehaldsstrategi i heradet?
 - b) Har Kvam herad tilfredsstillande oversikt over vedlikehaldsetterslepet knytt til bygningsmassen?
 - c) I kva grad er det definert ønska tilstand for bygga?

- d) I kva grad har Kvam herad tilstrekkeleg oversikt over bygga sin faktiske tilstand?
 - e) I kva grad har Kvam herad gjort vurderingar av korleis ein kan sikre eit verdibevarande vedlikehald og redusere vedlikehaldsetterslepet?
 - f) Er kostnader til vedlikehald av bygningsmassen i samsvar med tilrådde normer?
 - g) I kva grad blir behov for vedlikehald vurdert opp mot kostnader knytt til nybygg?
3. I kva grad blir heradsstyret tilstrekkeleg orientert om behov for vedlikehald av dei kommunale bygga?

Deloitte har definert slik avgrensing i prosjektet

Forvaltningsrevisjonsprosjektet vil ikkje omfatte fysiske undersøkingar av bygningsmassen. Prosjektet vil i hovudsak vektleggje vedlikehald av kommunale føremålsbygg.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar medan det er heradsstyret som har mynde til å vedta revisjonsrapporten, jf. kommunelova § 23-3 og § 23-5.

Vurderingar og verknader

I dette revisjonsprosjektet vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking, analyse av statistikk og verifisering og høyring som metode.

Revisjonen ønskjer å gjennomføre 5 - 6 intervju med utvalde personar frå Kvam herad som er involvert i vedlikehald av offentlege bygg. I tillegg vil dei intervju utvalde representantar for brukarane av kommunale bygg frå kvar bygd i heradet, eksempelvis lærarar.

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift så langt i prosjektet. Deloitte vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser forhold (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.



Forvaltningsrevisjon | Kvam herad

Vedlikehald av offentlege bygg

Revidert prosjektplan

Juni 2023

«Forvaltningsrevisjon av vedlikehald av
offentlege bygg - prosjektplan»

Juni 2023

Prosjektplanen er utarbeidd for Kvam
herad av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Føremål og problemstillingar	2
2	Revisjonskriterier	4
3	Metode	7
4	Tid og ressursbruk	8

1 Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 26.04.2023 (sak 14/23) og innspel i møte med kontrollutvalet 05.06.2023 (sak 19/23) utarbeidd ein revidert prosjektplan for forvaltningsrevisjon av vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad.

Kvam herad forvaltar kommunale føremålsbygg på totalt om lag 58 000 kvadratmeter. Skular, barnehagar og administrasjonslokale er døme på føremålsbygg. Desse bygga er tilpassa bestemte føremål, og kan ikkje utan vidare nyttast til andre føremål. Forvaltning av kommunale føremålsbygg er ei viktig kommunal oppgåve. Dei kommunale bygga gir rammer for utvikling av lokalsamfunna og lokale tenestetilbod. Eigendomsforvaltninga representerer også ein stor del av kommunane sine utgifter. Kommunale bygg spelar også ei viktig rolle i arbeidet med klima-, energi- og miljø, då store delar av energiforbruket i Noreg er knytt til bygg og bruk av energi i bygg. Kommunale bygg kan også gjennom si universelle utforming bidra til likeverd for alle menneske.

Nøkkeltala nedanfor viser at Kvam Herad i perioden 2020 til 2022 ligg lågare enn samanliknbare kommunar når det gjeld utgifter knytt til vedlikehald av kommunale føremålsbygg. Kvam herad har i perioden 2020-2021 også hatt mindre utgifter til driftsaktivitetar enn samanliknbare kommunar, men heradet låg høgare enn kommunegruppa på utgifter til driftsaktivitetar per kvadratmeter i kommunale føremålsbygg i 2022 (Tabell 2)

Tabell 1: Utgifter til vedlikehald per kvadratmeter for kommunale føremålsbygg (kr) (Kilde: SSB)¹

	2020	2021	2022
Kvam Herad	35,2	25,4	23,4
KOSTRA-gruppe 5	88,7	81,2	80,2
Landet*	103,4	108,6	100,2

*Landet utanom Oslo

Tabell 2: Utgifter til driftsaktivitetar per kvadratmeter for kommunale føremålsbygg (kr)²

	2020	2021	2022
Kvam Herad	487,3	507,9	695,1
KOSTRA-gruppe 5	531,7	594,6	660,9
Landet*	551,1	636,1	716,9

*Landet utanom Oslo

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke og vurdere om Kvam herad har etablert føremålstenlege system og rutinar for å ivareta eit godt og verdibevarande vedlikehald av kommunale bygg, inkludert tydeleg fordeling av rollar og ansvar.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Har Kvam herad ei føremålstenleg organisering knytt til vedlikehald av kommunale bygg?

- Har heradet ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald av kommunale bygg?
- Er det etablert føremålstenlege system, kanalar og arenaar for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar av kommunale bygg?

¹ SSB, Eiendomsforvaltning i kommunesektoren, Tabell 12905: Utgifter til forvaltning, drift og vedlikehold av utvalgte kommunale formålsbygg, etter statistikkvariabel, art, funksjon, region og år.

² SSB, Eiendomsforvaltning i kommunesektoren, Tabell 12905: Utgifter til forvaltning, drift og vedlikehold av utvalgte kommunale formålsbygg, etter statistikkvariabel, art, funksjon, region og år.

- c) Har heradet tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ivareta oppgåver knytt til vedlikehald i kommunale bygg?
- 2. I kva grad sikrar Kvam herad eit verdibeverande vedlikehald av bygningsmassen?**
- a) I kva grad er det utarbeidd ein heilskapleg vedlikehaldsstrategi i heradet?
 - b) Har Kvam herad tilfredsstillande oversikt over vedlikehaldsetterslepet knytt til bygningsmassen?
 - c) I kva grad er det definert ønska tilstand for bygga?
 - d) I kva grad har Kvam herad tilstrekkeleg oversikt over bygga sin faktiske tilstand?
 - e) I kva grad har Kvam herad gjort vurderingar av korleis ein kan sikre eit verdibeverande vedlikehald og redusere vedlikehaldsetterslepet?
 - f) Er kostnader til vedlikehald av bygningsmassen i samsvar med tilrådde normer?
 - g) I kva grad blir behov for vedlikehald vurdert opp mot kostnader knytt til nybygg?
- 3. I kva grad blir heradsstyret tilstrekkeleg orientert om behov for vedlikehald av dei kommunale bygga?**

1.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonsprosjektet vil ikkje omfatte fysiske undersøkingar av bygningsmassen. Prosjektet vil i hovudsak vektleggje vedlikehald av kommunale føremålsbygg.³

³ Skular, barnehagar og administrasjonslokale er døme på føremålsbygg. Desse bygga er tilpassa bestemte føremål, og kan ikkje utan vidare nyttast til andre føremål.

2 Revisjonskriterier

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Overordna lovkrav

Av lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) § 31-1 går følgjande fram:

Eieren eller den ansvarlige skal holde byggverk og installasjoner som reguleres av denne loven, i forsvarlig stand, slik at det ikke oppstår vesentlig ulempe for eller fare for skade på personer, eiendom eller miljø.

I kommunelova § 25-1 går det fram at kommunar og fylkeskommunar skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrifter blir etterlevd. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vidare vere systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen er det kommunedirektøren si oppgåve å:

- a) utarbeide ei skildring verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- c) avdekkje og følgja opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentera internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluera og ved behov forbetra skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

2.3 Standardar og beste praksis

Eigedomsforvaltning er eit mindre lovregulert område samanlikna med andre saksområda innanfor den kommunale forvaltninga. Derfor vil standardar og beste praksis frå offentlege utredningar og anna kunnskapsgrunnlag vere sentrale revisjonskriterier.

2.3.1 Vedlikehaldsstrategi

Regjeringa oppnemnte ved kongeleg resolusjon av 21. november 2003 eit utval («Eigedomsforvaltningsutvalet») for å gjennomgå og evaluere eigedomsforvaltninga i kommunar og fylkeskommunar. Utvalet skulle mellom anna stille opp kriterium for god eigedomsforvaltning. Eigedomsforvaltningsutvalet viser til at første kriterium for god eigedomsforvaltning er at eigaren av eit bygg fastset dei målsettingane, prioriteringane og rammene som eigedomsforvaltninga skal styrast etter. Andre kriterium, ifølgje eigedomsforvaltningsutvalet, er at det må vere eit rasjonelt (målretta) system for planlegginga og styringa av eigedomsforvaltninga, basert på tilstandsinformasjon og planlegging av tiltak.

Eigedomsforvaltningsutvalet peiker i NOU 2004:22, «*Velholdte bygninger gir mer til alle*», på at planmessig vedlikehald er lønsamt over tid, og vil medføre lågare forvaltningskostnader enn dersom vedlikehaldet blir utført etter «brannsløkkingsmetoden». Eigedomsforvaltningsutvalet definerer planmessig vedlikehald som:

(...) tiltak som tar sikte på å opprettholde kvaliteten eller forsinke forringelsen av de tekniske egenskapene som er nødvendige for at bygningsdelene skal kunne funksjonere som forutsatt. I dette inngår også utskifting av komponenter, for eksempel utskifting av fugemasse, utskifting av listverk, dører, vinduer osv.⁴

Eigedomsforvaltningsutvalet viser til at eit vanleg alternativ til planmessig vedlikehald er å la bygg forfalle gradvis før det blir gjennomført større rehabiliteringar.

⁴ Eigedomsforvaltningsutvalet. NOU 2004: 22. «Velholdte bygninger gir mer til alle»

I ein rapport utarbeidd på oppdrag for Kommunanes Sentralforbund (KS), blir det vist til at «en vedlikeholdsstrategi omfatter og konkretiserer målsettinger for vedlikeholdet av bygningsmassen og beskriver hvordan målene skal nås.»⁵ Vidare blir det vist til at alternativet til ein definert strategi ofte er ein umedviten «akuttstrategi» der vedlikehaldsarbeidet ber preg av «brannsløkking». Dette gjev totalt sett eit meir kostbart vedlikehald. Ifølgje rapporten må ein vedlikehaldsstrategi som eit minimum tilfredsstille dei lovpålagte krava i plan- og bygningslova.

Vidare blir det peika på at vedlikehaldsstrategien normalt har «eit verdibevarande vedlikehald» som fundament. Dette inneber at eigaren forpliktar seg til å oppretthalde verdien på bygga sine gjennom levetida ved å sørgje for tilfredsstillande vedlikehald.⁶ Det blir konstatert at utarbeiding av vedlikehaldsstrategi er eigar sitt ansvar, og at «ambisjonsnivå for tilstand og standard må ha en politisk forankring.»⁷ Det blir også vist til at ein vedlikehaldsstrategi kan referere til målbare krav jf. NS 3424 (sjå meir om denne standarden på side 6).

2.3.2 Verdibevarande vedlikehald

Ifølgje st.prp.nr.61 (2005 – 2006) er det «en sentral målsetting at dagens vedlikeholdsetterslep fjernes, samtidig som man unngår at nytt etterslep oppstår». Det blir også vist til at for å oppnå dette, må kommunesektoren auke driftsutgiftene til vedlikehald. Av melding til Stortinget nr. 28 (2011–2012) går det fram at det offentlege skal ha framtidsretta og kostnadseffektive bygg.

I KS sin rettleiar for betre eigedomsforvaltning og vedlikehald frå 2009, blir det vist til at anslått årleg vedlikehaldsbehov, for å ha eit verdibevarande vedlikehald, vil vere 100 kroner per m² ved 30 års levetid og 170 kroner per m² ved 60 års levetid (inkludert naudsynte oppgraderingar).⁸ Dette er eit gjennomsnitt basert på vedlikehaldsbehovet til ulike bygningstypar, og arealfordelinga mellom bygningstypane.

Det blir vidare peikt på at utan, eller ved lågt vedlikehald, vil bygget vere slitt ned etter 15-20 år og kommunen blir «løpande» mellom akutte situasjonar og offentlege pålegg som krev ekstraordinære løyvingar. Det går også fram at manglande vedlikehald tvinger fram ei tidlegare totalrehabilitering, som vil kunne auke driftsutgiftene (inkludert årlege renter og avdrag) til langt meir enn 100 kroner per m² per år. KS konkluderer i sin rettleiar med at eit godt kontinuerleg vedlikehald er lønsamt.

I rettleiaren blir det vidare vist til relevant regelverk og oppsummeringa

«Grovt sett kan man si at dersom kommunen følger lover og forskrifter for sine bygg har man også en rimelig godt vedlikeholdt bygningsmasse som ivaretar brukernes behov for helse, miljø og sikkerhet i den daglige virksomheten.»⁹

I NOU 2004:22, «Velholdte bygninger gir mer til alle» er det lista opp fire overordna kriterium for god eigedomsforvaltning. I kriterium 3 er godt, verdibevarande vedlikehald framheva.

Tabell 3: Kriterium for god eigedomsforvaltning¹⁰

Kriteriar	Beskriving
Kriterium 1	Det foreligger overordnede politisk bestemte mål for eiendomsforvaltningen
Kriterium 2	Det foreligger et rasjonelt system for planlegging og styring av eiendomsforvaltningen
Kriterium 3	Generelle delkriterier: • Tilfredsstille prioriterte brukerbehov • Effektiv arealutnyttelse • Godt, verdibevarende vedlikehold • Kostnadseffektiv eiendomsforvaltning • Måltrettet utvikling av eiendommens kvaliteter • En hensiktsmessig organisering av eiendomsforvaltningen • Riktige økonomiske rammebetingelser tilpasset eiendomsforvaltningens langsiktige karakter
Kriterium 4	Lovpålagte krav overfor eier og bruker blir ivare tatt.

⁵ Multiconsult og PwC (2008): Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde.

⁶ Multiconsult (2008): «Vedlikehold i kommunesektoren. Areal, tilstand, oppgraderingsbehov, vedlikeholdsstrategi». Appendiks 1.

⁷ Ibid

⁸ Vedlikehaldsbehovet er utrekna i 2008/2009 og reflekterer difor kostnadsnivåa i 2008/2009.

⁹ KS 2009. «Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold – En veileder for folkevalgte og rådmenn»

¹⁰ Eigedomsforvaltningsutvalet. NOU 2004: 22. «Velholdte bygninger gir mer til alle», s. 13

2.3.3 Tilstandsinformasjon

Informasjon om tilstanden til eit bygg er eit viktig element for planlegging og styring av eigendomsforvaltninga. For å sikre ei rasjonell, kostnadseffektiv og formålseffektiv eigendomsforvaltning må det innhenta informasjon om eigendommene og forvaltninga sin tilstand for å vurdere mot vedtekne mål og standardar og kva tiltak det er føremålstenleg å sette i verk slik at desse skal bli oppfylt.¹¹

I samband med denne forvaltningsrevisjonen vil vi nytte tilstandsgradene som går fram av Norsk Standard 3424 (NS3424), *Tilstandsanalyse for byggverk. Innhold og gjennomføring*.¹² I NS3424 blir fire graderingar for vurdering av tilstandsgrad for eit bygg presentert. Desse er framstilt i tabell 4 under.

Tabell 4: Kartlegging av tilstand jf. NS3424

Tilstandsgrad	Tilstand jamfør referansenivået	Skildring
0	Ingen avvik	Veldig god standard utan feil og manglar og berre ubetydeleg slitasje og elde frå nybyggstandard Ingen symptom på avvik
1	Mindre eller moderate avvik	God, tilfredsstillande standard, der alle lovar og forskrifter er ivareteke. Noko slitasje og elde frå nybyggstandard.
2	Vesentlege avvik	Eit visst omfang av feil og manglar som krev teknisk utbetring og/eller avvik frå lovar og forskrifter.
3	Stort eller alvorleg avvik	Omfattande skadar, feil og manglar. Mykje slitasje. Monaleg behov for teknisk utbetring. Avvik frå lovar og forskrifter.

2.3.4 Rapportering og avgjerdsgrunnlag

Heradsstyret gir eigendomsforvaltar i oppgåve å rapportere i kva grad dei kommunale bygga og dei offentlege krava er tilfredsstillt. I følge KS sin rettleiar «*Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold – En veileder for folkevalgte og rådmenn*»¹³ er det eit minimumskrav til eigendomsforvaltarane er at dei rapporterer tilstand på all kommunal bygningsmasse, med forslag til prioriteringar og berekna utbetningskostnader. Rapporten kan og bør også inngå i kommunane sin årsrapport.

¹¹ Eignedomsforvaltningsutvalet. NOU 2004: 22. «Velholdte bygninger gir mer til alle», s. 38

¹² Heretter omtala som NS3424

¹³ KS 2009. «Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold – En veileder for folkevalgte og rådmenn»

3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om heradet og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mm. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju utvalde personar frå Kvam herad som er involvert i vedlikehald av offentlege bygg. Vi tek sikte på å gjennomføre ca. 5-6 intervju. I tillegg vil vi intervju utvalde representantar for brukarane av kommunale bygg frå kvar bygd i heradet, eksempelvis lærarar. Utvalet av personar vil bli gjort med bakgrunn i anna dokumentasjon og data som seier noko om kva bygg det er eventuelt knytt størst utfordringar til. Det vil vere aktuelt å gjennomføre intervju med inntil 5 representantar for brukarane av bygga.

3.3 Spørjeundersøking

Revisjonen vil sende ut ei elektronisk spørjeundersøking til eit utval leiare, tillitsvalde og verneombod i kommunen for å få informasjon om korleis dei som brukarar av kommunale bygg mellom anna vurderer tilstanden til bygga og vedlikehaldsarbeidet i kommunen. Undersøkinga vil omfatte skular, sjukeheimar, barnehagar mv.

3.4 Analyse av statistikk

Revisjonen vil nytte informasjon om vedlikehaldskostnader frå KOSTRA for å samanlikne Kvam herad sine vedlikehald- og driftskostnader med gjennomsnitt for kommunegruppa, fylket og landet. Eventuelle andre tilgjengelege statistikkar og oversikter kan også bli nytta dersom dei blir vurderte som relevante for å svare på problemstillingane.

3.5 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuar for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til kommunedirektøren for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til kommunedirektøren for uttale. Kommunedirektøren sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Espen Stokke (seniorkonsulent) og ein medarbeidar (konsulent eller seniorkonsulent). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 310 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i heradsstyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i heradsstyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere juni 2023 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av januar 2024. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at heradet sender over etterspurt dokumentasjon inkludert stikkprøvar innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Kvam herad og Deloitte.

Bergen, 19. juni 2023



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2023 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2022/184-10
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	31/23	28.08.2023

Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad som kan vera av interesse for utvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 09.03.2020 vart kontrollutvalet samde om å fordele oppgåvene med å lese gjennom møteprotokollane. I møte i kontrollutvalet 05.09.2022 gjorde kontrollutvalet vidare slikt vedtak

«Ramune Paulauskiene tek over ansvar for å gjennomgå møteprotokollar frå heradsstyret etter Anita Sørnes.»

Vidare vart det gjort slikt vedtak i møte i kontrollutvalet 14.11.2022:

«Frank Jacobsen overtar ansvaret, saman med Håvard Gjerde, for å gjennomgå møteprotokollar frå formannskapet etter Svanhild Botnen.»

Etter dette vert ansvar for å gjennomgå møteprotokollane fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Heradsstyret	Ramune Paulauskiene
Formannskapet	Håvard Gjerde og Frank Jacobsen
Miljø, plan og bygningsutval	Gjermund Stuve og Michael Iversen

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad. Møteprotokollane kan lastast ned frå heimesida til heradet på denne lenkja: <https://www.kvam.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan/>

Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i heradet på, og kunne fange opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som er aktuell for gjennomgang:

- Heradsstyret 19. – 20.06.2023
- Formannskapet 13. – 14.06.2023
- Miljø, plan og bygningsutval 15.06.2023

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane som kontrollutvalet bør vite meir om, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga over til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/192-13
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	32/23	28.08.2023

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 09.03.2020 i PS 10/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessutan eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.



23. juni 2023

Kjære medlemmer

Mange av dere folkevalgte vil sannsynligvis ikke fortsette i kontrollutvalget etter valget i september. Til dere vil jeg si takk for nå og lykke til med nye prosjekter. Men mange blir sittende, og dere håper jeg å se igjen på konferanser og samlinger.

Vi håper at sekretariatene kan ha nytte av FKTs nye opplæringspakke når utvalgene skal læres opp. Vi håper også at nyvalgte kontrollutvalgsledere vil delta på Kontrollutvalgslederskolen.

Mer informasjon om konferanser og samlinger kommer. Hold deg også oppdatert ved å følge med på www.fkt.no.

OPPLÆRINGSPAKKE FOR NYE KONTROLLUTVALG

[FKTs opplæringspakke](#) inneholder PowerPoint-presentasjoner med disse temaene: (Nedlastning av presentasjonene krever pålogging til medlemssidene.)

- Roller og samspill
- Planarbeidet
- Arbeid med forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll
- Økonomiforvaltningen
- Påseansvaret
- Henvendelser

Her er også en kortversjon av presentasjonen om roller og samspill som kan benyttes i den generelle folkevalgtopplæringen av kommunestyret og fylkesting.

Det er lagt inn tekst i notatfeltet under lysbildene som kan tilpasses og benyttes av foredragsholder. Vi anbefaler at utvalgene får tilsendt presentasjonene med tilhørende notater.

KONFERANSER OG SAMLINGER

Kontrollutvalgslederskolen

Kontrollutvalgslederskolen har som mål å gjøre lederne tryggere i rollen. Vi vil tilby faglig innsikt utover det som tilbys i ordinære konferanser. Undervisningen vil være variert. Kontrollutvalgsmedlemmer og sekretærer kan også delta.

- [Del 1, november 2023](#) (dato er ikke bestemt ennå) digital/Teams
Her legger vi vekt på grunnleggende rolleforståelse og kontrollutvalgets samspill med andre aktører. Andre viktige tema vil være påseansvaret, bestiller-rollen og hvilke verktøy kontrollutvalget har til rådighet. Samlingen blir sannsynligvis arrangert over to dager, (3 + 3 timer).
- [Del 2, 5. og 6. februar 2024](#), Clarion Oslo Airport, Gardermoen
På den fysiske samlingen legger vi opp til god tid til diskusjoner i grupper om relevante problemstillinger som dukker opp i møter og som kontrollutvalgslederen må være forberedt på. På dag 2 vil håndtering av media være sentralt.

Sekretariatskonferansen

19. og 20. mars 2024, Quality Airport Hotel Gardermoen

Fagkonferansen

3. og 4. juni 2024, Quality Airport Hotel Gardermoen

I forbindelse med fagkonferansen, har vi også årsmøte 3. juni.

PROSJEKTER

FKT og NKRF er godt i gang med et samarbeidsprosjekt om utvikling av normer for sekretariatene.

Følgende anbefalinger ble fastsatt av styrene i FKT og NKRF i slutten av mai:

- [Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene – bestilling, behandling og oppfølging av forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll](#)

Formålet med denne er å gi relevant veiledning til kontrollutvalgssekretariat om arbeidet som følger av foreliggende plan for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Anbefalingen kan også anvendes på andre bestillinger så langt det passer.

- [Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene – møtebok](#)

Formålet med denne er å gi anbefalinger om hvordan kontrollutvalgssekretariatene skal føre protokoll fra kontrollutvalgsmøter.

Samarbeidet med anbefalinger fortsetter videre, og for tiden er to arbeidsgrupper i gang med å utarbeide forslag til anbefalinger for:

- Risiko- og vesentlighetsvurdering (ROV) og plan for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll
- Budsjet for kontrollarbeidet

Disse kommer på ekstern høring i løpet av høsten.

ORGANISASJONEN

Du finner styreprotokollene på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Send e-post til fkt@fkt.no hvis du ønsker å få tilsendt brukernavn og passord.

Styrets møtekalender for høsten 2023: 14. august, 16. oktober og 7. desember.

[Protokollen fra årsmøtet 2023 finner du her:](#)

I løpet av det siste halvåret har FKT fått ni nye medlemmer. Disse er: Sekretariatet for kontrollutvalget i region Nordhordland, kontrollutvalgene i Sykkylven, Sula, Giske, Fjord, Stranda, Voss, Fedje og Austrheim kommuner. Velkommen skal dere være!

NYHETSBREV

I tillegg til medlemsbrev sender FKT ut nyhetsbrev til alle som er interessert.

Personvernreglene krever ditt samtykke hvis du vil ha nyhetsbrev fra FKT. Du kan melde deg på her: www.fkt.no (like under hoved-nyhetene)

Følg oss gjerne på [facebook](#) og på [twitter](#)

Med ønske om en riktig god sommer og et godt valg!

Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær

Til
kommuner og fylkeskommuner

Attn.:
Ordfører
kommunaldirektør / fylkeskommunedirektør
Byråd / fylkesråd
Saksansvarlig valgteknisk forberedelse

Oslo 26.7 2023

Valg og opplæring av kontrollutvalg for perioden 2023–2027

Kontrollutvalget er ett av de få lovfestede utvalgene i kommunen/fylkeskommunen - et stadig mer sentralt utvalg, ikke minst på grunn av økt satsing på forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Det gjør også at kommunestyrene og fylkestingene prioriterer utvalget høyere nå enn før. Forum for kontroll og tilsyn ser det som en naturlig og gledelig utvikling.

Kontrollutvalget er ellers spesielt mht. hvem som kan velges. Vi bruker å få meldinger om feil ved valg av kontrollutvalg etter kommune- og fylkestingsvalg. Vi vil derfor gi noen råd og innspill før nytt utvalg skal velges til høsten:

KOMMUNELOVENS BESTEMMELSER OM VALG AV KONTROLLUTVALG

§ 7-1 Konstituerende møte i kommunestyret og fylkestinget

Kontrollutvalget skal velges på det konstituerende møtet, etter valg av formannskap/fylkesutvalg, ordfører/fylkesordfører og varaordfører/fylkesvaraordfører.

§ 23-1 Kontrollutvalget

Kommunestyret og fylkestinget velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget. Lederen kan ikke være medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren. Utvalget skal ha minst fem medlemmer. Minst ett medlem skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.

Utelukket fra valg er

- a) Ordfører og varaordfører
- b) Medlemmer og varamedlemmer av formannskap eller fylkesutvalg
- c) medlemmer og varamedlemmer av folkevalgt organ med beslutningsmyndighet.
Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret eller fylkestinget er likevel valgbare
- d) medlemmer av kommuneråd eller fylkesråd
- e) medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité eller fylkestingskomité
- f) ansatte i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen (gjelder også deltidsstillinger)
- g) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret
- h) eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- i) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i et interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgavefellesskap.

Kommunelovens regler om kjønnsmessig balanse gjelder også for kontrollutvalget.

KONTROLLUTVALGETS ROLLE I FOLKEVALGTPROGRAMMET

Kommunestyret og fylkestinget har det øverste ansvaret for å kontrollere kommunens og fylkeskommunens virksomhet. Derfor er det viktig at kontrollutvalgets funksjon og rolle gis god plass i folkevalgtopplæringen.

Basisprogrammet

Vi er kjent med at det i forkant av basisprogrammet i KS sitt folkevalgtprogram 2023-2027, vil arrangeres formøte mellom prosessveileder fra KS og kommunen/fylkeskommunen. FKT oppfordrer til at kontrollutvalgets sekretariat inviteres til møtet. Sekretariatet kan bidra med sin erfaring og gi gode tips om kunnskapsbehovet. Hvis kontrollutvalget skal kunne gjøre en god jobb for kommunestyret og fylkestinget, er det viktig at medlemmene kjenner hele den kommunale/fylkeskommunale virksomheten. Basisprogrammet er i så måte en god anledning og kontrollutvalget bør få tilbud om å delta på opplæringen.

Temadager

KS anbefaler at det arrangeres temadager som kommer i tillegg til basisprogrammet. Her kan kommunen/fylkeskommunen selv legge inn fordypninger i ulike emner. Det er særlig viktig at kommunestyret og fylkestinget kjenner sin styringsrolle og sitt ansvar som øverste ansvarlig for egenkontrollen. Kunnskap om kontrollutvalgets rolle og arbeid er viktige i denne sammenhengen. FKT har laget en PowerPoint-presentasjon, «Roller og samspill» som kan benyttes i den generelle folkevalgtopplæringen av kommunestyret og fylkesting.

OPPLÆRING AV KONTROLLUTVALG

Kontrollutvalget er et lovfestet og viktig utvalg som bør ha dyktige medlemmer. FKT er godt i gang med å planlegge opplæringstiltak for kontrollutvalgene etter valget. Vi vil tilby våre medlemmer en seire PowerPoint-presentasjoner som kan benyttes lokalt evt. regionalt. https://www.fkt.no/publikasjoner/opplaeringspakke_for_kontrollutvalg/

Vi vil også tilby et eget kursopplegg for kontrollutvalgsledere. «Kontrollutvalgslederskolen» har som mål å gjøre lederne tryggere i rollen. Vi tilbyr faglig innsikt utover det som tilbys i ordinære konferanser. Del 1 er digital og gjennomføres i november. Her gjennomgår vi grunnleggende opplæring om roller og samspill i den kommunale og fylkeskommunale egenkontrollen. Andre interesserte er velkommen til å delta på del 1. Del 2 er fysisk samling 5.– 6. februar på Gardermoen. Vi vil sende ut invitasjoner mer informasjon om tilbudet etter valget.

Vi oppfordrer kommuner og fylkeskommuner til å avsette tilstrekkelige ressurser i budsjettet for 2024 til opplæring av nytt kontrollutvalg.

FKT er tilgjengelige for spørsmål som måtte dukke opp i forbindelse med valg av kontrollutvalg, egenkontrollens plass i folkevalgtopplæringen og opplæring av kontrollutvalg.

Kopi:

FKTs kontrollutvalgs- og sekretariatsmedlemmer

Med vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen

Forum for kontroll og tilsyn

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) ble stiftet i 22. november 2005. Vi har 195 kommuner og 7 fylkeskommuner som medlemmer og vi har 22 kontrollutvalgssekretariat som dekker mer enn 250 kommuner/fylkeskommuner.

FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / +47 414 71 166 / fkt@fkt.no / www.fkt.no



Forum for
kontroll og tilsyn

FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / +47 414 71 166 / fkt@fkt.no / www.fkt.no

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam Ungdomsråd	12.06.2023	023/23
Kvam formannskap	13.06.2023	066/23
Kvam heradsstyre	19.06.2023	072/23
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre	16.06.2023	011/23

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksh.: Neteland, Kristi	Objekt:	23/1551 - 1

1. tertialrapport 2023

Behandling i politiske utval:

12.06.2023, URÅD- 023/23 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande endring:

Kvam ungdomsråd ber om at det vert løyvd opp til kr.1. 075.000 til prosjektet «Base Camp» ved Ungdomsbasen i Norheimsund.

Prosjektet starta i 2019. Svært mange ungdommar inkludert representantar frå ungdomsrådet har vore involverte i prosessen. Ungdommane har heile vegen fått vera med i arbeidet med utforminga av prosjektet og har fått sagt meiningane sine om korleis dei vil at uteområdet skal sjå ut utanfor ungdomsbasen i Norheimsund.

Ungdomsrådet har dei siste åra fått spørsmål frå andre ungdommar i Kvam om uformelle møteplassar. Det er difor eit stort behov å få til uformelle møteplassar for ungdom der dei kan ha tilgang til wifi, lada telefon, sitte under tak og samlast. Ungdomsrådet meiner at møteplassen kan bli eit knutepunkt for ungdom i heile Kvam fordi det er plassert sentralt og det er lett å komme seg dit. Det vil også vera ein plass der ungdom kan bli kjent med nye folk. Dette er positivt og viktig for trivsel meiner me.

Ungdomsrådet meiner at prosjektet no er klart for å realiserast og løftar difor saka opp politisk for å få støtte til prosjektet. Saka er viktig for ungdom i Kvam og vil kunna vera ein føregangsmodell og døme for andre uformelle møtestadar for ungdom i Kvam som kan lagast til seinare.

Prosjektet er estimert til kr. 1. 075.000.

13.06.2023, FSK- 066/23 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:

*Punkt 1. Fritidskortet: auke frå 1000 til 1100 kr frå hausten. Deretter årleg kpi justering.
Finansiering: 120.000 for i år frå driftsfond.*

Punkt 2. Nytt eingongstilskot til vedlikehald av uteområde ved skulane.

FAU kan i samråd med elevråd, skuleleiing og teknisk eining disponera dette eingongstilskotet til tiltak ute eller inne på skulen, til beste for elevane.

For å gjera ordning enkel, er dette reine tilskot til FAU og tilskota er like store til alle skulane utanom til Strandebarm - pga dei har 1-10 skule og dermed fleire behov pga større aldersspredning.

100 000 til FAU Ålvik skule

100 000 til FAU Øystese skule

100 000 til FAU Kvam ungdomsskule

100 000 til FAU Norheimsund skule

100 000 til FAU Tørvikbygd skule

200 000 til FAU i Strandebarm skule

Finansiering: Disposisjonsfond 700 000 kr.

Punkt 3. HERADET KJØPER SEG INN I BYGGJEPROSJEKT

Me gjev rådmannen løyve til å forhandla med private utbyggjarar om å kjøpa seg inn i leilighets- /fleirpersonhusvære-prosjekt i heile Kvam– gjerne ved bruk av Husbanken sine ordningar.

Mål:

1) Skaffa naudsynte utleigebustader

2) Gjennom kjøp få i gang planlagde prosjekt som ikkje er komne i gang pga manglande førehandssal.

Me veit at tilgang på leiligheiter og liknande fører til ledige einestader som igjen fører til heimflytting/tilflytting.

Sum: Inntil 50 mill. Finansiering: Lån

Punkt 4. Vegen i Tangeråsli.

Vegen i Tangeråsli som vart vedteken privatisert vert omgjort frå privat til offentleg veg att

Saksordførar: Frode Nygård, FrP

16.06.2023, RMNFE- 011/23 Vedtak:

RMNFE tok 1. tertialrapport til vitande

19.06.2023, HST- 072/23 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:

Punkt 1. Fritidskortet: auke frå 1000 til 1100 kr frå hausten. Deretter årleg kpi justering.

Finansiering: 120.000 for i år frå driftsfond.

Punkt 2. Nytt eingongstilskot til vedlikehald av uteområde ved skulane.

FAU kan i samråd med elevråd, skuleleiing og teknisk eining disponera dette eingonstilskotet til tiltak ute eller inne på skulen, til beste for elevane.

For å gjera ordning enkel, er dette reine tilskot til FAU og tilskota er like store til alle skulane utanom til Strandebarm - pga dei har 1-10 skule og dermed fleire behov pga større aldersspredning.

100 000 til FAU Ålvik skule

100 000 til FAU Øystese skule

100 000 til FAU Kvam ungdomsskule

100 000 til FAU Norheimsund skule

100 000 til FAU Tørvikbygd skule

200 000 til FAU i Strandebarm skule

Finansiering: Disposisjonsfond 700 000 kr.

Punkt 3. HERADET KJØPER SEG INN I BYGGJEPROSJEKT

Me gjev rådmannen løyve til å forhandla med private utbyggjarar om å kjøpa seg inn i leilighets- /fleirpersonhusvære-prosjekt i heile Kvam– gjerne ved bruk av Husbanken sine ordningar.

Mål:

1) Skaffa naudsynte utleigebustader

2) Gjennom kjøp få i gang planlagde prosjekt som ikkje er komne i gang pga manglande førehandssal.

Me veit at tilgang på leiligheiter og liknande fører til ledige einestader som igjen fører til heimflytting/tilflytting.

Sum: Inntil 50 mill. Finansiering: Lån

Punkt 4. Vegen i Tangeråslia.

Vegen i Tangeråslia, hus nr 34-38, som vart vedteken privatisert skal tilbakeførast til kommunal veg.

- Auka lønnsramme til kulturskulen med 500 000 kr*
- Støtta prosjektet «Bordtennis for alle 24/7!» med 140 000 kr*
Finansierast med disposisjonsfond
- Heradsstyret bed rådmannen om å få utarbeidd ein tilstandsrapport for bassenget i Ålvik. Bassenget er viktig for bygda, og ein rapport kan brukast som grunnlag for vurdering av kommunalt tilskot til naudsynt vedlikehald og utbetring.*
- Det vert sett av kr 1.075 mill til prosjektet Base-camp. Utbetaling skjer når/dersom prosjektet får naudsynte løyve/dispensasjonar. Finansierte frå investeringsfond.*

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

- a. Rapporten for 1. tertialrapport 2023 vert teken til vitande.
- b. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «Resultatoversikt» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.
- c. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansiering» og "Status investeringar, 2B" som ligg i rapporten.
- d. Kvam herad nyttar rettleiande statlege satsar for sosialhjelp, avrunda oppover til næraste 100, heller enn nærmaste 50 som på gjeldande satsar». Endringa vert gjort innanfor gjeldande budsjettrammer.
- e. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar. Lånebehovet for 2023 er budsjettert til 143,7 mill.kr med fråtrekk av ubrukte lånemidlar per 01.01.2023.

Samandrag:

Rådmannen legg fram rapport om den kommunale økonomien etter 1. tertial 2022. Tertialen vert publisert i det nettbaserte verksemdstyringssystemet Framsikt, på denne lenkja:

[1. tertial rapport 2023.](#)

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
126331	1. tertialrapport 2023
124929	Prosjektrapport drift 1T 2023
124927	Kvam - gjeldsrapport pr 30.04.23
124928	Kvam herad - finansrapport per 30.04.2023
126335	Fondsoversikt 2023-2026

12.06.2023 Kvam Ungdomsråd**Fellesframlegg frå Kvam ungdomsråd:**

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande endring:

Kvam ungdomsråd ber om at det vert løyvd opp til kr.1. 075.000 til prosjektet «Base Camp» ved Ungdomsbasen i Norheimsund.

Prosjektet starta i 2019. Svært mange ungdommar inkludert representantar frå ungdomsrådet har vore involverte i prosessen. Ungdommane har heile vegen fått vera med i arbeidet med utforminga av prosjektet og har fått sagt meiningane sine om korleis dei vil at uteområdet skal sjå ut utanfor ungdomsbasen i Norheimsund.

Ungdomsrådet har dei siste åra fått spørsmål frå andre ungdommar i Kvam om uformelle møteplassar. Det er difor eit stort behov å få til uformelle møteplassar for ungdom der dei

kan ha tilgang til wifi, lada telefon, sitte under tak og samlast. Ungdomsrådet meiner at møteplassen kan bli eit knutepunkt for ungdom i heile Kvam fordi det er plassert sentralt og det er lett å komme seg dit. Det vil også vera ein plass der ungdom kan bli kjent med nye folk. Dette er positivt og viktig for trivsel meiner me.

Ungdomsrådet meiner at prosjektet no er klart for å realiserast og løftar difor saka opp politisk for å få støtte til prosjektet. Saka er viktig for ungdom i Kvam og vil kunna vera ein føregangsmodell og døme for andre uformelle møtestadar for ungdom i Kvam som kan lagast til seinare.

Prosjektet er estimert til kr. 1. 075.000.

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke

Ungdomsrådet ønskjer å møta i formannskapet og heradsstyre sitt møte å sjølv leggja fram saka:

Leiar Ida, nestleiar Malene, Isak og Vegard møter.

URÅD- 023/23 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande endring:

Kvam ungdomsråd ber om at det vert løyvd opp til kr.1. 075.000 til prosjektet «Base Camp» ved Ungdomsbasen i Norheimsund.

Prosjektet starta i 2019. Svært mange ungdommar inkludert representantar frå ungdomsrådet har vore involverte i prosessen. Ungdommane har heile vegen fått vera med i arbeidet med utforminga av prosjektet og har fått sagt meiningane sine om korleis dei vil at uteområdet skal sjå ut utanfor ungdomsbasen i Norheimsund.

Ungdomsrådet har dei siste åra fått spørsmål frå andre ungdommar i Kvam om uformelle møteplassar. Det er difor eit stort behov å få til uformelle møteplassar for ungdom der dei kan ha tilgang til wifi, lada telefon, sitte under tak og samlast. Ungdomsrådet meiner at møteplassen kan bli eit knutepunkt for ungdom i heile Kvam fordi det er plassert sentralt og det er lett å komme seg dit. Det vil også vera ein plass der ungdom kan bli kjent med nye folk. Dette er positivt og viktig for trivsel meiner me.

Ungdomsrådet meiner at prosjektet no er klart for å realiserast og løftar difor saka opp politisk for å få støtte til prosjektet. Saka er viktig for ungdom i Kvam og vil kunna vera ein føregangsmodell og døme for andre uformelle møtestadar for ungdom i Kvam som kan lagast til seinare.

Prosjektet er estimert til kr. 1. 075.000.

13.06.2023 Kvam formannskap

Fellesframlegg frå AP og FrP sett fram av Frode Nygård, FrP: Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:

Punkt 1. Fritidskortet: auke frå 1000 til 1100 kr frå hausten. Deretter årleg kpi justering.

Finansiering: 120.000 for i år frå driftsfond.

Punkt 2. Nytt eingongstilskot til vedlikehald av uteområde ved skulane.

FAU kan i samråd med elevråd, skuleleiing og teknisk eining disponera dette eingongstilskotet til tiltak ute eller inne på skulen, til beste for elevane.

For å gjera ordning enkel, er dette reine tilskot til FAU og tilskota er like store til alle skulane utanom til Strandebarm - pga dei har 1-10 skule og dermed fleire behov pga større

aldersspredning.

100 000 til FAU Ålvik skule

100 000 til FAU Øystese skule

100 000 til FAU Kvam ungdomsskule

100 000 til FAU Norheimsund skule

100 000 til FAU Tørvikbygd skule

200 000 til FAU i Strandebarm skule

Finansiering: Disposisjonsfond 700 000 kr.

Punkt 3. HERADET KJØPER SEG INN I BYGGJEPROSJEKT

Me gjev rådmannen løyve til å forhandla med private utbyggjarar om å kjøpa seg inn i leilighets- /fleirpersonhusvære-prosjekt i heile Kvam– gjerne ved bruk av Husbanken sine ordningar.

Mål:

1) Skaffa naudsynnte utleigebustader

2) Gjennom kjøp få i gang planlagde prosjekt som ikkje er komne i gang pga manglande førehandssal.

Me veit at tilgang på leiligheter og liknande fører til ledige einestader som igjen fører til heimflytting/tilflytting.

Sum: Inntil 50 mill. Finansiering: Lån

Punkt 4. Vegen i Tangeråslia.

Vegen i Tangeråslia som vart vedteken privatisert vert omgjort frå privat til offentleg veg att

Tilleggsforslag frå Kari Mostad, MDG: som rådmannen sitt forslag med tillegg:

- sette av kr 200 000 til rapport for vurdering og berekning av effekt av tiltak for potensiale for reduserte klimautslepp

- støtte oppretting og utvikling av uformelle møteplasser for ungdom. Prioritere kr 100 000 til gjennomføre Base camp Norheimsund

finansiering disposisjonsfond, ekstraordinære strauminntekter

Ungdomsrådet V/ Isak Vik orienterte om Kvam ungdomsråd si sak "Base Camp" og om uttalen til URÅD i tilknytning 1. tertial i forkant av handsaminga av saka.

Røysting:

1. Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 9 røyster
2. Tilleggsforslaget til KrF, Høgre, Ap og FrP sett fram av Frode Nygård, FrP vart vedteke med 8 røyster mot 1 røyst. Siv Håbrekke, SP røysta i mot framlegget.
3. Tilleggsforslaget til Kari Mostad, MDG fekk 1 røyst og fall mot 8 røyster. Kari Mostad, MDG røysta for sitt eige framlegg.

FSK- 066/23 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:

Punkt 1. Fritidskortet: auke frå 1000 til 1100 kr frå hausten. Deretter årleg kpi justering.

Finansiering: 120.000 for i år frå driftsfond.

Punkt 2. Nytt eingongstilskot til vedlikehald av uteområde ved skulane.

FAU kan i samråd med elevråd, skuleleiing og teknisk eining disponera dette eingonstilskotet til tiltak ute eller inne på skulen, til beste for elevane.

For å gjera ordning enkel, er dette reine tilskot til FAU og tilskota er like store til alle skulane utanom til Strandebarm - pga dei har 1-10 skule og dermed fleire behov pga større

aldersspredning.

100 000 til FAU Ålvik skule

100 000 til FAU Øystese skule

100 000 til FAU Kvam ungdomsskule

100 000 til FAU Norheimsund skule

100 000 til FAU Tørvikbygd skule

200 000 til FAU i Strandebarm skule

Finansiering: Disposisjonsfond 700 000 kr.

Punkt 3. HERADET KJØPER SEG INN I BYGGJEPROSJEKT

Me gjev rådmannen løyve til å forhandla med private utbyggjarar om å kjøpa seg inn i leiligheits- /fleirpersonhusvære-prosjekt i heile Kvam– gjerne ved bruk av Husbanken sine ordningar.

Mål:

1) Skaffa naudsynte utleigebustader

2) Gjennom kjøp få i gang planlagde prosjekt som ikkje er komne i gang pga manglande førehandssal.

Me veit at tilgang på leiligheter og liknande fører til ledige einestader som igjen fører til heimflytting/tilflytting.

Sum: Inntil 50 mill. Finansiering: Lån

Punkt 4. Vegen i Tangeråslia.

Vegen i Tangeråslia som vart vedteken privatisert vert omgjort frå privat til offentleg veg att

Saksordførar: Frode Nygård, FrP

16.06.2023 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre

Røysting:

Det vart samrøystes vedteke å ta 1. tertialrapport til vitande

RMNFE- 011/23 Vedtak:

RMNFE tok 1. tertialrapport til vitande

19.06.2023 Kvam heradsstyre

Framlegg frå Gjermund Stuve, SP:

- Auka lønnsramme til kulturskulen med 500 000 kr

- Støtta prosjektet «Bordtennis for alle 24/7!» med 140 000 kr
Finansierast med disposisjonsfond

Framlegg frå Håvard Gjerde, R: Tillegg til innstillinga frå formannskapet:

For at dei mest utsatte skal kunne handtere den valdsame prisveksten i på nær sagt alle områder disponerar NAV i Kvam 100 000 kr. ekstra per måned ut 2023 til å auke månadsbidraget prosentvis ut frå gjeldande satsar. Kostnad 600 000. Finansiering: disposisjonsfondet.

Fellesframlegg frå SV og R sett fram av Geir Madsen, SV: Tillegg til formannskapet si tilråding:

For å redusere negativ miljøverknad, redusere trongen for P-plassar og samstundes gi helsevinstar, legg Kvam herad til rette for tilbod om kjøp/leasing-avtale av sykklar for tilsette i heradet. Ein skal kunne velgje mellom sykklar med manuell framdrift eller el-kraft. Det skal også bydast sykklar med passasjerfasilitetar til born. Som ei prøveordning i 2023 betaler Kvam herad km-godtgjersle kr 2 pr km for sykling til-frå jobb. Målet er at fleire tilsette vel sykkel framfor bil og at presset på parkeringsareal blir redusert med rask effekt. Ordninga med leasingavtale er sjølvfinansierende og blir administrert innafor eksisterande personalressursar. Budsjett for km-godtgjersle inn til kr 200 000 i 2023. Finansiering disposisjonsfond.

Framlegg frå Geir Madsen, SV: 1) Trollhola/ Base camp i Norheimsund. Løyve kr 200 000 til prioriterte tiltak frå ungdomsrådet. Der mogleg skal ungdommane motiverast til dugnadsinnsats for å forankre eigarskap til tiltaka. Finansiering disposisjonsfond

2) Utreie framtidig bruk av Ungdomshallen inkludert ungdomsbaser og arbeidet med Base camp-prosjektet.

Fellesframlegg frå AP, FrP, KrF og H sett fram av Even Øyri, AP: Som tilrådinga frå FSK med fylgjande tillegg.

Heradsstyret bed rådmannen om å få utarbeidd ein tilstandsrapport for bassenget i Ålvik. Bassenget er viktig for bygda, og ein rapport kan brukast som grunnlag for vurdering av kommunalt tilskot til naudsynt vedlikehald og utbetring.

Det vert sett av kr 1.075 mill til prosjektet Base-camp. Utbetaling skjer når/dersom prosjektet får naudsynte løyve/dispensasjonar. Finansierte frå investeringsfond.

Og ei presisering av tilrådinga frå FSK: Det skal stå "Vegen i Tangeråslia, hus nr 34-38, som vart vedteken privatisert skal tilbakeførast til kommunal veg."

Framlegg frå Kari Mostad, MDG: Tillegg til formannskapet si tilråding:

- Sette av 500 000 til styrking av klimarbeidet i Kvam.
Finansiering Havbruksfondet

Geir Madsen, SV trekte sitt framlegg vedk. ungdomshallen og Base Camp. Støttar opp om fleirtalskonstellasjonen sitt framlegg vedk. same tema.

Røysting:

1. Tilrådinga frå FSK vart samrøystes vedteke med 26 røyster
2. Senterpartiet sitt framlegg sett fram av Gjermund Stuve, Sp vart samrøystes vedteke med 26 røyster
3. Fellesframlegget frå AP, FrP, KrF og H sett fram av Even Øyri, AP vart samrøystes vedteke med 26 røyster
4. Fellesframlegget frå R og SV sett fram av Håvard Gjerde, R vedk. auka sosialhjelp fekk 4 røyster og fall. Følgjande røysta for: Håvard Gjerde, R, Ger Madsen, SV, Kari Mostad, MDG og Otto Thillmann, MDG
5. Fellesframlegget frå R og SV sett fram av Geir Madsen, SV fall mot 15 røyster.
6. Kari Mostad, MDG sitt framlegg fekk 4 øyster og fall. Følgjande røysta for: Kari Mostad, MDG, Otto Thillmann, MDG, Geir Madsen, SV og Håvard Gjerde, R

HST- 072/23 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:

Punkt 1. Fritidskortet: auke frå 1000 til 1100 kr frå hausten. Deretter årleg kpi justering.
Finansiering: 120.000 for i år frå driftsfond.

Punkt 2. Nytt eingongstilskot til vedlikehald av uteområde ved skulane.

FAU kan i samråd med elevråd, skuleleiing og teknisk eining disponera dette eingonstilskotet til tiltak ute eller inne på skulen, til beste for elevane.

For å gjera ordning enkel, er dette reine tilskot til FAU og tilskota er like store til alle skulane utanom til Strandebarm - pga dei har 1-10 skule og dermed fleire behov pga større aldersspredning.

100 000 til FAU Ålvik skule

100 000 til FAU Øystese skule

100 000 til FAU Kvam ungdomsskule

100 000 til FAU Norheimsund skule

100 000 til FAU Tørvikbygd skule

200 000 til FAU i Strandebarm skule

Finansiering: Disposisjonsfond 700 000 kr.

Punkt 3. HERADET KJØPER SEG INN I BYGGJEPROSJEKT

Me gjev rådmannen løyve til å forhandla med private utbyggjarar om å kjøpa seg inn i leiligheits- /fleirpersonhusvære-prosjekt i heile Kvam— gjerne ved bruk av Husbanken sine ordningar.

Mål:

- 1) Skaffa naudsynte utleigebustader

2) Gjennom kjøp få i gang planlagde prosjekt som ikkje er komne i gang pga manglande førehandssal.

Me veit at tilgang på leiligheiter og liknande fører til ledige einesbustader som igjen fører til heimflytting/tilflytting.

Sum: Inntil 50 mill. Finansiering: Lån

Punkt 4. Vegen i Tangeråslia.

Vegen i Tangeråslia, hus nr 34-38, som vart vedteken privatisert skal tilbakeførast til kommunal veg.

- Auka lønnsramme til kulturskulen med 500 000 kr
- Støtta prosjektet «Bordtennis for alle 24/7!» med 140 000 kr
Finansierast med disposisjonsfond
- Heradsstyret bed rådmannen om å få utarbeidd ein tilstandsrapport for bassenget i Ålvik. Bassenget er viktig for bygda, og ein rapport kan brukast som grunnlag for vurdering av kommunalt tilskot til naudsynt vedlikehald og utbetring.
- Det vert sett av kr 1.075 mill til prosjektet Base-camp. Utbetaling skjer når/dersom prosjektet får naudsynte løyve/dispensasjonar. Finansierte frå investeringsfond.

Saksopplysningar:

x

Vurdering:

x

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam heradsstyre	19.06.2023	097/23

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksh.: Johnstad, Ragnar	Objekt:	21/13108 - 2

Eigarstrategiar 2023-2024

Behandling i politiske utval:

19.06.2023, HST- 097/23 Vedtak:

*Kvam heradsstyre vedtek eigarstrategiane for 2023-2024 med følgjande endring:
"Utbyteandelen i Kvam energi vert sett ned frå 70 til 60%".*

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek eigarstrategiane for 2023-2024.

Samandrag:

Eigarstrategiane til Kvam herad byggjer på «Eigarmeldinga» (HST 072/20) som etablerer overordna prinsipp for forvaltninga av heradet sine eigarpostar.

Kvam herad er representert på ulike måtar i dei ulike selskapa. I dei fleste deltek me i generalforsamling, i nokre styret og andre i valkomitèar. Dei fleste av desse skal veljast på ny etter kommunevalet i september. Rådmannen har difor ikkje brukt ressursar på å ajourhalda denne informasjonen no, men kjem attende til den i 2024, i etterkant av nye val.

I denne utgåva av eigarstrategiar er det gjort fylgjande oppdateringar:

- Alle selskapa oppdaterte med siste tilgjengelege informasjon frå Føretaksregisteret og

offentleg tilgjengelege rekneskapsopplysningar.

- Kvam herad si grunngjeving for eigarskap i Hardangerrådet IKS er oppdatert
- Næringsshagen i Hardanger AS er sletta i foretaksregisteret. Oppgåvene til selskapet vert vidareført gjennom Hardanger og Voss Næringshage AS.
- Hardangervegen AS er sletta

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
128271	Eigarstrategi 2023-2024
128272	Selskapsoversikt 2023-2024

19.06.2023 Kvam heradsstyre

Framlegg frå ordførar Torgeir Næss: Som rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande endring: "Utbyteandelen i Kvam energi vert sett ned frå 70 til 60%".

Saka vart handsama i møtet 20.6.2023

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart sett opp mot framlegget til ordførar Torgeir Næss.

Framlegget til rådmannen fekk 4 røyster og fall. Ordførar sitt framlegg fekk 23 røyster og vart vedteke. Følgjande røysta for rådmannen sitt framlegg:

- Håvard Gjerde, R
- Gjermund Stuve, SP
- Svein Stuve, SP
- Geir Madsen, SV

HST- 097/23 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek eigarstrategiane for 2023-2024 med følgjande endring: "Utbyteandelen i Kvam energi vert sett ned frå 70 til 60%".

Saksopplysningar:

Eigarstrategiane til Kvam herad byggjer på «Eigarmeldinga» (HST 072/20) som etablerer overordna prinsipp for forvaltninga av heradet sine eigarpostar. Eigarstrategiane til Kvam herad skal danna plattform for ein god styringsdialog og fastsetja mål og ein klar retning på

kva eigarane vil med selskapet. Eigarstrategien kan regulera forhold som kommunikasjon med selskapet, informasjonsbehov, forventa avkastning, utbytteforventningar, strategisk retning og kjerneverksemd, mål, tvisteløysningar mellom eigarane m.m. Eigarstrategiane er individuelle og vert tilpassa kvart einskild selskap. Alle eigarstrategiar skal vera forankra i heradsstyret.

Eigarstrategiane er fastsett på bakgrunn av eigarmeldinga og mykje er difor likt for alle føretak Kvam herad har eigarinteresser i. Det som varierer mellom dei ulike føretaka, er grunngeving for eigarskap, utbytte og andre resultatmål.

Viktige element i heradet sin eigarstyring vert utført gjennom styrerepresentasjon, val av styremedlemmer eller deltaking på generalforsamling. I tillegg har formannskapet regelmessige eigarmøter med Kvam Energi AS og Hardanger AKS, samt dialogmøte med Kvammabadet KF. Desse møta gjev den politiske leiinga oppdatert informasjon og mogelegheit til å stilla spørsmål til leiinga i selskapa.

Vurdering:

Kvam herad er representert på ulike måtar i dei ulike selskapa. I dei fleste deltek me i generalforsamling, i nokre styret og andre i valkomitèar. Dei fleste av desse skal veljas t på ny etter kommunevalet i september. Rådmannen har difor ikkje brukt ressursar på å ajourhalda denne informasjonen no, men kjem attende til den i 2024, i etterkant av nye val.

Dersom ein folkevald ikkje kan utføra vervet sitt utan at det fører til *vesentleg ulempe* for den folkevalde, kan heradsstyre etter søknad gje den folkevalde fritak/ permisjon førebels eller for resten av valperioden etter kommunelova § 7-9, 2. ledd. I forarbeida til kommunelova (*Prop.46 L (2017–2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)*) vert det først og fremst sikta til den folkevalde sin helsetilstand, arbeidsforhold og andre sterke velferdsgrunnar for å få fritak/ permisjon etter denne heimelen. Rådmannen bekreftar at det ligg føre omstende i denne saka som gjev den folkevalde rett til permisjon og tilrår difor Kvam heradsstyre å gje permisjon.

Rådmannen påpeikar at ein folkevald som har fått midlertidig fritak/ permisjon frå vervet sitt, ikkje har rett til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over (jf. koml. § 7-9, 3. ledd).

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam Ungdomsråd		
Kvam formannskap	13.06.2023	084/23
Kvam heradsstyre	19.06.2023	092/23

Avgjerd av:	Arkiv: N-212.01	Arkivsaknr
Saksh.: Fossdal, Heidi	Objekt:	23/1561 - 1

Tilstandsrapport for grunnskulen i Kvam 2023

Behandling i politiske utval:

13.06.2023, FSK- 084/23 Vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å vera ein aktiv skuleeigar gjennom dialogbasert styring av skulane. Dette inneber dialog mellom heradsstyre og administrasjon i samband med den årlege tilstandsrapporten for grunnskulen. Kvam heradsstyre har drøfta «Tilstandsrapport for grunnskulen 2023» og tek denne til vitande. Tema som er drøfta og omtala i rapporten vert vurdert i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet

Saksordførar: Frode Nygård, FrP

19.06.2023, HST- 092/23 Vedtak:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke med 27 røyster

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å vera ein aktiv skuleeigar gjennom dialogbasert styring av skulane. Dette inneber dialog mellom heradsstyre og administrasjon i samband med den årlege tilstandsrapporten for grunnskulen. Kvam heradsstyre har drøfta «Tilstandsrapport for grunnskulen 2023» og tek denne til vitande. Tema som er drøfta og omtala i rapporten vert vurdert i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Samandrag:

Det er eit lovkrav i opplæringslova §13 at skuleadministrasjonen skal utarbeida ein tilstandsrapport for skule til skuleeigar, som er heradsstyret. Ein tilstandsrapport inneheld både tal og forteljingar. Innhaldet skal vera ein analyse av tilstanden og syna korleis skuleeigar vurderer opplæringa på områda læringsmiljø, elevresultat og gjennomføring. I tillegg står heradet fritt til å ta med andre tema som er viktige for heilskapen og vurderinga av situasjonen i skulen.

Det er ein føresetnad at heradsstyret har kunnskap om tilstanden i skulen for at dei kan fatta rette vedtak. I tillegg er dialog og informasjon viktig, slik at skuleeigar kjenner tilhøva og kan ta ansvar og følgja opp både skulen som organisasjon, elevar, tilsette og skuleleiarar. Skuleeigar skal ha forventningar og ambisjonar for Kvammaskulen, men dei har også ansvar for at det vert gjort prioriteringar av avgrensa mål der det er naudsynt. Skuleeigar må ha evne, ressursar og kompetanse til å nå kortsiktige mål, og samstundes tenkje langsiktig og ha visjonar vidare.

I år har Utdanningdirektoratet endra reglane for kva resultat om kva som kan publiserast etter nasjonale prøvar og elevundersøkinga. Dette har ført til at det er svært få tal som er offentlege, og alle skulane får heller ikkje tilgang til eigne resultat. Tilstandsrapporten inneheld difor ikkje alle oversiktartilskildingar som tidlagare år, men det er gjort vurderingar ut frå dei opplysningane skuleeigar har. Vidare har skuleadministrasjonen trekt fram ulike sider ved det å driva ein skule for alle. Det vert på ulike vis jobba for at skulane i Kvam skal vera mest mogleg like og ha eit felles system, samstundes som kvar skule skal få vera unik.

Eit viktig fokusområde dei to komande åra er gjennomføringsfasen av Udir si oppfølgingsordning.

Mot slutten av rapporten er det eit innblikk frå kvar av skulane i Kvam.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
125498	Tilstandsrapport for grunnskulen 2023(213452)

13.06.2023 Kvam formannskap**Saka vart handsama i formannskapet sitt møte 14.6.2023****Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke med 9 røyster

FSK- 084/23 Vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å vera ein aktiv skuleeigar gjennom dialogbasert styring av skulane. Dette inneber dialog mellom heradsstyre og administrasjon i samband med den

årlege tilstandsrapporten for grunnskulen. Kvam heradsstyre har drøfta «Tilstandsrapport for grunnskulen 2023» og tek denne til vitande. Tema som er drøfta og omtala i rapporten vert vurdert i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet

Saksordførar: Frode Nygård, FrP

19.06.2023 Kvam heradsstyre

Saka vart handsama i møtet 20.6.2023

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke med 27 røyster

HST- 092/23 Vedtak:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke med 27 røyster

Saksopplysningar:

Viser til vedlagt tilstandsrapport.

Vurdering:

Opplæringslova seier at den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar. Føremålet er å ha ein open dialog om innhaldet i skulen, og å leggja grunnlag for ei felles forståing av måla og utfordringane, slik at heradsstyret kan vera ein aktiv skuleeigar. Tilstandsrapporten gjev informasjon om tiltak som er sett i verk for å betra resultat både fagleg og sosialt, samt at den gjev heradsstyret høve til å påverka kva prosessar skulane skal prioritera framover. Ein god dialog mellom administrasjon og heradsstyre er avgjerande for at både elevane skal få best mogleg opplæringstilbod og at det vert ein trygg og god kvardag for elever og tilsette.

Rapporten viser ferre resultat frå nasjonale prøvar og elevundersøkinga enn tidlegare, då reglane for publisering er endra. Skuleeigar og skuleleiinga har drøfta resultata som er tilgjengelege, og desse har vore med på å leggja grunnlaget for fokusområde i gjennomføringsfasen.

Det er dei siste åra utarbeida fleire planar og rutinar som skal vera med på å få eit likt system for skulane i Kvam. Det er tidkrevjande å implementera nytt systemarbeid i ein stor organisasjon og me vil difor halda fram med dette og oppfølgingsordninga.

Tilstandsrapport for grunnskulen 2023

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skular med rett til statstilskott

Les om lovkravet: [§ 13-3e. Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling \(https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§13-3e\)](https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§13-3e)

Personvern

Tal som blir lasta inn kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må handsamast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Det er strenge personvernreglar knytt til resultata i undersøkingane. Dette fører til at mange skular og kommunar ikkje får resultat på ein eller fleire indikatorar.

Før siste publisering har Utdanningsdirektoratet endra prikkereglane, og stramma ytterlegare inn kva tal som kan publiserast. For Kvam herad fører dette til at det i år er svært få tal som er offentlege og fleire skular får heller ikkje tilgang til egne tal (tal unnateke offentlegheit) for 2022.

1. Samandrag.....	3
2. Elevar og lærarar	4
2.1. Tal elevar.....	4
2.2. Lærartettleik	4
2.3. Undervisningspersonale.....	7
3. Læringsmiljø.....	8
3.1. Elevundersøkinga.....	8
3.2. Mobbing på skulen	11
4. Nasjonale prøvar 5. trinn	13
4.1. Rekning , lesing og engelsk 5. trinn	14
4.2. Rekning og lesing 8. og 9. trinn. Engelsk 8. trinn	15
5. Karakterar og grunnskulepoeng.....	17
5.1. Standpunktkarakterar	17
5.2. Grunnskulepoeng	19
6. Skulebidrag.....	20
7. Overgang grunnskule vidaregåande skule.....	22
8. Ein skule for alle.....	23
8.1. Trygt og godt skulemiljø	24
8.2. Læreplanverket for kunnskapsløftet 2020 (LK 20)	25
8.3. Kompetanse	26
8.3.1. Tilsetjing.....	26
8.3.2. Vidareutdanning.....	26
8.3.3. Kurs	27
8.3.4. DEKOM.....	28
8.3.5. Oppfølgingsordninga	28
8.4. Inkludering.....	30
8.4.1. Støttesystem.....	30
8.4.2. Spesialundervisning.....	30
8.4.3. Særskilt språkopplæring	31
8.5. SFO	32
8.6. Prosjekt	32
9. Tverrfagleg samarbeid.....	33

9.1. Pedagogisk psykologisk tjeneste (PPT)	33
9.2. Betre tverrfagleg innsats (BTI)	34
10. Organisasjonsutvikling	35
11. Innblikk kvar skule	37
12. Konklusjon	46

1. Samandrag

For å samanlikna kommunar har SSB gruppert kommunane etter innbyggjartal, bundne kostnader og frie inntekter. Kvam høyrer til kommunegruppe 5.

Tal henta frå GSI (Grunnskulen sitt informasjonssystem)

- Kvammaskulane har 1019 elevar
- 66,26 årsverk til ordinær undervisning
- 17,5 årsverk til fagarbeidarar/assistentar/sosialfagleg i skulen
- 24,19 årsverk til spesialundervisning
- 11,45 årsverk er til administrative og pedagogiske leiaroppgåver

Rapporten viser færre resultat enn tidlegare då reglane for kva som vert gjort offentleg er endra. Ut frå dei resultata skuleeigar har fått kjennskap til, er mange av resultata i tråd med måla i Kvam. Mange elevar melder at dei trivst og har ein god skulekvardag, men det er elevar som melder om eit utrygt skulemiljø. Kvam herad tek alle slike meldingar på alvor og det har gjennom året vore jobba med kompetanseheving og systemarbeid både for å førebyggja, men også for å kunna handtera saker som vert meldt.

Samla sett syner dei fleste resultata på nasjonale prøvar at Kvam herad er på nivå med Vestland og landet elles. Det som uroar, er at det er stor skilnad mellom skulane og mellom klassar i same skule. Spreiing i resultat kan fortelja at det ikkje er felles haldingar og praksis mellom dei tilsette. Dette stemmer også med utfordringsbiletet me sit att med etter å ha vore gjennom forfasen i oppfølgingsordninga. Trygt og godt skulemiljø, ordinær undervisning og leiarstøtte, er område som vert prioritert i gjennomføringsfasen av oppfølgingsordninga. Denne varer i to år.

Ved å styrka den ordinære undervisninga, vil det leggjast betre til rette for at elevane får tilpassa og variert undervisning. Med god ordinær og inkluderande undervisning og ved å nytta støttesystemet, er målet at elevane vert meir motiverte og at behovet for spesialundervisning går ned.

Etter at pandemien var på retur og landet opna opp, var det stor tru på at sjukefråværet skulle gå ned. Det vart diverre ikkje slik. Det har vore eit høgt sjukefråvær, og stor mangel på kvalifiserte vikarar. Dei fleste vikarane som var tilgjengelege, kom inn i ordinær drift etter tilsetjing våren 2022.

I tillegg til oppfølgingsordninga, vert det framleis jobba med implementering av læreplanen, kommunale og nasjonale planar og rutinar. Forsking om endring og utvikling viser at systematisk og strukturert arbeid over tid er naudsynt for å oppnå resultat.

2. Elevar og lærarar

2.1. Tal elevar

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål:

Skulane har eigna tilsette med god klasseleiing, struktur, elevsyn og relasjonskompetanse. Alle lærarane har godkjenning i faga dei underviser i, i samsvar med kompetansekrava i rundskriv Udir-3-2015.

Dei som i dag gjer seg nytte av overgangsordningane som gjeld til 2025, har godkjend utdanning i faga dei underviser i når overgangsperioden er over.

Tal elevar, Kvam herad

Skuleår	Tal elevar
2022-23	1 019
2021-22	990
2020-21	1 011

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Antall elever, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

Skuleeigar si vurdering:

Skuleeigar opplever at det er mange søkjarar til Udir sine tilbod om vidareutdanning for lærarar. For skuleåret 2022/2023 var det 25 søkjarar, 12 av desse vart godkjende av skuleeigar, og alle 12 vart godkjende av Utdanningsdirektoratet. Kvam herad sine søkjarar vart prioriterte fordi me takka ja til Udir si oppfølgingsordning. Utfordringa vår er at me ikkje har nok ressursar og/ eller vikarar som er kvalifiserte til vikararbeid gjennom skuleåret.


2.2. Lærartettleik

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål


Maksimalt 15 elevar per lærar i ordinær undervisning på 1.-4. trinn og maksimalt 20 elevar på 5.-10. trinn slik som nasjonale retningslinjer tilseier.

Lærartettleik i ordinær undervisning 1.-4. trinn, geografisk samanlikning




Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn, 1.-4. trinn

Lærartettleik i ordinær undervisning 5.-7. trinn, geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn, 5.-7. trinn

Lærertettleik i ordinær undervisning 8.-10. trinn, geografisk samanlikning




Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn, 8.-10. trinn

Skuleeigar si vurdering:

Lokale mål samsvarar med nasjonal lærarnorm. Det er stor skilnad mellom skulane i Kvam, grunna skulestruktur med elevtal mellom ca. 30-300. Dette betyr at Kvam samla sett har høg lærartettleik, medan me på nokre av skulane er så vidt innanfor norma. Dette må og sjåast i sammen med storleik på klasserom som krev klassesdeling. Til dømes er Kvam ungdomsskule utforma slik at lærartettleiken kan verta større enn norma grunna små klasserom. Fleksible klasserom kan verta ein kritisk faktor for å nytta personalressursane på best mogleg måte. Dette bør vera fokus i bygging av ny skule i Øystese.

2.3. Undervisningspersonale

Del årstimar gitt av personale med godkjent utdanning



Skuleeiegar si vurdering:

Det var få søkjarar med godkjend grunnskuleutdanning våren 2022. Dette kan ha samanheng med endring av lærarutdanning (no krav om master).

3. Læringsmiljø


3.1. Elevundersøkinga

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevane frå Kvam skårar på landsgjennomsnitt eller høgare. Særleg på området elevdemokrati og elevmedverknad skal me verta betre.

Elevundersøkinga 7. trinn




Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn, 7. trinn

Elevundersøkinga 7. trinn

Årgang	Indikator	Kvam Herad (EIER)	Vestland	Nasjonalt
2022-23	Støtte fra lærer	4,5	4,2	4,3
2022-23	Vurdering for læring	4,0	3,7	3,7
2022-23	Læringskultur	3,7	3,8	3,8
2022-23	Mestring	4,0	3,9	3,9
2022-23	Elevdemokrati og medvirkning	4,0	3,6	3,6

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

Elevundersøkinga 10. trinn



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn, 10. trinn

Elevundersøkinga 10. trinn

Årgang	Indikator	Kvam Herad (EIER)	Vestland	Nasjonalt
2022-23	Støtte fra lærer	3,8	3,9	4,0
2022-23	Vurdering for læring	3,1	3,3	3,3
2022-23	Læringskultur	3,7	3,7	3,7
2022-23	Mestring	3,7	3,9	3,9
2022-23	Elevdemokrati og medvirkning	3,4	3,3	3,3

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering:

Me er nøgde med mange gode resultat i 7. trinn, men ser og at det er variasjon mellom skulane. Resultata er samla sett om lag det same eller høgare enn Vestland og nasjonalt. At elevane opplever støtte frå lærarane sine, er viktig for å ha trygge og gode dagar på skulen. Nokre av skulane har veldig gode resultat på dette området. Særs gledeleg er det også at elevdemokrati og medverknad dette året er høgare enn både Vestland og nasjonalt, sidan dette er eit område som me har hatt ynskje om å gjera det betre på.

Skulane skårar ulikt på undersøkinga, difor vert det sett ulike tiltak inn etter undersøkinga vert gjennomført. Resultata vert drøfta mellom tilsette, elevråd og i FAU. Nokre skular har fokusert på arbeidsro i timane, medan andre har hatt fokus på kva som ligg i elevmedverknad og vidare funne 10 felles punkt som skildrar draumeskulen for elevar og tilsette.

Samla resultat for 10. trinn er om lag like som Vestland og nasjonalt, men på nokre indikatorar er det til dels store skilnader i resultata mellom skulane. Begge skulane har inneverande år delteke i prosjektet «Juniorforskaren» kor tema er motivasjon og elevmedverknad, samt at dei to skulane har sett i verk ulike tiltak som skildra nedanfor:

- aktivitetar med medverknad frå elevrådet
- plan for tverrfaglege fagdagar knytt opp til tema frå overordna del i fagfornyninga og bruk av lokalsamfunnet
- motivasjon og praktisk opplæring som del av djupnelæring
- elevmedverknad som felles tema for elevar og tilsette med mål om å fremja motivasjon
- elevar og tilsette har laga felles punkt for kva «draumeskulen» skal og kan vera

3.2. Mobbing på skulen


[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevar og føresette skal oppleve at skulane har nulltoleranse for mobbing.


Elevane skårar på eller betre enn landsgjennomsnittet i elevundersøkinga.

Mobbing på skulen 7. trinn, geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Begge kjønn, 7. trinn

Mobbing på skulen 10. trinn, geografisk sammenligning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Begge kjønn, 10. trinn

Skuleeigar si vurdering:

Som nemnt innleiingsvis, er det ikkje tal å dela når det gjeld mobbing i Kvam dette året. Vidare er det algoritmar som gjer at heller ikkje alle skulane sjølv ser eigne tal. Dette kom overraskande på oss som jobbar i skule rundt om i heile landet, og har vidare ført til massiv klage til Udir. Resultata har til no vore ein viktig del av arbeidet med trygt og godt skulemiljø. Dette året vart det annleis. Nokre skular fekk innsyn i eigne resultat, og me veit såleis at for mange elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Alle skulane i Kvam har dette året gjennomført jamlege økter med Udir sin kompetansepakke for Trygt og godt skulemiljø. Kompetansepakken skal bidra til at kollegiet reflekterer over verdiar, haldningar og skulekultur, korleis dei kan utvikla eigen praksis og få auka handlingskompetansen sin. I tillegg er det sett inn konkrete tiltak på ulike skular:

- Gjennomgang og forbedring av felles rutinar for vakt i friminutta
- Gjennom elevsamtalar prøva å kartlegga dei som har kryssa av for mobbing i elevundersøkinga
- Oppretta aktivitetsplanar til elevane som fortel at dei vert mobba
- Gi elevane gode fellesopplevingar og øva elevane til samkvem på tvers av trinn
- Felles aktivitetar og trivselstiltak, samt eige opplegg med fokus på venskap
- Samarbeid mellom skuleleiing, tilsette, miljørettleiar, helsesjukepleiar, PPT, familiesenteret og politiet

4. Nasjonale prøvar 5. trinn

⚡ Frå 2022 startar måling av utvikling over tid på nytt. Resultat frå 2022-23 kan difor ikkje direkte samanliknast med tidlegare år.

Lokale mål

Større fokus på å utfordra elevar fagleg både i lesing, rekning og engelsk, slik at me har fleire elevar som skårar på meistringnivå 3 på barneskulen og 4 og 5 på ungdomsskulen.

NB!

Grunna nye prikkereglar vert alle resultata for nasjonale prøvar i 5.trinn, 8. trinn og 9. trinn vist som nedanfor nedanfor i døme for rekning 5. trinn. Me har difor ikkje sett inn tabellane frå kvart fag og trinn, men kommentert resultata ut frå den kunnskapen skuleeigar har.

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.

■ Mestringsnivå1 ■ Mestringsnivå2 ■ Mestringsnivå3

2022-23 *

2021-22 *

2020-21 *

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 5. trinn

4.1. Rekning , lesing og engelsk 5. trinn

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Skuleeigar si vurdering:

Rekning 5.trinn:

Resultatet i rekning 5. trinn er for fleire av skulane våre om lag som landsgjennomsnittet og Vestland, men og nokre som skil seg ut med fleire elevar på meistringsnivå ein, og færre på nivå tre. Skulane opplyser og om til dels store skilnader mellom klasseresultat i eigen skule.

Døme på tiltak:

- Lærarane på 5. trinn går gjennom og analyserer resultata
- I samsvar med rutinen vår i Kvam, drøftar lærarane resultata internt og i støtteteam saman med PPT
- Analyse og tiltak er tema på personalmøte
- Kurs i grunnleggjande rekning for dei elevane som skårar svakast
- Fokus på god talforståing allereie frå 1.trinn med bruk av konkretar
- Fokus på å relatera undervisninga til elevane sin kvardag og interesseområde
- Bruk av prosessnotat som strategi for å løysa tekstoppgåver kor lærar er modell

Lesing 5. trinn:

Resultata i lesing viser stor skilnad på resultata mellom skulane, men og mellom klassar og elevar. Likevel har brorparten av skulane resultat på linje med Vestland og landsgjennomsnittet. Me må arbeida for å jamna ut skilnader, og jobba mot at færre elevar er på meistringsnivå ein, særleg når me veit at me har høgt tal elevar som har fritak for gjennomføring av nasjonal prøve i lesing.

Døme på tiltak som er sett inn:

- Auka fokus i støtteteam på elevar på trinn 1 – 4 som har sein utvikling, særleg på bokstavinnlæring og lesing
- Grundig leseopplæring, kor elevane les mykje på skulen
- Øving i å lesa både på skjerm og i bok frå starten av skuleløpet
- Ha kvar sin iPad frå byrjaropplæringa
- Rik tilgang på lettlese småbøker
- Lese kurs
- Fokus på lesing i alle fag
- Oppdatert skulebibliotek med nye bøker
- Bibiloteket er tilgjengeleg for elevar i friminutt- ein gong i veka
- Elevar vert bibliotekvertar der dei mellom anna framsnakkar bøker dei har lese
- Lese kvarter kvar dag i alle klassar
- Lese prosjekt kvart år mellom vinterferie og påskeferie kvar dag etter lunsj (frilesing, lesebingo, bokmeldingar, leseleksje, lese diplomar, lese vake, lese fest (siste dag i prosjektet)

Engelsk 5. trinn:

Resultata i engelsk viser store skilnader mellom skulane våre i Kvam, frå dei som skårar under landsgjennomsnittet og Vestland, til dei som har eit betre resultat. Også her er det skilnader mellom klassar.

Døme på tiltak:

- Frå våren i 4.trinn får elevane møta tekstar med ulikt innhald, kor fleire liknar tekstane i nasjonale prøvar både i innhald, form og omgrep som vert brukt
- Tiltak for individ og evt. klasse
- Meir engelsk frå 1. trinn, med engelsk kvar dag i små drypp, songar og regler, dag osv.
- Fokus på kompetanse i engelsk hos lærarane
- Alltid engelsk-stasjon når det er stasjonsarbeid i 3.-5. trinn

4.2. Rekning og lesing 8. og 9. trinn. Engelsk 8. trinn

Skuleeigar si vurdering :

8. trinn:

Rekning: Resultatet i rekning viser at færre elevar skårar på det lågaste og høgaste meistringsnivå enn elles i Vestland og nasjonalt. Kvam har fleire elevar skårar i midten av skalaen. Det betyr at skulane må jobba mot at fleire av elevane klarer å meistra på nivå fem.

Lesing: I lesing er resultata ganske samsvarande som i rekning, og utfordringa vert den same; me må utfordra elevar til å meistra nivå fem, men gleda oss over at me ikkje har mange elevar på det lågaste meistringsnivået korkje i lesing eller rekning.

Engelsk: I engelsk er det sprik mellom kor mange elevar som skårar på nivå ein. Men det som er likt, er at det er for få elevar som meistrar nivå fire og fem.

9.trinn:

Rekning: I rekning er det ulike resultat på skulane og stor skilnad på nivå fem, men begge skulane har færre elevar som skårar på nivå ein enn Vestland og nasjonalt.

Lesing: Resultatet viser at skulane klarer å lyfta elevane, men det er ulikt resultat på skulane og stor skilnad på kor mange elevar som meistrar nivå fem. Likt for begge skular er at det er færre elevar enn Vestland og nasjonalt på nivå ein.

Døme på tiltak lesing:

- Resultat drøfta i støtteteam saman med PPT og i fellesmøte med lærarar og presentert for elevråd og FAU.
- Ekstra fokus på lesing i klassen
- Arbeid med lesestrategiar
- Einskilde elevar meir støttetimar/ leskurs
- Leseprosjekt – “Ein litterær 71 grader nord”
- Lesing ein time kvar dag for alle elevar i tre veker
- Høgtlesing av roman i alle klassar
- Kurs i diktering og opplæring i Lingdys for elevar i støttesystem
- Refleksjon i personalet om korleis alle skal vera leselærarar

Døme på tiltak rekning:

- Resultat drøfta i støtteteam saman med PPT og i fellesmøte med lærarar og presentert for elevråd og FAU
- Tilbod om støttetimar til einskilde elevar
- Mattegrupper i alle klassar med elevar som skårar på lågt meistringsnivå
- Noko meir deling av klassane i matematikk (enn tidlegare år)
- Mattekurs i grunnleggjande dugleik og opplæring i korleis ein startar leseoppgåver

Døme på tiltak engelsk:

- Resultat drøfta i støtteteam saman med PPT og i fellesmøte med lærarar og presentert for elevråd og FAU
- Alle klassane har delingstime i engelsk
- Opplæring og fokus på diktering som hjelpemiddel ved produksjon av tekst
- Refleksjon i kollegiet om korleis engelsk kan nyttast i fleire fag

Oppsummering resultat nasjonale prøvar :

Generelt kan varierende resultat mellom skulane, og innad i en skule, vera eit teikn på at opplæringa er avhengig av lærarane. Det kan tyda på at det ikkje er ei felles forståing for god undervisningspraksis. Det kan vera grunn til å tru at dette også er tilfelle i Kvam.

Lærerundersøkinga me har gjennomført støttar opp om dette, der det kjem tydeleg fram at det er delt syn på kvifor resultata i Kvam er som dei er. Nokre tilsette meiner at utfordringa ligg hos elevar og/ eller oppfølging heimefrå, medan andre kjenner at dei treng meir kompetanse for å gjennomføra meir praktisk, variert og inkluderande undervisning. Dette tema vil derfor få fokus i oppfølgingsordninga dei to følgjande åra me går inn i gjennomføringsfasen.

Vidare melder skulane om at store klassar gir utfordringar for tilpassa undervisning. Meir støtte og ressursar inn til basisfaga norsk engelsk og matematikk hadde vore ynskjeleg.

5. Karakterar og grunnskulepoeng


5.1. Standpunktkarakterar

Lokale mål


Elevane skal nå eit resultat som er betre enn landsgjennomsnittet i norsk, engelsk og matematikk.

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](https://udir.no)

Norsk hovudmål standpunkt, geografisk samanlikning




Engelsk standpunkt, geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Engelsk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

Matematikk standpunkt, geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Matematikk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering:

Historisk sett har me hatt standpunktkarakterar som gjennomsnittet, men ser at me no ligg under. Dette vil vera naturleg å reflektera rundt i oppfølgingsordninga med tanke på arbeidet med trygt og godt skulemiljø og ordinær undervisning.

5.2. Grunnskulepoeng

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)


Lokale mål

Elevane skal ta ut læringspotensialet sitt. Elevane i Kvam skal nå eit resultat som er betre enn landsgjennomsnittet.

NB! Det vart ikkje gjennomført eksamen skuleåret 2021-2022. Det betyr at grunnskulepoenga vert rekna ut frå standpunktkarakterane.

Grunnskulepoeng, geografisk samanlikning

For skoleårene 2019-20, 2020-21 og 2021-22 er grunnskulepoengene kun basert på standpunktkarakterer, som følge av at alle eksamener for elever i grunnskolen ble avlyst.



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Grunnskulepoeng, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering:

Til vanleg har me hatt litt høgare grunnskulepoeng enn fylket og nasjonalt. Dette resultatet byggjer på standpunktkarakterane sidan eksamen ikkje har vorte gjennomført. Me vil difor studera resultatata for neste år før me konkluderer med at dette er ein trend som viser dårlegare resultat over tid.

6. Skulebidrag

Les meir om [statistikken på udir.no \(lenke\)](https://udir.no)

Lokale mål

Kvam herad skal ha skulebidrag som ligg over landsgjennomsnittet (resultat med positivt forteikn).

Skulebidrag har vore målt over fleire år, men det er ikkje tal skuleeigar i Kvam har hatt fokus på i tilstandsrapporten. Me ynskjer å fylgja utviklinga i skulebidraget framover, og meiner det er ein viktig indikator for politikarane å kjenna til.

Kva er skulebidragsindikatoren?

Elevar har ulike føresetnader som påverkar resultatata. Skulebidragsindikatoren prøver å få fram kva som er skulen sin innsats. For å måla skulen sitt bidrag, skil dei ut den delen av læringsresultata som skuldast dei føresetnadane elevane har med seg. Skulebidraga vert kontrollert for tidlegare elevprestasjonar og foreldrebakgrunn (utdanningsnivå, hushaldningsinntekt og elevane sin innvandringsbakgrunn).

Tala må sjåast i samanheng med anna kunnskapsgrunnlag og gjev ikkje aleine svar på kvifor bidraget er som det er. Det er alltid tilhøve som ikkje kan målast, difor er dette ein indikasjon.

Kva fortel tala oss?


Ein skulebidragsindikator kan tolkast som forskjellen mellom det elevane ved skulen faktisk oppnår (til dømes snittakarakter på skriftleg eksamen), og det me forventar et eleven skal oppnå når ein ser bort frå eleven sine føresetnader.

For å ta omsyn til elevgrunnlaget ser ein på elevane sine tidlegare resultat, til dømes på nasjonale prøvar 8. trinn for elevar som har avslutta ungdomsskulen, -og/eller familiebakgrunn.

Dersom ein skule har eit faktisk resultat som er i tråd med forventa resultat vil skulebidraget vera lik gjennomsnittet for alle skular i landet – som er null. Indikator med negativt forteikn indikerer at skulen har eit bidrag som ligg under landsgjennomsnittet. Positivt forteikn indikerer at skulen har eit bidrag som ligg over snittet. Eit negativt forteikn betyr ikkje at skulen bidreg negativ til eleven si læring, men at bidraget er under landsgjennomsnittet.

Tala fortel ikkje noko om elevane si læring i andre fag, og den seier heller ikkje noko om skulen sin evne til å ivareta andre deler av skulen sitt oppdrag.


Skulebidrag 1.-4. trinn



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Skulebidrag, Offentlig skole, 1.-4. trinn

Skulebidragsindikatoren på 1.-4. og 5.-7. trinn seier noko om skulen sitt bidrag til elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i engelsk, lesing og rekning.

Skulebidrag 5.-7. trinn



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Skulebidrag, Offentlig skole, 5.-7. trinn

Skulebidrag 8.-10. trinn

Skulebidragsindikatoren for 8.-10. trinn er målt på skulen sitt bidrag til elevane si læring i eksamnefaget eleven kom opp i. På grunn av at det ikkje er gjennomført eksamen dei siste åra, er det ikkje nye tal for denne aldergruppa.

Meir informasjon om skulebidragsindikatoren finn du [her](#)

7. Overgang grunnskule vidaregåande skule

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Alle grunnskuleelevar i Kvam startar direkte på vidaregåande skule.

Overgang fra grunnskule til VGO

År	Kvam Herad (EIER)	Vestland	Nasjonalt	KOSTRA-gruppe 05
2022	97,5	98,1	97,7	97,8
2021	99,1	98,0	97,9	98,4
2020	99,0	98,5	98,2	98,4
2019	100,0	-	98,0	-
2018	100,0	-	98,0	-

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Overganger, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering

Oversikta kan tyda på lågare prosent elevar som startar direkte på vidaregåande. Heldigvis er det forklaring på prosentnedgangen. Kullet siste år er lite, og nokre elevar starta på folkehøgskule og ikkje direkte på vidaregåande skule. Desse to faktorane gjev negativt utslag for gjennomføringa.

8. Ein skule for alle

Alle elevar skal ha god ordinær opplæring. Opplæringa skal inkludera alle, bidra til å redusera behovet for spesialundervisning, og vidare leggja til rette for god støtte til elevar med særskilde behov og tilpassingar.

Kommunedelplan for oppvekst i Kvam har som mål at alle barn og unge skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø. Planen er bygd opp kring beskyttande faktorar, og i skulen er fylgjande faktorar prioritert:

Trygge vaksne

Hovudmål: Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine. Alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø, og me er avhengig av trygge vaksne som ser og som har handlingskompetanse når situasjonen krev det. Skulane gjennomfører kompetanseheving gjennom kompetansepakkane til Udir «Trygt og godt skulemiljø». Gjennom oppfølgingsordninga er trygt og godt skulemiljø eitt av fokusområda.

Høg kvalitet på opplæringa

Hovudmål: Opplæringa i skule og lærebedrifta skal opna dører mot verda og framtida og gje elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa gjennom barnehage og skule skjer i samarbeid og forståing med heimen. I gjennomføringsfasen av oppfølgingsordninga skal me styrka ordinær undervisning. Brukarundersøkingar og lærarundersøking fortel oss at undervisninga må vera meir praktisk og variert. Saman med arbeid kring trygt og godt skulemiljø skal me skapa ei meir inkluderande undervisning for elevane våre.

Mangfald

Hovudmål: I Kvam set me pris på og ser nytten i dei ulike ressursane kvart enkelt menneske representerer. Kvammaskulane tek imot elevar frå ulike land som har ulike ressursar med seg til samfunnet vårt. Det er utarbeidd ein handlingsplan for særskild språkopplæring for at dei nykomne skal oppleva god inkludering og språkopplæring i tråd med opplæringslova §2.

Gode kommunale tenester for barn, unge, gravide og familiar

Hovudmål: Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod. Kvammaskulen er ein del av tverrfagleg samarbeid der det no vert jobba med implementering av BTI (Betre tverrfagleg innsats). Fleire tilsette kjenner til BTI-rettleiaren, og BTI-koordinator, leiarar, støttekoordinatorar og miljørettleiarane i skulane er viktige strukturar i implementerings-arbeidet. Ved uro for ein elev vert BTI-rettleiaren brukt i aukande grad.

8.1. Trygt og godt skulemiljø

Alle born og unge skal oppleve eit trygt og godt skulemiljø, jamfør opplæringslova kap. 9A.

Skuleeigar skal sjå til at det er eit forsvarleg system som fangar opp og handterer saker der det viser seg at elevar opplever det utrygt på skulen. Det vert arbeidd kontinuerleg med å sikra eit trygt og godt skulemiljø. Det førebyggjande arbeidet er sentralt, og det er viktig at alle tilsette, skuleleiing og skuleeigar aldri tek fokus bort frå å dette. Elevane har rett til å vert høyrte i saker som gjeld dei, og me skal alltid vurdera eleven sitt beste i arbeidet vårt.

Til trass for førebyggjande arbeid, er det framleis elevar som melder at dei ikkje har det trygt og godt på skulen, og me har elevar som vegrar seg eller av andre grunnar ikkje kjem på skulen. Det er viktig at me har eit system for å handtera desse sakene og dei utfordringane elevane og skulen står i. Det er ofte komplekse utfordringsbilete kor me ser at skulekvardag, fritid og heimen må spela på lag for at elevane skal ha det trygt og godt på skulen. Me må ha gode system og sikra oss at tilsette har lik forståing av korleis me kan førebyggja mobbing og utanforskap, og handtering av situasjonar kor elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. I Kvam brukar me planen "SKULEFRÅVÆR - Ein rettleiar for førebygging og oppfølging" som vart utarbeidd i 2017. Denne er til revidering våren 2023, slik at han samsvarar med BTI- rettleiaren.

Trygt og godt skulemiljø er eit av områda me treng å verta betre på i Kvammaskulen, og dette er eitt av områda me vil fokusera på i gjennomføringsfasen av oppfølgingsordninga.

Hausten 2019 vart det tilsett fem personar med sosialfagleg kompetanse til skulane i Kvam. Skulane gav gode tilbakemeldingar på at dei fekk inn kompetansen deira. Då det ikkje var rammer for nyoppretta stillingar, førte dette til veldig ulik arbeidssituasjon med tanke på organisering, arbeidsoppgåver, samarbeid og oppfølging av skuleleiarane.

Inneverande skuleår vart det løyvd midlar til nyoppretta stillingar. Tilsetjingane vart gjort i desember, med nye stillingar på 80% på kvar av dei største skulane og 40% på dei små. Rutinane for arbeidsoppgåver miljørettleiarane skal ha i skulen er revidert ut frå nye ressursar og behov på bakgrunn av erfaringane me har til no. Til dømes vert mindre del av stillingane knytt mot enkeltelevar, slik at miljørettleiaren i større grad får ei fri rolle til å arbeida med skulemiljøet. Gjennom året er det gitt opplæring i bruk av observasjons- og kartleggingsverktøy med tanke på kap. 9A- saker.

Skulane i Kvam har jobba fram eit utkast til plan for førebygging av mobbing, rus og livsmeistring i samsvar med den rusfaglege handlingsplanen 2020- 2024. Inneverande år har ulike skular prøvd ut ulike delar av planen, men me ser at planen treng å verta meir detaljert og at implementering av planen vil ta tid. Dette vil vera ein plan som vert arbeidd vidare med skuleåret 2023-2024.

Arbeidet med elevsyn: "Born er ikkje vanskelege- dei har det vanskeleg," er eit kontinuerleg arbeid med å forstå elevar som er utrygge, kjenner skam, redsle, skuld, har det uroleg eller utrygt på skulen eller heime, har utviklingsforstyrringar, ikkje passar inn i ein teoritung skulekvardag osv. Me bruker framleis LP (Læringsmiljø og Pedagogisk analyse) sitt analyseverktøy for å finna

opprethaldande faktorar, PPT arbeider tett med skulane for å finna løysingar og me bruker BTI-rettleiaren for å sikra oss at me jobbar systematisk.

På same tid ser me og at det er krevjande for andre elevar og vaksne å vera i situasjonar der elevar har det vanskeleg over tid, kor gjerne elevar utagerer mot andre elevar og/ eller dei tilsette på skulen. Me vil frå hausten arbeida med risikovurderingar, førebygging av utagering og system for oppfølging etter hendingar. Eit trygt og godt skulemiljø skal gjelda elevar og tilsette.

8.2. Læreplanverket for kunnskapsløftet 2020 (LK 20)

LK 20 (Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020) vart frå 1. august 2021 innført for alle trinn i grunnskulen. Tverrfaglege tema i LK20 er berekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmeistring. Naturlege emne i skulen kan vera at eleven lærer meir om personleg økonomi, psykisk helse og korleis me skal ta vare på jorda til komande generasjonar. Elevane skal også få opplæring i refleksjon, kritisk tenking, kjeldekritikk og programmering. Programmering er ikkje eit eige fag, men lagt inn som kompetansemål i fleire fag. Dette og fleire av dei andre områda krev både utstyr og kompetanse hos dei tilsette.

Tidlegare har Kvammaskulen søkt og fått tilskot til innkjøp av utstyr til programmering der dei eldste elevane vart prioritert. Inneverande år har me fått tildelt midlar slik at dei yngste elevane også har fått meir utstyr. For skuleåret 22/23 er det tilsette som tek vidareutdanning i programmering, og desse hadde ansvar for eit to-timar kurs no i vår der alle tilsette kunne melda seg på.

LK 20 legg opp til nye måtar å læra på. Djupnelæring er sentralt, og kan definerast som det å gradvis utvikla kunnskap og forståing av omgrep, metodar og samanhengar i fag og mellom fagområde. Det er viktig å leggja til rette for djupnelæring for at elevane skal utvikla kompetansen dei treng i ei framtid som er i rask endring.

Implementering av læreplanen tek tid. Tilsette har gjennomført kompetansepakkane til udir som omhandlar ny læreplan, men det tek tid å omsetja denne til endra undervisningspraksis. Det har vore jobba mykje med viktige tema som til dømes BTI (betre tverrfagleg innsats), arbeid med særskild norskopplæring, SFO-plan og vedtekter og plan for rus- og mobbeførebygging og trygt og godt skulemiljø. Dette skal me ta med i det vidare arbeidet, og i tillegg vert det i tida som kjem endå meir fokus på ordinær undervisning, særleg som del av oppfølgingsordninga.

Når det gjeld behov for læremiddel i samband med ny læreplan, er me ikkje i mål med dette. Me har kjøpt inn bøker i nokre fag, men det tek tid å kjøpa inn til alle trinn. Før val av bøker i nye fag, vert det sett ned ei arbeidsgruppe med faglærarar på tvers av skulane som går gjennom ulike verk, og avgjer kva som skal kjøpast inn. Det vert like bøker i alle skulane, slik at me ved utarbeiding av årshjul og undervisningsopplegg har høve til å dela mellom skulane. Sjølv om digitale læremiddel vert nytta, vil ikkje desse i hovudsak erstatta bøker, men verta eit godt supplement.

8.3. Kompetanse

8.3.1. Tilsetjing

Stortinget vedtok i 2015 å auka kompetansekrava for å kunna undervisa i grunnskulen. På barnetrinnet er krava 30 studiepoeng for faga norsk, matematikk og engelsk. For ungdomstrinnet er kravet 60 studiepoeng for dei same faga, medan det for andre fag er 30 studiepoeng. Det kan gjevast dispensasjon frå kravet til 2025.

Det er eit kommunalt ansvar å sikra rett og naudsynt kompetanse i skulen.

Me er glade for å få fleire nyutdanna grunnskulelærarar med mastergrad inn i skulen. Samstundes ser me at dei nyutdanna kan ha smalare fagkombinasjonar på same måte som universitetsutdanna med pedagogisk seminar. I 2025 er det spesifikke krav til kompetanse ein skal undervisa i, og me må ta høgde for dette ved tilsetjingar.

Våren 2023 har Kvam mange kvalifiserte søkjarar til ledige lærarstillingar, og me er glade for at mange har brei fagkombinasjon med bakgrunn som 1.-7. lærarar og 5.-10. lærarar. Likevel er det slik at me ikkje har nok søkjarar, og me er særskild uroa når me ikkje har søkjarar som har Tørvikbygd og Ålvik skule som fyrsteval, og svært få som ynskjer seg dette i det heile. Grunngevinga for at desse skulane ikkje vert fyrstevalet for søkjarar, er ofte reiseveg og/ eller redsle for manglande fagmiljø.

Me har lyst ut rektorstilling ved Ålvik skule og Tørvikbygd skule, og avdelingsleiarstillingar ved Strandebarm skule denne våren. Som elles i landet, er det få søkjarar til desse stillingane, men me er glade for at me har fått to godt kvalifiserte rektorar tilsett. (Rekrutteringsprosessen for avdelingsleiarstillingane i Strandebarm er ikkje ferdig når tilstandsrapporten har skrivefrist 26.mai.)

Løn er ei utfordring når det gjeld rekruttering i skuleleiarstillingane. Ein avdelingsleiar vil til dømes etter dette lønsoppgjeret berre tena 2700 kroner meir enn ein lektor med full ansennitet og kontaktlærartillegg. Om lektoren har tilleggsutdanning med 60 stp og full ansennitet, vil han/ho ha i underkant av 30 000 meir enn avdelingsleiarløna.

I Kvam vert ein tilsett i skule i Kvam, med «for tida tenestestad» ved ein spesifikk skule. Dette gjer at det sikrar den tilsette jobb ved til dømes reduksjon i skuleramme eller elevtal, men og at skuleeigar kan nytta kompetansen til den tilsette der det er bruk for dei. Med dei nye krava til kompetanse, og eit ynskje frå skuleeigar om å nytta ressursane han har til det beste for elevane, vil dette vera eit tiltak skuleeigar ynskjer å nytta seg av i større grad.

8.3.2. Vidareutdanning

Tabellen under viser tal lærarar som har fått innvilga vidareutdanning gjennom Udir si vidareutdanningsordning våren 2023. Det har vore aukande tal søkjarar til dei ulike vidareutdanningane. Skuleeigar prioriterer søknadene som kjem inn mellom anna ut frå kva fag/fagområde skulane og heradet treng auka kompetanse i, og informasjon om dette vert gitt ut til tilsette i forkant av søknadsfristen. Det er Udir som til slutt avgjer kven som får tildelt

studieplass. Sidan Kvam herad er med i Oppfølgingsordninga vert heradet prioritert. Trass i dette vil ikkje alle som søkje vil oppleve å få plass. Kvam herad betalar eigenandel og det vil difor vera eit tak ut frå budsjettet kor mange som kan få innvilga studieplass. Kvar skule må også vurderer kor mange dei kan ha ute i studie til ei kvar tid med tanke på bemanning og tilgang til kvalifiserte tilsette/vikarar.

Ordningane omfattar vikarordning (2 dagar fri pr. veke med løn i eit studieår) og stipendordning (kr 115 000 utbetalt). Rektorutdanninga har ikkje vikar- eller stipendordning, men rett til fri ved studiesamlingar.

I tillegg til utdanninga gjennom Udir, er det ei tilsvarande ordning gjennom Kompetanse Norge. Det er tilsette som tek vidareutdanning på eige initiativ der kommunen gjev tilskot i samsvar med AMU-vedtak 015/00.

Fordeling vidareutdanning med oppstart hausten 2023:

Norsk 2 5-10. trinn	1
Profesjonsfaglig digital kompetanse 1-10. trinn	2
Veilederutdanning	1
Spesialpedagogikk 1 1.-10.trinn	5
Spesialpedagogikk 1 8.-13.trinn	1
Karriereveiledning	1
Andrespråkspedagogikk	1

8.3.3.Kurs

10- faktor-undersøkingar tidlegare år, har vist at lærarane ynskjer kompetanseheving. Skuleåret 2022/23 var det planlagt kurspakke ut frå tilsette sine ynskje og behov. Kursa vert gjennomført etter undervisningstid, i den ubundne tida pedagogane har til føre- og etterarbeid og fagleg oppdatering. Det vert nytta både intern og ekstern kompetanse som kurshaldarar.

Tema skuleåret 22/23:

1. Klasseleiing
2. Trygt og godt læringsmiljø
3. Leselyst -avlyst grunna sjukdom
4. Programmering

Skuleeigar ynskjer å halda fram med tilbodet skuleåret 2023/24.

8.3.4. DEKOM

Desentralisert kompetanseutvikling er ei ordning der statlege midlar skal byggja opp om skuleeigar sitt ansvar for kvalitetsutvikling. Ordninga har som mål og premiss at samarbeidet mellom lærarutdanningane skal styrkast. Skuleeigar sine prioriteringar skal byggja på tilstandsvurderingar og analysar. Det er dei regionale kompetansenettverka som har ansvar for fordelinga av midlar og rammeverk knytt til ordninga.

I Voss- og Hardanger kompetanseregion har ein knytt ordninga saman med ekstern vurdering, og samarbeider med universitet eller høgskule. Dette vil sei at det er det i forkant av kompetanseutviklinga skal gjennomførast ekstern vurdering ved kvar skule, noko som skal vera med på å peika ut område ein skal satsa på i kompetanseutviklinga.

Strandebarm skule har vore ein del av ordninga og er no i slutfasen av sin periode. Strandebarm har jobba med djupnelæring. Etter planen skulle Tørvikbygd skule ha starta sin periode denne våren. Etter ei samla vurdering, der mellom anna kapasiteten på grunn av sjukefråvær var sentral, har Kvam herad på vegner av Tørvikbygd skule takka nei til planlagt oppstart. Norheimsund skule skal etter planen starta i 2024.

8.3.5. Oppfølgingsordninga

Kvam herad er ein del av Oppfølgingsordninga. Ordninga går over tre år, og skuleåret 2022/23 er forfasen gjennomført.

I forfasen har kommunen med hjelp frå eksterne rettleiarar og Statsforvaltaren, analysert eigne data og laga eit utfordringsbilete. I tillegg har me planlagt tiltak, funne kompetansemiljø og forankra utviklingsarbeidet som skal gjennomførast i neste fase.

Det har vore gjennomført foreldreundersøking, lærarundersøking og skuleleiarsamlingar i tillegg til nye nasjonale prøvar og elevundersøking. Målet med undersøkingane har vore å få inn stemmer frå alle involverte partar. Parallelt med desse undersøkingane har Kvam herad gjennomført del to av Juniorforskarprosjektet. Her har elevar frå begge ungdomsskulane forska på eigen skulekvardag. Resultata frå elevundersøkinga var utgangspunkt for forskinga. Forskingsresultata er i høgste grad relevant for å eleven si stemme inn i situasjonsskildringa for skulen i Kvam.

I gjennomføringsfasen som byrjar hausten 2023 er det tre område som vil stå i fokus:

- Trygt og godt skulemiljø
- Ordinær undervisning
- Leiarstøtte

Modellen viser ei enkel skisse over korleis Kvam herad ser på samanhengane i arbeidet som skal gjerast i gjennomføringsfasen. Ordinær undervisning og trygt og godt læringsmiljø er avhengig av kvarandre. I tillegg er leiarane heilt sentrale for å få hjula til å gå rundt. Tannhjula vert smurt av felles haldingar og oppleving av motivasjon, medverknad og meistring.



Det er utarbeida søknad til Statsforvaltaren om midlar til å gjennomføra tiltaka. Kvam herad er tildelt 2 050 000,- frå Statsforvaltaren.

Ut frå arbeidet i forfasen vart det oppretta kontakt med kompetansemiljø som skal vera støtte i arbeidet vidare i gjennomføringsfasen i Kvam:

NTNU Skrivesenteret

NTNU Skrivesenteret skal bistå Kvam herad gjennom heile gjennomføringsfasen. Senteret vil gjennomføra planleggingsdagar og påfølgjande mellomarbeid og observasjon med aktuell kompetanseheving, der hovudoverskrifta er ordinær undervisning. Dei har høg kompetanse på aktive og praktiske læringsformer der elevmedverknad og motivasjon er sentrale element. Skrivesenteret har både konkrete innspel til undervisningsformer som treff elevane, samstundes som dei er oppteken av ein heilskapleg pedagogikk. Eit samarbeid med Skrivesenteret vil vera med på å gje tilsette i Kvam felles haldningar til kva inkluderande undervisning er. Skrivesenteret skal også vera med å støtta arbeidsgruppe som skal systematisera verktøy og god praksis når det gjeld lesing og skriving.

Guttorm Helgøy

Helgøy har gjennom skuleåret 2022/23 vore engasjert og hatt oppdrag i Kvam herad. Han har støtta både på systemnivå og i konkrete utfordrande saker knytt til § 9A-4. Han kjenner etter kvart deler av heradet godt, og veit såleis både styrker og svakheiter. Kvam herad vil i gjennomføringsfasen vidareutvikla det allereie oppstarta arbeidet med kvalitetssikring av både førebyggjande arbeid, samt kompetanse og system når det gjeld handtering og etterarbeid på området. Helgøy skal bistå med å gje mellom anna miljørettleiarane ein spisskompetanse, slik at systemarbeidet vert implementert i organisasjonen.

Pål S. Riis

Riis har lang erfaring i leiarutvikling. I gjennomføringsfasen skal Riis gje nødvendig leiarstøtte til alle skuleleiarane, også på skuleeigarnivå og bidra til ein auka kompetanse på å driva utviklingsarbeid over tid. Riis vil støtta skuleleiarane gjennom endringsarbeidet i gjennomføringsfasen. Det vert både felles kompetanseheving samla for alle skuleleiarane, men også individuell tilpassing og støtte ut i kvar skule/ kvart leiarteam.

Skuleeigar ser fram til arbeidet i gjennomføringsfasen som me meiner vil gje viktig kompetanseheving for tilsette, skuleleiarar og skuleeigar. Alle skulane vil vera med på arbeidet. Dette er viktige arbeidsområde me jobbar med kontinuerleg og vil ikkje vera eit nytt prosjekt. Dette er arbeid som likevel skal gjerast, men der me no får støtte frå ulike kompetansemiljø. Arbeidet må prioriterast høgt og vil ta svært mykje av utviklingstida dei komande to åra.

8.4. Inkludering

8.4.1. Støttesystem

Støttesystemet for skulane i Kvam handlar om å skapa inkluderande læringsfellesskap for alle elevar, gjennom å organisera og setja i verk tiltak kring elevar i ordinær opplæring etter kva tilretteleggingsbehov eleven har. Plan for støttesystem på skulane i Kvam er tilgjengeleg for alle tilsette i Compilo. *Laget rundt barnet* som det vert vist til i Meld.St.6, er gjennom støttesystemet teke på alvor i Kvam. Gjennom god tilrettelegging i ordinær opplæring, er målet at fleire elevar skal få hjelpa dei treng utan vedtak om spesialundervisning. Det vert sett i verk ulike tiltak som t.d. lesekurs, kurs i kompensierende støtte for dyslektikarar, intensivopplæring når elevar sporar av i lesing, skriving og rekning. Det er bestemt at støttesystemet skal gjelda på alle skulane i Kvam, og skal gjennomsyra opplæringa.

Det er likevel stor skilnad på korleis skulane har høve til å organisera støttesystemet med tanke på personale, ressurstilgang (timar sett av til tiltak i støttesystemet) og kompetanse. Ein av grunnane til dette er mellom anna skilnaden på elevtala på skulane, og storleik på klasserom. Skuleeigar skal syta for eit likt skuletilbod. Det vil sei at om ein på dei små skulane har elevgrupper som i tal til tider er mindre enn halvparten som på dei store skulane, kan ikkje klassane i tillegg ha støttelærar inne. Då vert støtta at undervisninga skjer i små grupper.

8.4.2. Spesialundervisning

Prosent av elevar med vedtak om spesialundervisning, utvikling 6 siste åra:

17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23
8,6%	8,7%	10,15%	10,4%	10,3%	10,1%

(Tal er rekna ut frå GSI)

Nøkkeltall 2022	Kvam	Vestland	Kostragruppe 5	Landet
Årstimar til spesialundervisning pr. elev	161,8	150,4	160,9	146

(Denne tabellen er henta frå Kostra.)

Nasjonalt har 7,8% av elevane vedtak om spesialundervisning. 67% av desse er gutar. Talet på elevar er tre gonger høgare på 10. trinn enn 1. trinn.

I Kvam hadde me 1019 elevar dette skuleåret. Av desse hadde 106 elevar vedtak i fylgje tal frå GSI, 81 av desse var gutar, m.a.o. 76,4 %.

Då støttesystemet etter politisk vedtak i 2012 vart innført i 2013-2014, var spesialundervisningsprosenten i Kvam på 15,9 %. Dei neste åra gjekk talet på elevar med spesialundervisning betydeleg nedover og me var i 2015-2016 på under 8 %. Me ligg framleis godt under det me var før innføringa av støttesystemet, men me ser no at talet for elevar som mottek

spesialundervisning i Kvam har stabilisert seg kring 10 %. Når me no skal ha fokus på ordinær undervisning i gjennomføringsfasen av oppfølgingsordninga, er dette mellom anna for å skapa ei meir variert, praktisk og inkluderande undervisning. Saman med støttesystemet meiner me at ei slik tilnærming vil føra til at endå fleire elevar får betre tilrettelegging i den ordinære undervisninga, og behovet for spesialundervisning vil gå ned. Det er då viktig å presisera at me har bruk for ressursar til støttesystemet, elles er me redde for at behovet for spesialundervisning vil auka. Frå 2013- 2019 har innsparinga på skule vore 5,5 millionar.

Nokre elevar vil uansett ha eit stort behov for spesialundervisning, og det er ein individuell rett som framleis gjeld (opplæringslova § 5.1). Det er eit stort press på meir ressursar frå skulane og andre instansar (t.d. BUP, autismeteam mfl.), og det kan vera krevjande å gjera ei sakkunnig vurdering og vedtak på kva som er det faktiske behovet til barnet. Behovet til barnet skal alltid vurderast opp mot kva tilbod dei har i den ordinære undervisninga. Målet er at alle elevar i Kvam får den hjelpa dei har behov for.

8.4.3. Særskilt språkopplæring

Tabellen under viser tal årstimar til særskild norskopplæring kvar elev får i gjennomsnitt.

Nøkkeltall 2022	Kvam	Vestland	Kostragruppe 5	Landet
Årstimar til særskilt norskopplæring pr elev	52,4	36,3	48,6	31,6

(Denne tabellen er henta frå Kostra.)

I fjor vart det utarbeida ny handlingsplan og rutinar for å betra tilbodet Kvam gjev elevar som har rett til særskild språkopplæring. Målet med ny plan er lik handsaming og likt tilbod til alle uavhengig av kvar dei er busett og kva nærskule dei høyrer til. Skuleåret 2022/23 er planen og retningslinjene teke i bruk. Det er auka fokus på særskild språkopplæring, noko som saman med ny plan vil føra til endå betre opplæring.

Handlingsplanen kan lesast på kvam.no ([Handlingsplan for særskild språkopplæring \(framsikt.net\)](#)) Kvam herad har over tid brukt mindre ressursar på timar til særskild språkopplæring enn andre kommunar i kostragruppe 5 og landet elles. Ressursen vart auka i fjor. Årstimetalet har no auka frå 30,2 i 2021 til eit nivå som er meir i tråd med rettane etter Opplæringslova § 2.8.

Det er utfordringar å læra nytt språk. Alle elevar som ikkje har tilstrekkeleg kompetanse i norsk , har rett til særskild språkopplæring. Fleire kommunar tilbyr innføringsklasse der elevane lærer seg nokre grunnleggjande språkkunnskapar før dei går inn i ordinær undervisning. I Kvam har me dette året hatt samarbeid mellom Kvam ungdomsskule og Øystese skule der elevar har fått nokre timar språkopplæring samla i starten. Dette er mogeleg når det kjem fleire elevar samstundes. Det som kan vera utfordrande for skulane, er at elevane kjem til ulike tider, har ulik skulebakgrunn, gjerne ulike språk og byrjar på ulike skular. Dette gjer at det er vanskeleg å setja saman grupper, noko som kunne redusert timetalet. Vidare er det utfordrande å ta vare på tilsette med rett språkkompetanse, då me til no ikkje har hatt stabilt tilfang av elevar med annan språkbakgrunn.

Kvam herad ligg om lag som kostragruppe 5 i årstimar, og det vil gjerne vera naturleg at me prøver å stabilisera talet på dette nivået. Det viktigaste er å oppfylla retten elevane har til særskild språkopplæring, og på den måten sikra at dei får god kompetanse i norsk.

8.5. SFO

Pr. oktober 2022 var det 188 born på SFO, 72 av desse borna hadde 100% SFO-plass. Det vert nytta 8,81 årsværk til SFO, inkl. auka bemanning til born med behov for tilrettelegging. Alle skulane hadde SFO- tilbod skuleåret 2022/2023.

Nasjonal rammeplan for Skulefritidsordninga var gjeldande frå 1. august 2021. Kvam herad har laga ein felles plan for SFO i Kvam. Planen er i tråd med rammeplanen og skal sikra eit likt tilbod og lik praksis uavhengig av kva SFO barnet høyrer til. Planen skal syna korleis Kvam herad omset verdigrunnlaget i rammeplanen til praksis og fortel mellom anna om vaksenrolla, innhaldet i SFO samarbeid og elevmedverknad.

Skuleåret 2022/23 er det vedteke nye vedtekter for SFO. Desse gjeld frå 1. august 2023 og skal evaluerast etter to år. Intensjonen med nye vedtekter er eit inkluderande samfunn der alle som ynskjer det kan nytta tilbod om SFO, uavhengig av økonomisk situasjon. Samstundes skal det vera føreseieleg for heradet med tanke på bemanning og ressursbruk, slik at me nyttar ressursane til det beste for innbyggjarane.

Denne våren vert det sett saman ei arbeidsgruppe som skal førebu og planleggja at Ferieklubben skal verta ein del av SFO frå neste sommar.

8.6. Prosjekt

Ungt entreprenørskap (UE)

UE er ein landsomfattande organisasjon som i samspel med utdanningssystemet/ næringslivet jobbar for å utvikla barn si skaparglede, kreativitet og tru på seg sjølv. Det dei lærer på skulen kan brukast i kvardagen og i framtidig utdanning, yrke eller samfunnsliv. Hardangerkommunane har samarbeidsavtale med UE, som tilbyr skulane ulike program som dekkjer mål i læreplanane:

- **4.trinn på programmet.** «Vårt lokalsamfunn». Elevane lærer om lokalsamfunnet og får innblikk i arbeids- og næringslivet si betydning for velferd og trivsel. Programmet lærer også elevane om ansvar og moglegheiter kvar enkelt har for å bidra til at lokalsamfunnet blir ein god stad for alle. Av ulike årsaker har ikkje alle skulane gjennomført dette skuleåret 2022/23.
- **6. trinn SMART(are) Energi.** Programmet inspirerer lysta til å tenkja fritt/kreativt. Gjennom ein prosess skal dei avdekka, utvikla og realisera idear/løysingar andre kan gjera seg nytte av: entreprenørskap i praksis! Dei beste oppgåvene frå kvar skule går vidare til ein kommunefinale.
- **9. trinn: programmet «Ungt entreprenørskap»** dekkjer kompetansemål i norsk, samfunnsfag, kunst og handverk, naturfag og utdanningsval. Elevane skal lære om verdien

av entreprenørskap i samfunnet, få entreprenørkompetanse og høve til å reflektera over eigne dugleikar, verdiar og interesser. Ofte er det ei lokal bedrift som gjev elevane ei oppgåve dei skal løysa. Dette vert ikkje gjort inneverande år, men Kvam ungdomsskule ynskjer å få dette inn i planen att til hausten.

Juniorforskarprosjektet

Juniorforskarprosjektet del 2 er gjennomført dette skuleåret. Elevar ved både Strandebarm skule og Kvam ungdomsskule har teke del. I arbeidet har elevane mellom anna fått fram viktige elevstemmer om skulekvardagen i Kvam herad. Skuleeigar har lytta til elevane i samband med Oppfølgingsordninga og har som mål at elevane vil oppleve endring når tiltaka vert sett i verk.

I Strandebarm har prosjektet så langt resultert i utvida tilbod om skulefrukost. Elevane får frukost kvar fredag med noko fleire mattilbod enn tidlegare, det er servert toast, lappar, frukt og horn i tillegg til gryn og mjølk. Det er også lagt opp til fleire aktivitetar i friminutta.

På Kvam ungdomsskule er det mellom anna gjort konkrete tiltak når det gjeld korleis ein skal jobba med faget. Det vert også lagt opp til fleire aktivitetar i friminutta.

Ved begge skulane er det forska på lekser, og fleire ynskjer leksefri skule. Dette er viktige innspel til større og vidare drøftingar, me tanke på rutine som alt er utarbeidd for leksepolitikk i Kvam.

9. Tverrfagleg samarbeid

9.1. Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT er ein lovpålagt instans i kommunen og har som hovudoppgåve å vera sakkunnig instans i vurderinga av om born/elevar har behov for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning. PPT har også eit tydeleg systemansvar, der dei skal bidra til å styrka ordinær opplæring og gje opplæring til barnehage og skule når det gjeld særleg spesialpedagogiske tema, både på individ- og systemnivå. PPT har sidan 2014 delteke aktivt i initiering og implementering av støttesystemet på skulane, og jobbar no etter plan for støttesystem i Kvam. Dette er ein plan som gjeld for alle skulane i Kvam.

PPT skal ha fokus på den individuelle retten til spesialundervisning som alle elevar som ikkje gjer eller kan gjera seg nytte av ordinær opplæring har. Dei er samtidig aktive bidragsytarar i utvikling av organisasjonen skule for å styrka det allmenne og ordinære tilbodet til elevane. Eit trygt og godt læringsmiljø for alle, vil redusera behovet for spesialundervisning. Dette er i tråd med nasjonale føringar om tidleg innsats og eit tydeleg mandat gjennom Meld.St.6 og Opplæringslova. PPT har fast utekontor på skulane annakvar veke og møter i tverrfagleg team, spesialpedagogisk team og støtteteam i tillegg til å delta i og leia samarbeidsmøte i individualsaker. Me ynskjer å vera tilgjengeleg som gode og trygge samarbeidspartar for lærarane, som ofte støttar, men som også utfordrar når me ser og opplever at det er nødvendig.

Me har dette året hatt mykje fokus på implementering av BTI, og skulane har etter kvart blitt gode på å tenkja Betre tverrfagleg innsats, når ei bekymring oppstår. PPT har eit stort ansvar i

implementeringsarbeidet av BTI, og nyttar BTI-retteleiar aktivt i møte som støtteteam og spespedteam. Målet er at skulen skal ha gjort eit arbeid på nivå 0 og 1 før ev. tilvisingar til PPT. Dette jobbar me no aktivt for og vil etter kvart no krevja dokumentasjon av arbeid på nivå 0 og 1 i tilvisingsskjema til PPT. Me opplever at det er vilje ute i skulane til implementeringa av BTI og ser på det som eit viktig arbeid, der alle i “laget rundt barnet” har eit ansvar for å oppdaga tidleg born ein er bekymra for.

PPT har eit særleg ansvar for spesialundervisninga i Kvam ved at dei er sakkunnig instans. Skulen har ansvar for å utføra og følgja opp sakkunnig vurdering gjennom enkeltvedtak om spesialundervisning. PPT ser at spesialundervisninga har stige noko, og har stabilisert seg på rundt 10 % etter fleire år med støttesystem der tendensen var klart synkande. Det kan vera fleire grunnar til dette. PPT er opptekne av og vil jobba for å få denne tendensen til å snu igjen. Både Meld. St. 6 og ny opplæringslov (haust 2024) viser til at barn har det best i inkluderande fellesskap. Derfor må PPT saman med barnehage og skule arbeida hardt og målretta framover for å få flest mogleg barn og elevar til å lykkast i ordinær opplæring. Det krev kompetente og autoritative vaksne med stor kunnskap om både risikofaktorar og kva som fremjar meistring. PPT har tru på at gjennom felles og forsterka fokus på støttesystemet, gjennom felles møtestruktur, gjennom kompetanseheving av tilsette og gjennom eit PPT med eit sterkt nærvær og samarbeid ute i barnehage og skule, vil me sjå at behovet for spesialundervisning vil verta mindre igjen. Målet er at ordinær opplæring klarar å fanga opp og skapa tilrettelegginga som er naudsynt for det enkelte barn/elev, slik lova krev.

Systemfokuset til PPT er stort, men ressursane er små. Me strekkjer oss langt for å rekka over oppgåvene så langt me klarer. Hovudansvaret vårt er å vera sakkunnig instans. Det arbeidet må prioriterast. Så lenge skulane framleis tilviser svært mange born til PPT, har ikkje individarbeidet gått ned tilsvarende det me hadde håpa på då me innførte støttesystemet og eit styrka systemfokus. Framleis er talet på aktive individualsaker i PPT oppe i mellom 250-300 saker. Talet på systemsaker og oppgåver har auka mykje. PPT har 5 heile rådgjevarstillingar som skal serva 7 barnehagar og 7 skular.

9.2. Betre tverrfagleg innsats (BTI)

I Kvam herad arbeider me etter BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) for å ha systematikk for å oppdaga det tidleg viss det er grunn til å ha uro for eit barn eller ein ungdom og for god oppfølging. I skulen har det dette året særleg vore gjeve opplæringa i det som i BTI-modellen heiter nivå 0, som handlar om tidleg oppdaging, det vil seia kunnskap om teikn og signal på at barn og unge ikkje har det bra og samtale med barn og føresette ved uro. Opplæringa har vore gjeve gjennom case-øvingar og gjennom å bruka materiell frå RVTS (Regionale ressursentre om vold, traumatisk stress og selvfordsforebygging).

BTI har vore tema på skuleleiarsamlingar og på samlingar for miljøretteleiarar. Desse er viktige ressurspersonar for å auka forståinga for BTI-modellen. Det kviler eit særleg ansvar på leiarane for å etterspørja at ein handlar i tråd med BTI-rutinane ved uro og oppfølging, og det er skuleeigar si vurdering at skuleleiarane ser nytten i BTI-modellen og er med på å vidareutvikla systematikken.

Skuleåra 2021/2022 og 2022/2023 har det vore gjennomført tverrfagleg team ved alle dei offentlege skulane i Kvam for å drøfta elevsaker. BTI-rettleiaren har vore ramma for drøftingane. Dette har vore med på å fremja ei tverrfagleg forståing av BTI. Tverrfagleg team er våren 2023 til evaluering og det kan verta gjort justeringar for komande skuleår.

Det er tilsett BTI-koordinator i full stilling, som er mykje i kontakt med tilsette i skule og i andre tenester for å drøfta handtering av uro for barn og unge og for oppfølging.

Eitt av dei såkalla verktøya i BTI-modellen er stafettlogg, som er eit digitalt møtereferat som er bygd opp for å fremja godt samarbeid mellom eleven, heimen og tenestene og for å gjera det tydeleg kven som har ansvar for kva tiltak. Det er no sett i gang stafettloggar på fleire av skulane og me byrjar å hausta erfaringar ved å nytta stafettlogg.

BTI-modellen byggjer på desse prinsippa:

- Tidleg innsats (tidleg i livet og tidleg i eit problemforløp)
- Brukarmedverknad (godt og systematisk samarbeid med barnet/ungdomen og med heimen)
- Samordna tenester

Ved å handla etter BTI-modellen sikrar ein eit felles språk på tvers av tenestene, ein tydeleg systematikk i arbeidet, at ein handlar i samsvar med lover og andre overordna forventingar og i samsvar med det me veit er god praksis.

10. Organisasjonsutvikling

Rutinar/ systemarbeid som er under arbeid:

Eit viktig mål for skuleeigar er at elevane i Kvam får eit likeverdig tilbod, uavhengig av kva skule dei går på. Skulane skal ta vare på det unike ved skulen, men det som er av rutinar og system som kan vera likt, bør vera likt. I dette arbeidet nyttar me kvalitetssystemet Compilo. Det har vore tid vore jobba med rutinar og system, men me opplever at ikkje alt er implementert i skulane våre. Me må difor halda trykket oppe slik at alt som vert utarbeida når ut i heile organisasjonen. Lista over område som vert jobba med er lang, men me har trekt fram nokre fokusområde:

O Foreldremøteplan med tema og ansvarleg teneste frå barnehage til 10. trinn.

Det er utarbeida ein tverrfagleg foreldremøteplan i Kvam herad kor tenestene har vore med på foreldremøte etter fast plan inneverande skuleår. Det har vore godt motteke, men me ser at planen er for omfattande til at tenestene klarer å fylja han opp innanfor ordinære ressursar og samtidig ivareta primæroppgåvene. Planen må evaluerast og sjåast opp mot kost- nytte-prinsippet. I tillegg ser skulane ein trong for å arbeida ut ein foreldremøteplan internt i skule som syner kva som bør vera tema på dei ulike trinna, slik at dette er føreseieleg, i tråd med LK20, og så likt som råd på tvers av skulane.

O Leksepolitikk i Kvam

Våren 2021 vart det utarbeida retningslinjer for felles leksepolitikk i Kvam. Det var ei brei deltaking der både elevar, tilsette og føresette vert høyrd. I strategien står det både om føremålet med lekser og prinsipp for å gi lekser. Inneverande skuleår har mellom anna elever som har gjennomført Juniorforskaren peika på utfordringar med lekser. Skuleeigar ynskjer å igjen setja fokus på arbeidet som vart gjort, og sjå til at alle skulane og alle tilsette kjenner til strategiane og at dei vert etterlevd.

O Personvern i Kvammaskulen

Handsaming av personopplysningar i skulen er ikkje nytt, men ein delvis digital skulekvardag gjer at det dei siste åra har vore ein aukande bruk av digitale læremiddel og system i skulen. Ein konsekvens av dette, er at det vert handsama personopplysningar i fleire system enn tidlegare. Kvam herad skal sikra at personopplysningar vert handsama på rett måte, noko som er eit omfattande arbeid. Før det vert teke i bruk nye digitale system i dag, skal systemet risikovurderast både teknisk og organisatorisk. Skuleeigar har inneverande skuleår vore med i DigiVestland si rettleiarteneste knytt til mellom anna læringsressursar. Det er gjort ei kartlegging og ut frå denne laga handlingsplan som syner kva område og tiltak som må prioriterast.

O Leseplan for Kvam

Leseplan for kvam herad vart utarbeidd i 2016/17. Denne har vore nytta i ulik grad ved skulane. Planen er framleis ein god plan, sjølv om deler av den bør reviderast for å vera heilt i tråd med LK20. Dette skal gjennomførast til hausten. Gjennom skuleåret er den løfta fram, og nokre av skulane nyttar denne i stor grad. Målet er at alle skulane implementerer planen, og at denne vert revidert i komande skuleår.

O Forvaltningsrevisjon av personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk

Kontrollutvalet bestilte i møte 21.02.2022 i sak PS 4/22 Forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar. Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøkje i kva grad Kvam herad har tilfredsstillande system, rutinar og praksis knytt til tilsettingsprosedyrar og vikarbruk i oppvekstsektoren (grunnskulane).

Med bakgrunn i føremålet vart det utarbeidd 4 problemstillingar som vart undersøkt:

1. I kva grad har Kvam herad etablert tilfredsstillande system og rutinar for tilsetjingsprosessar i oppvekst (grunnskulane)?
2. Kva rutinar har Kvam herad for bruk av vikar og deltidsstillingar i skulen.
3. I kva grad er det dokumentert at sentrale krav til tilsetjingsprosessar blir følgt?
4. I kva grad opplever tilsette ved grunnskulane at det er:
 - a) Eit godt psykososialt arbeidsmiljø og eit godt ytringsklima?
 - b) Ryddige tilsetjingsprosessar ved eigen arbeidsplass?

Deloitte presenterte resultatet frå forvaltningsrevisjonsrapporten for heradstyret i møte 28.03.23 og heradstyret gjorde følgjande vedtak:

HST- 025/23 Vedtak:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk i Kvam herad ber heradsstyret rådmannen syta for å:

- 1. Utarbeide skriftlege rutinar for å dokumentere habilitetsvurderingar.*
- 2. Utarbeide skriftlege rutinar for relevante reglar slik som 3 og 4-årsregelen.*
- 3. Utarbeide ei sjekkliste/kort rutine for tilsetjing i kortare vikariat/timebaserte stillingar.*
- 4. Sikre at dei vurderingane som i praksis blir gjort i rekutteringsgruppene blir tilstrekkeleg dokumentert i det omfang og i den tidsperioden som er nødvendig.*
- 5. Følgje opp funn i undersøkinga om korleis dei tilsette opplever det psykososiale arbeidsmiljøet og ytringskulturen, og setje i verk avhjelpande tiltak.*
- 6. Heradsstyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 31.05.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga*

Rådmannen har utarbeidd handlingsplan som viser tiltak som er sett i verk, og som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten. Tilsetjingsreglementet er allereie oppdatert etter tilrådingar i rapporten(pkt 1-4) og skal til handsaming i ADM-utvalet 9.juni 2023. Handlingsplanen vart oversendt til kontrollutvalet 24.05.23(pkt 6). Rådmannen legg fram sak til politisk handsaming knytt til oppfølging av punkt 5 i HST vedtak 025/23.

Oppvekstsjef skal via Teams på planleggingsdag 22/6-23 orientera tilsette kort om funna i rapporten, kva prosess/drøftingar som har vore gjennomført etter at rapporten vart overlevert til Kvam herad, og korleis funna blir følgt opp vidare.

11. Innblikk kvar skule

I 2021 vart det frå politisk hald spørsmål om også Norheimsund Friskule kunne få plass i rapporten. Dette vart gjennomført i 2022. I år har Friskulen fått høve til å rapportera, men måtte dessverre takka nei av ulike årsaker.

Vaksenopplæringa

Dette skuleåret har det vore 12 tilsette, i tillegg til rektor. Tenestetilbodet til Vaksenopplæringa er delt inn i 3 avdelingar.

- 1)** Grunnskuleopplæring for vaksne etter *Opplæringslova § 4 A-1*
- 2)** Spesialundervisning for vaksne etter *Opplæringslova § 4A-2*
- 3)** Norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrarak etter *Introduksjonslova, kap.4, § 17*. Etter 01.01.21 gjeld *Integreringslova, kap.6, §§ 26-37*.

Realkompetansevurdering. Skulen vår gjennomfører også etter søknad, realkompetansevurdering på grunnskulen sitt område. Dette er eit kommunalt ansvar etter *Opplæringslova, regulert i forskrifta § 4-13*.

Samarbeid i regionen. Vaksenopplæringa i Kvam deltek i det regionale nettverkssamarbeidet i regi av Hardanger/Voss kompetanseregion og samarbeider på fleire område med dei andre vaksenopplæringane i regionen.

1) Grunnskuleopplæring for vaksne:

Skuleåret 2022/23 deltek 16 elevar, 7 menn og 9 kvinner, alle med minoritetsbakgrunn med vedtak etter *Opplæringslova §4 A-1*.

2) Spesialundervisning for vaksne på grunnskulen sitt område:

Dei fleste deltakarane med spesialundervisning for vaksne er i alderen 20-40 år. 17 elevar får skuleåret 2022/23 vedtak etter *Opplæringslova §4A-2*.

3) Grunnleggjande opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter Introduksjonslova/Integreringslova:

Deltakarane er flyktningar, familiesameinte med desse, og familiesameinte med norske statsborgarar med rett/plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. I tillegg får også arbeidsinnvandrarar innanfor og utanfor EØS-området tilbod om opplæring. Skuleåret 2022/23 har me pr. april **80 deltakarar** på denne avdelinga. 60 % av elevmassen er vaksne elevar frå Ukraina.

Dette skuleåret har det kome til mange elevar som har starta opp til ulike tidspunkt gjennom skuleåret. Det kan vera utfordrande å få på plass så mange elevar til ulike tider midt i eit skuleår og i tillegg få tak i nok lærarkrefter når behovet oppstår. Men med god hjelp frå tidlegare lærarar, har me kunna løyst oppgåvene på ein god måte. Talet på elevar stig elles vanlegvis utover skuleåret etterkvart som fleire i målgruppa flyttar til Kvam.

Digitalt utstyr og undervisning: Me har fokus på digital kompetanse og bruk av digitalt utstyr i undervisninga. Me nyttar både Ipad og PC i opplæringa. I klasseromma nyttar me activeboard/digital tavle. Behovet for fleire og nye PC-ar er veksande.

Anna: Vaksenopplæringa flytta denne vinteren inn i nye lokale i Sandvenvegen 23 (tidlegare Bruflat-bygget). Det har vore inspirerende både for elevar og tilsette å få ta i bruk nye og gode undervisningslokale.

Strandebarm skule

Tilsette

Skulen har 20 kvalifiserte pedagogar, og fem fagarbeidarar. I tillegg til ein miljørettleiar. Frå 1. mars vart det tilsett miljørettleiar nr. 2. Me har merkantil (25%), rådgjevar, to avdelingsleiarar og rektor. I tillegg er helsesjukepleiar på skulen ca. to dagar i veka (me deler dagar med Tørvikbygd skule). PPT har kontordag hos oss ein dag annakvar veke.

Prosjekt

Strandebarm skule er inne i sitt siste halvår i Dekom. Her har me jobba under paraplyen "djupnelæring" med hovudfokus på elevmedverknad. Her er me knytt opp til Høgskulen på Vestlandet (Hvl), som rettleiar oss i arbeidet.

Kvar haust markerer me Jon Fosse, der alle klassane frå 1.-10. klasse jobbar med tekstane hans på ulike måtar.

I vår har me leseaksjon på barneskulen, Lesekarusellen. Her les alle elevane frå 1.-7. klasse i tre veker mot eit felles mål. Der dei får premiar undervegs.

Ungdomsskulen var med på Juniorforskaren. Her forska dei på sjølvvalde tema innanfor motivasjon og trivnad. Eit tema som kom opp i fleire grupper var ynskje om varm skulelunsj.

Psykososialt miljø

Elevane på ungdomsskulen får skulefrukost kvar fredag, og no på vårhalvåret får også 7. klasse dette tilbodet. Dette både som eit trivselstiltak, men og ei trygging mot ungdomsskulemiljøet. Alle elevane frå 1.-7. klasse er med på TL (trivselsleiarar). Der elevar sjølv leiar aktivitetar i langfriminuttet kvar veke. Dei er både ute og i idrettshallen. 1.-4. klasse hadde syngespelet "Den levande skogen" til jul, som gav elevane utfordringar og meistring på ulike måtar, både på og bak scena. Miljørettleiarane har trivselstiltak for ungdomsskulelevar i langfriminutta to dagar i veka, fysisk aktivitet inne/ ute.

Fysiske tilhøve/ utstyr

Strandebarm skule ligg flott plassert med kort veg til både skog, sjø og fjell. Gjennom valfaget friluftsliv vert dette særleg utnytta. Me får nytta oss av kanoar og robåtar frå Sjøsportsenteret. Skulen har elles stor idrettshall, basseng og bibliotek.

Gapahuk som me har ynskja oss i fleire år, er no FAU i gang med å søkja etter både løyve og midlar til å setja opp i skogen ved skulen.

Digitalt utstyr

Internett fungerer bra på skulen. Elevane frå 5.-10. klasse har kvar sin skule-pc. 1.-4. klasse deler på i-padar og nokre pc-ar. Det er digitale tavler i alle klasserom, og me har også noko utstyr til arbeid med koding og programmering. Både tilsette og elevar har Office 365-pakken, og me nyttar Teams. Av digitale plattformer så har me Skolestudio på ungdomsskulen, og A-univers på barneskulen. Bøker kjøpt inn etter LK-20 er stort sett knytt opp til desse to universa (med nokre få unntak).

Elevrådet

Me har også i år eit aktivt elevråd som har arrangert ulike trivselstiltak: Halloween-feiring for mellomtrinn og ungdomsskule, juleball ungdomsskule, kantinesal, brettspeldag på barneskulen i samarbeid med TL, temadagar med utkledning på ungdomsskulen, deltaking i ungdomsskulemeisterskap i volleyball i Bergen og volleyballturningar på ungdomsskulen. Elevrådet har jamlege møte og er opptekne av trivnad på skulen.

FAU

Me har eit aktivt og engasjert FAU, som er særleg opptekne av dei fysiske tilhøva til elevane. Dei arrangerer dugnader, og samlar inn pengar til ei oppgradering av uteområdet. Dei jobbar også aktivt med å få ein gapahuk nær skulen. Dei har jamlege møte saman med rektor og er ein svært god støttespelar til felles beste for borna våre. Dei hjelper også skulen i ulike arrangement, som grautfest 1. desember. Det vil bli arrangert sommarfest før skuleslutt, som FAU og skulen samarbeider om.

Tørvikbygd skule

Tilsette: Skulen har tre tilsette lærarar med godkjend utdanning, to lærarar under utdanning, to fagarbeidar som er både i skulen og på SFO, samt ein rektor. Dette har vore eit år med mykje fråvær og særdeles store utfordringar med å finne kvalifiserte vikarar.

Frå april har skulen hatt ein miljørettleiar i 40% stilling. Helsesjukepleiar er innom på skulen nokre timar ein gong i månaden, sjeldan ein heil dag. Dette er alt for lite i høve trongen. Mange elevar nyttar seg av tilbodet til helsesjukepleiaren.

Prosjekt

Lesing i fokus. I fjor starta me opp med leseaksjon som gjekk kvar dag etter lunsj, i tre veker. Det haldt me fram me med i år. Me opplevde at elevane var «på» med ein gong leseaksjonen starta. Dei kjende att leseaktivitetane frå sist: boka om bøker, lesebingo, stillelesing, lydbøker, samlesing, les for andre, svar på spørsmål, munnlege og skriftlege bokmeldingar o.l. I tillegg så rekna dei minutt i gjennomsnitt, laga søylediagram og konkurrerte klassevis. Me opplevde konkurransen som samlande i klassane. Heile skulen var «dynka» i bøker, alle stader. Me lånte bøker både frå biblioteket i Strandebarm og Norheimsund, samt frå fylkesbiblioteket i Førde. Alle krikar og krokar på skulen vart brukt til lesestrokar, møblerte med madrassar, saccosekkar og puter.

Skulebibliotek: Målet er at alle elevar skal finna seg ei bok som interesserer dei, uansett kva lesekompetanse og interesse ein har. For å motivera til meir lesing og meir bruk av skulebiblioteket, har skulen kjøpt inn ein del nye bøker og prioriterer det i åra som kjem. Me prøver å byggja opp eit variert utval, med vekt på nyare nynorsk barnelitteratur. Alle klassane har ein norsktime på biblioteket i veka. Denne timen vert brukt til å presentera nye og gamle bøker, ha litterære samtalar, opplæring i bibliotekbruk og sjølvsaugt lesing i sjølvvalde bøker.

Bytedag: før jul inviterte me heile bygda med på bytedag. Alle kunne levere inn brukande kle, sko, leiker, bøker, ski og skeiser. Oppslutninga kring arrangementet var stort, og planane er klare for neste år. Kle og utstyr som vart att gav me til flyktningar frå Ukraina.

Uteskule: Dei yngste elevane har hatt fast uteskuledag kvar veke. Delar av året har skulestartarane i barnehagen vore med på uteskulen. Skulen har hatt gode undervisningsopplegg frå mange ulike fag. Skulen har ein fast gapahuk i skogen, denne er vårt klasserom ute.

Psykososialt miljø

Me har brukt opplegget “Mitt val” i år som tidlegare år. Mitt val er eit opplæringsprogram om sosial og emosjonell læring. Mitt val får gode tilbakemeldingar frå elevane. Trivselsleiarar skipar til Trivselsleikar i tre langfriminutt i veka. Bibliotekassistentane har ope bibliotek eit langfriminutt i veka.

Me har og hatt tverrfagleg prosjekt kor alle elevane vert delt i grupper etter interesser. Dei samarbeidde i små grupper om vidt forskjellige ting, som for eksempel norske rovdyr, traktor, ambulansearbeidar, vaksine, universet og 22.juli. Prosjekta vart presentert i fellesskap. Dette var samlande og relasjonsbyggjande for elevane vår.

Fysiske tilhøve/ utstyr: Me er få elevar på skulen og har god plass rundt oss både ute og inne. Ein del inventar, som vanlege tavler og hyller, kjøleskap og tørkeskap er mogne for utskifting.

Digitalt utstyr: Me har digitale tavler i alle klasserom, men nokre av desse byrjar bli litt slitne og lite samarbeidsvillige. Alle elevane har pc.

Elevrådet: Det er elevar frå 4.-7. trinn som sit i elevrådet. Dei har fått gjennomgang av elevundersøkinga og uttalt seg om denne. Elevrådet har arrangert karneval. Elevrådsmøta har diverre ofte blitt utsette pga. mangel på personale.

FAU: FAU har uttala seg i dei saker som har kome til dei. Dei har mellom anna sendt inn uttale til Kvam herad sin trafikksikringsplan. FAU har i tillegg vore med og arrangert julegraut i samband med julefest på skulen, og laga bål og kokt kakao til lyktefesten i gapahuken. Klassekontaktane har arrangert sosiale aktivitetar på ettermiddagstid i dei ulike gruppene.

Norheimsund skule

Tilsette

Skulen har godt kvalifiserte lærarar og fagarbeidarar, og ein miljørettleiar. Frå 29. mars var det tilsett miljørettleiar nr. 2. Me har merkantil i 50%, to avdelelingsleiarar og rektor. Helsesjukepleiar har kontordag tre dagar i veke og PPT har ein kontordag annankvar torsdag. Det har i periodar vore høgt fråvær dette skuleåret, og det er ikkje lett å få tak i kvalifiserte vikarar.

Prosjekt

LeseLarm er namnet på leseprosjektet til skulen i år. Leseaksjonen vart gjennomført i vekene 11, 12 og 13. Dert var ulike leseaktivitetar ute og inne for alle elevane frå 1. – 7. trinn. Det var laga eit felles kunstbilete av sommarfuglar som ein del av leseprosjektet.

Psykososialt miljø

Kvar veke har me samling i amfisalen der elevane har ansvar for program. Programmet inneheld felles aktivitetar og individuelle innslag på scena. Her brukar me både basisfag og musikk aktivt. Elevundersøkinga visar at det er høg trivsel på skulen, men me har nokre elevar som ikkje opplever å ha det trygt. Skulen jobbar aktivt og systematisk slik at alle elevar skal ha det trygt og godt på skulen. Miljørettleiarane jobbar med trivselstiltak for at skulemiljøet skal verta trygt for alle. Skulen har TL-leikar til stor glede for elevane. Trivselsleiarane er elevar som har fått kurs i å arrangera aktivitetar. Dei har ansvar for aktivitetar ute og inne i friminutta. Alle får moglegheit til å læra nye leiker og elevane leikar på tvers av trinna.

Fysiske tilhøve/ utstyr

Elevar og tilsette opplever utfordringar når det gjeld inneklima på skulen. Det er for dårleg luft i klasseromma. I nokre rom er det for varmt samstundes som det er for kaldt i andre. Det er utstyr både ute og inne som byrjar å verta slitt. Når det gjeld uteområdet vert utstyret nytta av barn og unge på fritida, noko som fører til auka slitasje.

Digitalt utstyr

Elevane på 3. – 7. trinn har frå hausten 2022 hatt tilgang til kvar sin PC. Elevane på 1. og 2. trinn har Ipad. Frå skuleåret 23/24 skal 2. trinn få kvar sin PC. Det er digitale tavler i alle klasserom, men fleire av dei trengst å skiftast ut. Skulen bruker ulike digitale nettressursar på alle trinn.

Elevrådet

Elevrådet har møte kvar månad. Dei har sendt uttale til Trafikksikkerplan i haust. Leiar og nestleiar i elevrådet er og medlemmer i skulemiljøutvalet.

FAU

FAU har jobba aktivt for å få på plass gapahuk nr 2 i Orrehaugen. Denne er no på plass, og skulen har eit flott uteområde til lek og undervisning.

Øystese skule

Tilsette

Øystese skule har om lag 30 årsverk som er fordelt på 36 tilsette. Utanom lærarane, som alle er faglærde, har skulen fagarbeidarar/assistentar, 2 avdelingsleiarar, 2 miljørettleiarar, helsesjukepleiar og rektor.

Prosjekt

Me vil også i år nemna «Venskapsveka», eit tverrfagleg opplegg på tvers av trinna. Det overordna temaet er som vanleg positiv samhandling og venskap. Eitt av utrykka frå veka vert eit felles kunstprosjekt. I år vert den presentert i kantina. Elles kan me nemna «Biblis» som er namnet på skulebiblioteket vårt som har fått eit løft dei siste åra. Biblioteket vart i mars kåra til årets bibliotek i Vestland fylke.

Psykososialt miljø

Elevundersøkinga fortel at dei fleste er nøgde med å vera elevar ved Øystese skule. Likevel har me framleis ein del som melder at dei tidvis vert mobba, så me har eit viktig arbeid å gjera. Me arbeider målretta med dette. Akkurat no held me på med gode kartleggingar av skulemiljøet slik at me kan setja inn eigna tiltak. Avdelingsleiarane arbeider tett saman med lærarane på trinna. Det psykososiale miljøet er eit tema på lagmøta kvar veke. I friminutta er ein del av aktiviteten organisert gjennom trivselsleiarar. Trivselsleiarane er elevar som er kursa i å arrangera aktivitetar.

Fysiske tilhøve/ utstyr

Øystese skule har mangel på høvelege rom; både ein del spesialrom, møterom, og grupperom. Me veit at ei større oppgradering er på gong. Uteområdet vårt er litt på «vent» på grunn av ei komande ombygging. Det er viktig at skulen etter rehabilitering vert bygd stor nok til fleksibilitet i skulekvardagen.

Digitalt utstyr

Alle klasserom har elektroniske tavler. Elevane frå og med 3. klasse har eigen PC. Me ynskjer å utstyra 1. og 2. trinn med ipad.

Elevrådet

Elevrådet har jamlege møte, om lag kvar 2. veke. Elevundersøkinga viser at våre elevar meiner dei vert høyrde. Slik har det ikkje alltid vore. Utanom å vera med å påverka, er ei viktig oppgåve for elevrådet å arrangera elevkveldar. Elevkveldane er for elevar på mellomtrinnet.

FAU

FAU har jamlege møte. Dei ynskjer å bidra i arbeidet med eit betre skulemiljø. Det siste året har FAU også vore engasjerte i arbeidet kring skisseprosjektet av ny Øystese skule. SU hadde i februar eit møte. Brukarundersøkingane skulen har vore med på, var ei av sakene. Skisseprosjektet av nye Øystese skule vart også presentert.

Ålvik skule

Tilsette

Ålvik skule har litt over 7 årsverk fordelt på lærarar og barne- og ungdomsarbeidarar. Frå april har me i tillegg hatt miljørettleiar i 40 %. Det har vore eit år med stort sjukefråvær, og lite tilgjengelege vikarar. Etter at me lyste ut ledige vikarstillingar i januar, fekk me likevel på plass meir varige løysingar. Me har også fått låna ein tilsett frå Øystese skule for å skapa mest mogleg stabilitet.

Psykososialt miljø

Elevundersøkinga gjennomført i november 2022 viser at elevane våre stort sett trivst. Likevel ser me stader der me treng å ha ekstra fokus på trivsel og læringsmiljø.

Tre dagar i veka har me trivselsleiarar blant elevane som legg til rett for god aktivitet i storefri.

Me arbeider kontinuerleg for å skapa eit trygt og godt læringsmiljø, og øver oss stadig på å bruka dei rutineane som høyrer til. Tilsette bruker også tid på å gjennomgå digitale kompetansepakkar knytt til dette temaet.

Fysiske tilhøve/ utstyr

Me har ein fin skule, med stort sett gode fysiske tilhøve. Me har i løpet av året fått lagt nytt tak på gymsalbygg, i tillegg til nytt overbygg ute langs veggen ved hovudinngang. Skulen har tidlegare mangla eigna rom for sløydaktivitetar, men no har me snart dette på plass i uteboden vår. Elles er deler av leikeplassutstyret vårt snart 25 år gammalt, og treng fornying. Dette gjeld først og fremst det store huskestativet med seks disser på. Leikeplassen er mykje i bruk også på ettermiddag og kveld.

Digitalt utstyr

Alle klasserom har digitale tavler som er i mykje i bruk. Frå og med 5. trinn har alle elevar kvar sin PC tilgjengeleg. 1.-4. trinn har tilgjengelege nettbrett.

Elevrådet

Elevrådet har fått orientering om resultat etter foreldreundersøkinga og elevundersøkinga. Dei hadde god refleksjonar, og undra seg litt over at elevundersøkinga og foreldreundersøkinga vise litt ulike resultat. Dei har arrangert ein elevkveld, med hjelp av FAU. Leiar og nestleiar i elevrådet har også delteke på møte med samarbeidsutvalet, og dette resulterte i eit brev frå elevrådet til heradsstyret. Tema var mangel på eigna sløydrom.

FAU

FAU har hatt to møte, med gjennomgang av resultat av elevundersøking og foreldreundersøking. Dei har også vore aktive i arbeidet med å skaffa midlar til nytt sløydrom, som no snart er på plass. Dei hadde også ønske om innlegg på foreldremøte med tema om foreldre som rollemodellar. Dette vart gjennomført i mars, med innlegg frå utekontakt i tillegg til skulehelsetenesta.

Kvam ungdomsskule

Tilsette

Skulen har i alt 40 tilsette. 30 av desse er lærarar, inkludert 1 rådgjevar. Me har fire assistentar/fagarbeidarar og to miljørettleiarar (frå 12. mai). I admisninstrasjonen er det tre avdelingsleiarar, merkatil og rektor. Det har vore eit år prega av eit stort sjukefråver og mangel på kvalifiserte vikarar.

Prosjekt

Kvam ungdomsskule har mange lærarar som brenn for god undervisning og lagar spennande opplegg for elevane, og vidarefører prosjekt som me er nøgde med, mellom anna leseprosjekt på 8. trinn samt berekraftvekene og juniorforskaren for 9. trinn. Vinterfesten vart arrangert på før-korona- vis, og vart ein suksess denne gangen og.

Psykososialt miljø

Me ser at me har ulik trivsel på skulen vår. Me har framleis elevar som vegrar seg for å gå på skulen, og dette er ulikt fordelt på trinna. Godt samarbeid med alle involverte partar har tryggja mange elevar til ein føreseieleg skulekvardag. Nærvær av hjelpetenestene på skulen gjer samarbeidet godt og føreseieleg. Det har dette året vore fokus og bruk av aktivitetsplan i samband med skulemiljøsaker. Miljørettleiar og helsesjukepleiarar har med sitt arbeid bidrege til samtalar med einskildelevar, tid i klassane, og aktivitetar. Dette har vore avgjerande for læringsmiljøet til elevane. Me jobbar aktivt med trygt og godt skulemiljø, og me ser at det systematiske arbeidet med rasisme, mobbing og rusførebygging er noko me alltid må ha fokus på.

Fysiske tilhøve/ utstyr

På ein skulen vår vil det alltid vera behov for oppgraderingar og vedlikehald. På lista vår har me desse punkta:

- Tak over amfiet er framleis ikkje realisert.
- Bilane er framleis på parkeringsplassen.
- Dårleg luft i nokre klasserom (formidlingsromma og nokre klasserom).
- Det er behov for møblar i kantina.
- Behov for vedlikehald (måling) og vasking av vindauge utvendig.

Det er positivt at skogen på framsida er fjerna, på baksida er skogen fjerna, men det er framleis behov for opprydding.

Digitalt utstyr

Dette året har skulen supplert med pc-ar til elevane. Det er behov for fleire skjermar på ein del rom.

Det er behov for nye pc-ar til nye 8. klassingar kvart år. Me har ustabilt elevnett i nokre rom, men det vert det jobba med for tida.

Elevrådet

Har møte ein gong i månaden der miljøretteleiar på skulen er med. Elevrådet driv elevkantina. Dei skipar til ulike trivselstiltak gjennom skuleåret. Meir jobbar for å få eit endå meir aktivt elevråd.

FAU

Møte på kvart trinn i haust, med vanlege saker på starten av skuleåret og innlegg frå utekontakt og miljøretteleiar.

På foreldremøte i vår hadde me tema skulemiljø og miljøet på fritida. For 8. trinn var det berre foreldre, medan det på dei andre trinna var det også elevar med. Her avveik me frå foreldremøteplanen, då me hadde behov for å setja fokus på skulemiljø, fritid, rus, samhandling mellom heim-skule og mellom heimane. Me opplevde uro kring desse tema på skulen. Det var gode møte. FAU var aktivt med i planlegginga av desse møta.

Det er behov for å gå gjennom og justera årshjulet for FAU for Kvam ungdomsskule. Det har ikkje blitt gjort i år.

12. Konklusjon

Tilstandsrapporten skal gje eit oversiktleg bilete av situasjonen i skulane i Kvam, både det me er nøgde med, og det me bør forbetra.

På grunn av endringar i reglane for kva resultat som vert offentleg, er det diverre ikkje same tilgang til å sjå resultat. Skuleeigar ser ulempene, og utfordringane er meldt til Utdanningsdirektoratet. I tillegg startar måling over tid på nytt frå 2022, noko som gjer at resultat på nasjonale prøvar ikkje utan vidare kan samanliknast med tidlegare år.

Me er nøgde med at skulane har mange gode resultat på nasjonale prøvar og i elevundersøkinga, men det uroar at det er for store skilnader frå år til år, mellom skulane og mellom klassar i same skule. Tilsette har jobba med Udir sine kompetansepakkar innan trygt og godt skulemiljø. Det vert jobba med å forbetra det systematiske arbeidet, men det krev tid å få det implementert.

Forfasen i Oppfølgingsordninga har vore eit høve til å sjå nærare på eigne utfordringar. Ut frå dette arbeidet er det no klart kva tiltak som skal setjast i verk i gjennomføringsfasen.

Skulesektoren ynskjer å ha fokus på fylgjande neste skuleår:

- Trygt og godt skulemiljø
- Ordinær undervisning
- Leiarstøtte

Trass i at pandemien er over, har også dette vore eit krevjande år for skulane. Særleg ved enkelte skular har det vore store utfordringar med å skaffa vikarar, og at det har vore fråvær også i skuleleiinga på rektor- og skuleeigarnivå. Dette er krevjande både for elevvar tilsette og leiing. Tilsette har strekt seg langt for at elevane skal få eit så godt opplæringstilbod som mogleg.

Målet vårt er at alle tilsette, elevvar, føresette og innbyggjarar skal kjenna Kvammaskulen som ei eining. Kvammaskulen treng samarbeid mellom elevvar, tilsette, føresette, skuleleiing, administrativ og politisk leiing for å dette til.

Fra: Roald Breistein[]
Sendt: 15.08.2023 15:05:00
Til: Kvam herad;Kvam
herad[postmottak@kvam.kommune.no;politisk.sekr@kvam.kommune.no]
Kopi: tornes[tornes@kvam.kommune.no];Hestthamar,
Anita[anhe@kvam.kommune.no];gjermund@nlth.no[gjermund@nlth.no];
Tittel: Reglement for kontrollutvalet for valperioden 2023 - 2027

I tråd med kommunelova § 5-13 skal det fastsetjast reglement for folkevalde organ for tidsperioden som organet er oppretta for.

Kommunelova § 5-13 lyd slik:

§ 5-13.Reglement for folkevalgte organer

Folkevalgte organer skal ha et reglement som fastsetter

- a. organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet
- b. tidsperioden som organet er opprettet for
- c. eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet.

Plikten etter første ledd gjelder ikke representantskap og andre styringsorganer for interkommunalt politisk råd, representantskap og andre styringsorganer for kommunalt oppgavefellesskap og styre for kommunalt eller fylkeskommunalt foretak.

I Vestland fylkeskommune er det sett i gang ein prosess med å utarbeide reglement for alle politiske utval for neste valperiode med tanke på handsaming i konstituerande fylkesting i oktober 2023.

Dersom kommunen er i gang med å revidere sine reglement, og det er tenkt vesentlege endringar i reglementet som gjeld for kontrollutvalet, er det fint om vi kan få tilsend utkast for gjennomsyn med tanke på å komme med innspel, før det vert handsama politisk.

Med helsing

Roald Breistein
seniorrådgjevar

sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 97 50 51 52
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.